

Årsrapport 2010

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhold

Kapittel 1 - Om embedet	Side 4
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 8
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 14
Kongehuset	Side 14
Miljøverndepartementet	Side 14
Landbruks- og matdepartementet	Side 22
Kunnskapsdepartementet	Side 34
Statens Helsetilsyn	Side 49
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 53
Justis- og politidepartementet	Side 59
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 63
Arbeidsdepartementet	Side 66
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 69
Samferdselsdepartementet	Side 83
Utenriksdepartementet	Side 83
Kulturdepartementet	Side 83
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 84
Andre	Side 87
Endringer i årsrapporten	Side 88

Embete:

Læring og tilsyn

Eg har bladd i gamle papir og funne ei gild formulering frå kommuneøkonomiproposisjonen i 2001: "En forutsetning for modernisering og effektivisering av kommunal sektor er at den statlige detaljstyringen reduseres og at kommunen blir gitt større muligheter for selvstendig prioritering og valg tilpasset lokale forhold."

Difi starta i fjar ein gjennomgang av uavhengig myndigheitsutøving. Dei prøver å kartlegge avstanden mellom den normative modellen for myndigheitsutøving og art og omfang av forvaltningsorgan. Dei slår fast at den faktiske forvaltningsutviklinga har medført at fleire organ har fått ei uavhengig stilling i høve til den politiske leiinga.

Difi si kartlegging i departementa syner *"som et relativt gjennomgående trekk at underliggende organers uavhengighet ikke er klart regelfestet"*.

Det er altså gradvis blitt ein endra styringsmodell der fleire organ har fått ei uavhengig stilling i høve den politiske leiinga. Samstundes er det gjennomgåande ikkje klare nok reglar for kva dei har høve til.

Statsvitar Øyvind Østerud som leia den andre norske maktutgreiinga, peikar på at tilsyna spelar ei stadig større rolle i forvaltinga. Endringa skjedde særleg på 1990-tallet. - Ulike tilsyn har fått ein domstolliknande karakter der dei tolkar eit lovverk, seier Østerud. Og han legg til: - Der politikarane før dreiv med direkte styring, er det nå dei statlege tilsyna som har fått ein viktigare rolle.

Fylkesmannen rapporterer til tolv departement og fleire direktorat og tilsyn. Der blir det lagt auka vekt på tilsyn – dei fleste i høve kommunale organisasjonar. I 2010 har vi utført 100 tilsyn retta mot det kommunale systemet. Metodikken som blir nytta er ulik.

Eg er oppteken av at tilsyn skal bidra til læring og endring hos tenesteytarane. Gode læringsprosessar handlar om mål, korrigering, rettleiing og ros. Det er få som trur at påpeiking av avvik åleine gir varig læring. Dei fleste tilsynsutøvarane har likevel avvik som si rettesnor.

Eg trur modernisering og effektivisering av kommunal sektor handlar om medvitne og lærande organisasjonar. Men det startar hos dei folkevalde. Det er dei som lagar lovene, gir høve til forskriftsstyring, krev tilsyn og vektlegg avvik. Og det er dei som burde prioritere og seie kva dei vil vere opptekne av i si oppfølging.

Men noko blir borte på vegen fra Storting via departement via direktorat og/eller tilsyn

via fylkesmenn til kommunane. Sjølve lærings- og utviklingsprosessen blir på vegen avløyst av eit fokus på å finne avvik. Direktorat og tilsyn er i mindre grad opptekne av korleis vi som underliggende organisasjonar skal bli betre. Dei er opptekne av styring, risikovurdering, rapportering og at dei kan syte for å møte kritikk med avviksrapportering.

Den normative modellen fungerer truleg i avgrensa grad. Eg trur ikkje Stortinget primært er opptekne av avvik. Eg trur Stortinget er meir opptekne av at forvaltinga er lærande organisasjonar.

Eg trur både folkevalde, stat og kommune bør ha læring som rettesnor. Det er forbeting som gir framgang og utvikling. Eg trur vi kunne ha redusert den statlege detaljstyringa ved at kommunane blir gitt større mulegheiter for sjølvstendig prioritering og val tilpassa lokale forhold. Eg trur det er for mange direktorat og tilsyn som utviklar tunnelsyn for sine fagområde. Heilskapssynet som både Storting og regjering skal stå for, har skrinne vilkår i eit direktorat.

Truleg ville kommunane fungere betre som tenesteleverandørar om vi fekk bidra til modernisering og fornying i staden kontroll og tilsyn. I det minste burde alle tilsyn ha høve til samstundes å gi rettleiing.

Da kunne vi markere 10-årsjubileet for kommuneøkonomiproposisjonen med: Ja, vi vil fornye og modernisere! Ja, offentleg sektor vil stå fram også som ein lærande organisasjon!

Leikanger, 25. februar 2011

Oddvar Flæte

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Folketalet veks i fylket

Dei fire siste åra har Sogn og Fjordane hatt auke i folketalet. Folketalet pr. 1.1.2011 var 107 742, ein tilvekst på 662 personar i høve året før. Men folketalsutviklinga i fylket er lågare enn landsveksten, og betyr for dei fleste kommunane ei svakare utvikling av frie inntekter. Innvandring frå utlandet er viktigaste årsaken til folketalsveksten. Vi har ei sentralisering, både internt i kommunane og mot regionsentra på fylkesnivå. Elleve kommunar i fylket hadde i løpet av 2000-talet ein langt sterkare nedgang enn resen av kommunane. Desse kommunane hadde og ein langt sterkare folketalsnedgang enn landet sine 200 periferikommunar i sum.

Med unntak av fire kommunar, har kommunane i Sogn og Fjordane høvesvis mange eldre. Dette skuldast både at folk i fylket lever lenge, og at rekrutteringa av unge vaksne mange stader har gått ned over tid.

(Kjelder: SSB og Fylkesspegel for Sogn og Fjordane: <http://bit.ly/hehNMp>)

Færre Robek-kommunar - høg kommunal gjeld

Ved utgangen av 2010 var to (Vik og Bremanger) av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Dette er det lågaste talet sidan Robek-registreringa byrja i 2001.

I statsbudsjettet for 2010 vart det i gjennomsnitt for kommunane lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på 1 %, som var lik landsveksten. For kommunane i fylket vart veksten i skatteinntekter noko lågare enn for landet. Auke i rammetilskotet i året gjer til at kommunane i fylket får meir i frie inntekter enn det som opphavleg var budsjettet. Føreblese tal for utgiftsveksten ligg noko over det som vart lagt til grunn i kommunane sine budsjett. Langsiktig gjeld i høve inntektene ligg over landssnittet. Eit lågt rentenivå og ein positiv utvikling i verdipapirmarknaden, har bidrige positivt til kommuneøkonomien

Elevar i landstoppen

Resultata frå eksamen i grunnskulen våren 2010 viser at elevane i Sogn og Fjordane held seg i landstoppen når det gjeld resultat både i engelsk, matematikk og norsk. I norsk sidemål er dei heilt i toppen med eit snitt på 3,7 der det nasjonale snittet er 3,3. Elevane som var oppe til eksamen i engelsk har eit snitt på heile 4,1, berre skulane i utlandet scorar betre. Landssnittet i engelsk er på 3,8. I norsk hovudmål var snittet i fylket 3,6, medan landssnittet var 3,5. I matematikk er tala 3,5 for Sogn og Fjordane og 3,2 for resten av landet.

Grunnskulepoeng kan sjåast som eit samla mål for alle elevane sine karakterar i fag ved avslutninga av grunnskulen. Ved utrekninga av grunnskulepoeng vert alle talkarakterane i faga summerte, både eksamen og standpunkt. Summen vert deretter delt på tal karakterar. Avgangselevane frå Sogn og Fjordane scora i snitt 41,3 poeng, medan landsgjennomsnittet er 39,9 poeng.

Når det gjeld nasjonale prøver, ligg Sogn og Fjordane på eller over landsgjennomsnittet i alle prøvene. Spesielt godt gjer ein det i rekning der elevane i både 8. og 9. klasse ligg heilt i landstoppen saman med Oslo.

Utfordringar i barnevernet

Sogn og Fjordane er det fylket som har færrast tilsette pr. barn i den kommunale barneverntenesta. Rapportar frå kommunane syner at fleire slit med å gjennomføre lovpålagde oppgåver. Auken i ramma til kommunane i 2010 gav få nye stillingar i det kommunale barnevernet i vårt fylke. Øyremerka midlar for 2011, vil gje ei styrking på 7,75 årsverk i den kommunale barneverntenesta i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen har hatt stor merksemd på utfordringane i barnevernet, og har løyvd skjønsmidlar til å utgreie interkommunalt samarbeid om barnevern. Tolv kommunar er no i gang med å utgreie interkommunalt barnevern.

Auka vekt på bygde- og næringsutvikling

Med stadig færre sysselsette i landbruket, er det svært viktig å også legge til rette for generell bygde- og næringsutvikling. Om lag 25 % av folket her i fylket bur på ein landbrukseigedom, men berre ein del av desse er i sjølvstendig drift. Bygdeutvikling må ha ei brei tilnærming, og skje i samarbeid med både offentleg aktørar, næringslivet, kunnskapsmiljø og lokalsamfunna. Utviklinga på bygdene heng saman med den generelle utviklinga i kommunen og kommunesentra, arbeidsplassane er ofte basert på pendling, og lokale trivselstiltak som fremjar bulyst er viktig.

Kommunale planar

Planarbeidet i fylket vart i 2010 prega av at plandelen av plan- og bygningslova trådde i kraft 1. juli 2009 og at bygningsdelen trådde i kraft 1. juli 2010. Vi gjennomførte i samarbeid med fylkeskommunen kursopplegg for kommunane både i 2009 og i 2010. Kommunane fekk også opplæring i den nye naturmangfaldlova i 2010. Opplæringa vil halde fram i 2011.

Fylkesmannen fekk 676 saker til fråsegn frå kommunane i 2010. Dette er det høgste talet saker vi har hatt. Fylkesmannen brukte motsegn til 21 kommuneplanar/-delplanar eller reguleringsplanar. Dei aller fleste motsegnene finn si løysing lokalt. Etter 2005 er det berre ei sak som måtte sendast vidare til endeleg avgjerd hjå politisk leiing i Miljøverndepartementet. Denne saka vart oversendt i 2010 og ligg framleis til slutthandsaming i departementet.

Fylkesmannen 2010 og medarbeidar- og kommuneundersøkinga

Som ein del av arbeidet med prosjektet Fylkesmannen 2010, har Fornyings-, administrasjons – og kyrkjedepartementet i samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT gjennomført både medarbeidarundersøkingar i fylkesmannsembeta og ei undersøking av korleis kommunane oppfattar Fylkesmannen. Medarbeidarundersøkinga synter at våre medarbeidarar i svært stor grad er nøgde med oppgåver og arbeidsmiljø. 92 prosent formidla at dei er nøgde med jobben sin og kan tilrå andre å søkje jobb hjå oss. Like mange sa at dei har eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Samstundes meinte 17 prosent at arbeidsbyrden er for stor, og dette vert følgt opp ved å sjå nærmere på fordeling av arbeidsoppgåver og i medarbeidarsamtalar med den enkelte.

Ordførarar og rådmenn var målgruppe for kommuneundersøkinga. 94,4 prosent av dei meiner at kommunikasjonen med Fylkesmannen er prega av tillit og at vi har god kunnskap om lokale tilhøve i fylket. På fleire område fekk vi best resultat blant alle fylkesmannsembete. Til dømes fekk vi 5,4 av seks poeng for tilgjenge, medan landssnittet var 4,9. Undersøkinga synter at 83,3 prosent av kommunane ser plansaker etter plan- og bygningslova som den største utfordringa i tida framover, og det er innan planfeltet flest ordførarar og rådmenn opplyser at dei har mest kontakt med Fylkesmannen. Kommunane melder om størst rettleatingsbehov innan planfeltet, kommuneøkonomi og kommunal jus.

Vi har drøfta kommuneundersøkinga med KS-leiinga, og formidla resultat frå undersøkinga via heimesidene våre: <http://bit.ly/aXkwjQ> Som ei oppfølging av kommuneundersøkinga har vi hatt ein gjennomgang av korleis vi framover kan arbeide meir overordna med rettleiling og opplæring i høve kommunalt planarbeid. I 2011 vil vi prioritere å nytte meir ressursar til opplæring og rettleiing til kommunane.

Plankompetanse, kommunedialog og leiarutvikling

I 2010 gjennomførte vi tre embetsprosjekt, som er særskilte satsingsområde med involvering frå fleire avdelingar:

Styrking av plankompetansen i kommunane

I dette embetsprosjektet hadde vi deltaking frå KS og fylkeskommunen. Prosjektdeltakarane har utarbeidd eit dokument som systematiserer dei mest sentrale nasjonale krava og forventningane til kommunane på planfeltet. Det er gjennomført to undersøkingar for å kartlegge kommunane sin kapasitet, kompetanse og opplæringsbehov, og prosjektet munna ut i etablering av eit opplæringsstilbod i planarbeid for kommunane ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Denne opplæringa skal gjennomførast i 2011.

Samhandlingsformer for varig læring i kommunane

Utgangspunktet for prosjektet er at ein stor del av arbeidet vårt handlar om å bidra til å sikre kvaliteten på kommunale tenester. Målet med prosjektet har vore å utvikle verkemiddel og metodar for samhandling med kommunane, som saman med tilsyn kan bidra til læring og betre tenester. Vi har arrangert ein kommunedag med deltaking frå alle avdelingar i embetet, der avdelingane presenterte erfaringar med forbettingsprosjekt og ulike metodar for samhandling med kommunane. Dette er summert opp i eit felles erfaringsnotat. Dette prosjektet vert vidareført i 2011, der vi vil sjå meir konkret på forbeting av tilsynsverksemda vår, vidareutvikle kommunebesøka, vurdere fleire samarbeidsforum med kommunane på ulike fagområde og utarbeide eit opplæringsprogram for nye folkevalde som skal gjennomførast etter kommunevalet.

Intern leiarutvikling

Samstundes med at leiargruppa deltok på leiarutviklingsprogrammet Fylkesmannen 2010, har vi gjennomført eit internt leiarutviklingsprogram for 15 medarbeidarar. Føremålet med leiarutviklinga var både leiertrening og ei auka forståing av embetsoppdrag og rolla til Fylkesmannen. I løpet av fem samlingar drøfta vi tema som leiar- og mellomleiarrolla, tilhøvet mellom sektor og samordning, coaching, motivasjon og gruppeutvikling gjennom medarbeidarskap, vanskelege samtalar og tilbakemeldingar. Tilbakemeldingane på leiertreninga var gode, og vi planlegg ei felles samling hausten 2011 der coaching, konflikthandtering og tilbakemelding som metode for

1.2 Rapportering på ressursbruk

1.2 Rapportering på ressursbruk

Økonomiske forhold hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2010:

Embetet si tildelinga i 2010 over kap. post 1510.01 var på kr 62.861.930,- inkl. kompensasjon for lønsoppgjeret, andre ekstratildelingar samt landsdekkande oppgåver som trippelnett, fri rettshjelp, fagutval kart, elektronisk dokumentutveksling og elektronisk årsrapport. Dette beløpet inneholder også midlar til å redusere restansane etter plan- og byggelova.

Embetet fekk inn refusjon sjukepengar på totalt kr 1.247.749,- samt inntekter teknisk divisjon og trippelnett på kr 982.272,-

Sum tildeling og refusjon over kap. post 1510.01 var på kr 65.091.951,-. Av dette vart kr 64.109.679,- nytta til ordinær drift samt landsdekkande tenester. Embetet hadde eit mindreforbruk på kr 1.626.150,- i 2010.

Mindreutgifta skuldast at embetet har hatt mange vakansar gjennom året. Embetet finansierer ein del av si ordinære drift gjennom inntekter frå andre etatar samt løns-, reise- og overheadrefusjon frå prosjektmidlar. Dette utgjer ca kr 18 millionar eller 25% av ordinære drifta.

Fra 2009 fekk embetet overført kr 2.969.000,- på kap. post 1510.21. Dette fordi vi i 2009 fekk større inntekter enn utgifter i samband med desse prosjekta: Prosjektmidlar frå FAD (EDU-prosjektet), DIFI (rekrutterings- og kompetansenettverket), andre statlege etatar (finansiering av IKT-utvikling), midlar frå BLD (HP universell utforming) og midlar i frå DN (framande skadelege artar). Desse midlane er nytta i 2010.

Samstundes genererte embetet inntekter på kr 28.820.722,- i nye prosjektmidlar i 2010. Av desse vart kr 29.061.920,- nytta. Ved årsskiftet hadde vi ei mindreutgift på kap. post 1510.21 på kr 2.727.803,-. Dette er midlar som vi skal nytte i 2011 til: Handlingsplan mot kjønnslemlesting, informasjon barnevern, handlingsplan for universell utforming, elektronisk dokumentutveksling, plattformprosjektet, sjøfangstregisteret, samiske fellestekstar og samleprosjekt IKT – utvikling.

Departement	Kap1510	Fagdep
Miljøverndepartementet	kr 7 062 908,19	kr 426 331,98
Landbruks- og matdepartementet	kr 10 342 481,94	kr 13 272,00
Kunnskapsdepartementet	kr 2 868 049,61	kr 742 534,44
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 1 306 615,62	kr 41,45
Justis- og politidepartementet	kr 2 579 871,31	kr 30 123,01
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 3 121 381,95	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr -159 197,97	kr 18 359,60
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 4 374 062,94	kr 1 645 006,61
Andre	kr 31 937 522,40	kr 0,00
Sum:	kr 63 433 695,99	kr 2 875 669,09

1.3 Andre Forhold

1.3. Andre forhold

Status handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp

Knutepunktet hadde i 2010 ikkje tilgang på ressursar utover dei som alt var tilsett i innkjøpstenesta til Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Frå januar 2011 har knutepunktet engasjert eigen prosjektleiar, og ressurssituasjonen har betra seg. For arbeidet vårt betyr dette auka aktivitet i 2011 i høve det vi klarte å gjennomføre i 2010.

I 2010 har vi arbeidd med å få på plass felles innkjøpsstrategi. Vi er ferdig med ein mal for innkjøpsstrategi. Malen er lagd slik at alle offentlege verksemder i fylket kan ta denne i bruk med minimale tilpassingar.

Vi ser ei stor utfordring i arbeidet med å gjøre det lokale næringslivet konkurransedyktige i høve store landsdekkande verksemder. Det viser seg i mange konkurransar at dei lokale verksemndene ikkje når opp. Med eit effektivt innkjøpssamarbeid i fylket, tyder dette ofte for bedriftene at dei i lange periodar ikkje får høve til å selje til offentlege etatar i fylket.

I 2010 har vi freista å arrangere 2 konferansar for både offentlege innkjøparar og leverandørar. Den eine konferansen vart ikkje gjennomført grunna låg påmelding. Det er ei generell utfordring for knutepunktet å skape interesse for arbeidet både i næringslivet og i offentlege verksemder. Mykje av arbeidet i starten av 2011, vil dermed dreie seg om profilering av prosjektet.

Styringsgruppa har gjennomført 6 møte i 2010. Det har vore endringar i samansetjinga av styringsgruppa. Bjørnar Karlsen frå KS og Geir Svendsen frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er gått ut av styringsgruppa. Arve Klokk er ny representant frå KS medan Jorunn Felde er ny representant frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Tildelinga i 2010 er nytta slik:

Møteverksemd: 10.000,-

Lønnsrefusjon for leiar av styringsgruppa: 40.000,-.

Miljøtiltak:

Vi vart sertifisert som Miljøfyrtårnbedrift i februar 2010.

Vi deltok ei ein prosjekt som hadde som mål å få på plass ein pendlarbuss mellom Luster, Sogndal og Leikanger. Pendlarbussen starta 1. mai. Utfordringa no er å få tilstrekkeleg mange tilsette til å nytte tilbodet samt ha gode og rimlege parkeringstilhøve for dei som køyrer deler av vegen.

Vi har tidlegare registrert koleis tilsette reiser til og frå jobb. På grunna at sjukefråver har vi ikkje gjennomført desse undersøkingane i 2010.

Brukarundersøkingar:

Desse er kommentert under punkt 1.1 Tilstanden i embetet og fylket - generelt.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornying av offentleg sektor

Fylkesmannen har i 2010 lagt vekt på å samordne fagområde og oppgåver der dette har vore naudsynt. I året som har gått har vi hatt særleg merksemd på kommunedialog, kompetanseutfordringar i kommunane og oppfølging av kommuneundersøkinga . Resultata frå kommuneundersøkinga er publisert på heimesida vår: <http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=472&amid=3454655>, og oppfølging av undersøkinga vart drøfta i møte med leiinga i KS Sogn og Fjordane. Vi har gjennomført embetsprosjektet Samhandlingsformer for varig læring i kommunane, med deltaking frå fleire avdelingar og med innspel frå KS undervegs. I prosjektet har vi sett på verkemiddel og metodar, som saman med tilsyn kan bidra til læring og betre kommunale tenester.

Vi har hatt eit godt samarbeid med fylkeskommunen, m.a. gjennom felles leiarmøte med fylkesordførar og fylkesrådmann annakvar månad. I samarbeid med fylkeskommunen, NAV, høgskulen og fylkesmannen er det utarbeidd ein felles nettstad for løpende statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket, Fylkesspegele.

http://www.sj.no/cmssff/cmstpublish.nsf/pages/Statistikk_og_analyse

Vi har mål om å gjennomføre dialogmøte med alle dei 26 kommunane i fylket i løpet av ein valperiode. I 2010 gjennomførte vi åtte slike kommunebesøk.

Fornying og omstilling er eit prioritert område. Vi har informert om prosjekt som er tildelt skjønsmidlar til fornying via heimesida og i konferansar og møte med kommunane. Det vart løyvd midlar til 22 fornyingsprosjekt i 2010. Dei fleste prosjekta er samarbeid mellom fleire kommunar, og prosjekt der alle kommunane i fylket deltek. Vi ser mange positive effektar av skjønsmidlane som vert løyvde til kommunale fornyingsprosjekt. To fornyingsprosjekt retta mot utvikling av kommunane sine nettstader, har gitt svært positiv utteljing i Difi si kvalitetsvuderering. Medan våre kommunar i 2008 i snitt nådde 41 prosent av total poengsum, vart dei etter prosjektgjennomføring i 2010 nest best i landet med eit snitt på 73 prosent av total poengsum. Vi informerer løpende om arbeidet med fornying og omstilling på heimesida vår: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=45410>

Embetsleiinga hadde to kontaktmøte med leiinga og sekretariatet i KS i 2010.

Vi har hatt fleire møte på leiarnivå med NAV i 2010. Leiinga i helse-, sosial- og justisavdelinga har hatt møte med leiinga i NAV om planlegging av kompetansetiltak og leiarsamlingar for NAV-kontora.

Vi gjennomførte eitt møte med leiarane for dei regionale statsetatane i april, der tema m.a. var nyskaping og samarbeid med næringslivet, rekruttering og kunnskapsdeling gjennom auka bruk av videokonferansar og streaming av møte/konferansar.

I januar 2010 hadde vi fellesmøte for fylkesberedskapsråda i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Første dag var vi innom tema som kraftforsyning, øvingsutvalet, klimaendringar og samfunnstryggleik, store fjellskred og pandemi. I tillegg hadde vi besøk av 330-skvadronen i Florø, og RITS-gruppa i Ålesund. Andre dag hadde Statens Strålevern eit atomberedskapsseminar/øving, der dei mellom anna orienterte om kvifor vi har ein atomberedskapsorganisasjon i Noreg. Siste del av dagen fekk fylkesberedskapsråda øve på ulike problemstillingar i grupper.

Vi har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representert. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane og å samordne Fylkesmannen sine tilsyn med andre tilsynsetatar. Tilsynsgruppa har minimum eit møte per halvår. Vi legg ut tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar på nettsida vår. Ein gong per halvår sender vi brev til alle kommunar med oversyn over tilsyn, forvaltningskontrollar, rettleiingsmøte og andre møte med kommunane, med kopi til Mattilsynet og Arbeidstilsynet.

2.2 Velferd, helse, personleg tenesteyting og likestilling

Fylkesmannen har utført oppgåver på dette området i samsvar med embetsoppdraget. Korleis oppgåvene er utført

er nærmere skildra under rapporteringa på dei ulike resultatområda.

Dei kompetansemessige, personellmessige og demografiske utfordringane som ligg i Omsorgsplan 2015 og samhandlingsreforma er formidla på fleire måtar til aktuelle målgrupper.

Samhandlinga er teke opp på ulike måtar. Innanfor helsetenesta er det helseføretaka og kommunanen som har ansvaret for samhandlinga. Helseføretaka får sine styringssignal i eigarlina frå Helse og omsorgsdepartementet, og Fylkesmannen sin rolle fram til no har vore liten. Fylkesmannen vil i 2011 arbeide med å utforme ein plattform der vi kan spele ein aktiv rolle for å hjelpe kommunane i omstillingssprosesen i høve til samhandlingsreforma. Vi skal vere arenaskapar og hjelpe kommunane med utarbeiding av samarbeidsavtalar med helseføretaket.

Alle kommunar fekk etablert NAV-kontor innan utgangen av 2010. Oppgåver kommunane har lagt til NAV varierer. Fylkesmannen har saman med NAV Sogn og Fjordane vore aktive med å ta i bruk Kvalifiseringsprogrammet i NAV. Det er positivt å sjå at dei fleste kommunane har nådd måltala eller har fleire i programmet. Heile fylket har nesten nådd måltalet.

Tilsyn med økonomisk sosialhjelp vart gjennomført med fire tilsyn som var målkrevet.

Tilsyn med helse og sosiale tenester til eldre er gjennomført i nært samarbeid med helsetilsynet i fylket.

Opptrappingsplan på rusfeltet har ført til at dei fleste kommunane i fylket har søkt om midlar til stillingar på rusfeltet. Dei fleste søkerne vart også stetta og totalt vart det ytt tilskot til 18 stillingar. Det har her vore eit nært samarbeid med oppgåvane kring bustadsosialt arbeid og barnefattigdom. Desse tema har vi hatt oppe på fagsamlingar og på leiarsamlingar i NAV.

Innan området utanomrettsleg økonomisk rådgjeving, har vi gitt opplæring og med hjelp frå innleigd rådgjevar gitt rettleiing til NAV-kontora.

Oppfølging og rettleiing av kommunane når det gjeld likestilling

For å bli meir målretta i høve det eksterne oppdraget, har Fylkesmannen gått igjennom årsmeldingane til kommunane i fylket og vurdert kva kommunar som treng ei særleg rettleiing i høve aktivitets- og rapporteringsplikta, jf. krav til kommunane som vert lagt til grunn i rapporten ”Tre år med kontroll av kommuners likestillingsredegjørrelser” frå Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO). Vidare har Fylkesmannen hatt dialog med LDO om krava til kommunane si tiltaksrapportering i høve etnisitet m.v. og nedsett funksjonsevne.

2.3 Oppvekst, barnehagar og utdanning

Barnevern

Meldingar til barnevernet ligg på same nivå som førre året, men barn på hjelpetiltak har auka med ca. 7 %. Fleire kommunar har vanskar med å halde tidsfristane og å ha planar for det enkelte barn.

Statistikken syner at tilsette i barnevernet pr. barn er lågast i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen har hatt fokus på dette i kontakten med kommunane men det var likevel få nye stillingar som vart oppretta som følgje av auken i rammeløyvinga som skulle gå til styrking av barnevernet..

Tilsyn med barnverninstitusjonane har vore ei prioritert oppgåve. Det har vore systemrevisjonar ved alle institusjonane og ut frå vurderingar som har blitt gjort, har enkelte institusjonar hatt individtilsyn utover lovkravet.

Det har ikkje blitt ført tilsyn med kommunane, men nokre kommunar har blitt følgje tett opp som følgje av brot på tidsfristar og manglande planar. Desse kommunane har gjennomført tiltak og Fylkesmannen har ikkje funne grunn til å gje noko bot.

Fylkesmannen har saman med fleire aktørar gjennomført prosjektet "Vald i nære relasjonar" der eit av måla har vore å få kommunane til å lage handlingsplan for forebyggande tiltak på området.

Barnehagar og utdanning

Kommunane i fylket kan tilby barnehageplass til alle barn som oppfyller retten til plass, og Fylkesmannen er i dialog med kommunane om kravet til å oppretthalde tilbodet om full barnehagedekning.

Fylkesmannen har ført tilsyn etter barnehagelova § 9 andre ledd med fire kommunar. Tema for tilsynet var kommunane sitt tilsyn med barnehagane, kommunen som godkjenningsmynde og kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen. Fylkesmannen avdekte fire avvik. Meldefrist for retting er respektert.

Fylkesmannen si oppfølging av barnehagelova og rammeplanen for barnehagane blir ivaretaken gjennom ulike former for informasjon, møte, rettleiing og på Fylkemannen sine nettsider. Fylkesmannen i samarbeid med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet arrangerer årleg ein barnehagekonferanse for alle barnehagetilsette og ein styrarkonferanse for leiarane. Kommunane har i det vesentlege tilrettelagt sitt kompetanseutviklingsarbeid regionvis i fire regionar. Fylkesmannen følgjer nøye opp arbeidet. Vi har også i samarbeid med kommunane og høgskulen i Sogn og Fjordane lagt til rette eit samlingsbasert studium med tema "Minoritetsspråklege barn i førskulealder". Tilbodet går til alle tilsette i barnehagane.

På utdanningsområdet vart 40 % av tilgjengelege ressursar på resultatområde 31 og 32 nytta til tilsyn. Dette er ein auke på 9 % i høve 2009. Felles nasjonalt tilsyn vart gjennomført etter planen, og ein valde same tema/opplegg for dei tilsyna som vart gjennomførte hausten 2010, dvs. §§ 9a-3. Val av tilsynsobjekt vart gjort på grunnlag av risikovurdering.

Fylkesmannen arrangerer saman med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet fire årlege møte i samarbeidsorganet "Forum for skule- og barnehageutvikling" og saman med KS tre samlingar for kommuneansvarlege på skule- og barnehageområdet. Partnarskapet i Forum (KS, kommunane, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, høgskulen og Fylkesmannen) arrangerer fire årlege konferansar for skuleeigarar, skuleleiarar, barnehagestyrarar og for barnehagetilsette.

Fylkesmannen har delteke i regional GNIST, og utdanningsdirektøren har vore koordinator for arbeidet. Partnarskapen byggjer på allereie etablerte samarbeidsforsa i fylket.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Planområdet

Fylkesmannen formidlar aktivt nasjonal arealpolitikk og nyttar motsegner og klager mot dei mest alvorlege tilfella. Dei fleste konflikttema vert avklart gjennom synfaring og eventuelt mekling.

Fylkesmannen har i 2010 fått 676 plan- og dispensasjonssaker til høyring frå kommunane. Dette er det høgste talet vi har hatt. Det vart nytta motsegn til 21 planutkast. Det vart sendt ei sak vidare til avgjerd i Miljøverndepartementet i 2010. Vi har påklaga åtte dispensasjonssaker, dei fleste av desse gjeld dispensasjonsvedtak frå byggje-og deleforbodet i 100-metersbeltet.

Vi fekk medhald i alle sakene som vart ferdighandsama av setjefylkesmann i 2010.

Vi fokuserer også på å formidle gode planprinsipp på kommunesamlingar og i samband med kommunebesøk. Dei rikspolitiske retningslinene vert aktivt nytta ved formidling av nasjonal arealpolitikk, likeeins miljødata som i stor grad er allment tilgjengelege over Internett (Miljøstatus, Fylkesatlas og fylkesmannen.no).

Mange kommunar er framleis for lite medvitne om at omsyn til risiko og sårbarheit må vere ein grunnleggjande premiss for alt arealplanarbeidet. På grunn av manglande synleggjering av risiko- og sårbarheitsvurderingar, har vi aktivt nytta motsegn mot kommunale planar. Slike motsegner vert avklart ved at kommunen gjennomfører naudsynte risiko og sårbarheitsvurderingar.

Fylkesmannen er aktiv deltakar i Planforum. Dette er ein nyttig møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommunen og regionale sektorstyresmakter. Fylkesmannen deltek også i Kystsonenettverket. Vi har framleis svært mange byggjesaker som setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland.

Internt hadde vi i andre halvår ein gjennomgang av korleis vi skulle gjere oss sjølve i stand til å kunne arbeide meir overordna med rettleiing, rådgjeving og opplæring innan kommunalt planarbeid. Det er behov for auka personalressursar for å gjere ein god innsats på planområdet. Fylkesmannen har teke dette opp med Miljøverndepartementet.

Jordvern, kulturlandskap og busetnadspolitikk

Vi har ført vidare jordvernstrategien som vart utarbeidd og vedteken i 2009, dvs under det tidlegare Fylkeslandbruksstyret. Det er likevel krevjande å skulle halvere den årlege omdisponeringa av dyrka jord, sjølv om vi ikkje er eit vekstfylke. Vi ligg årleg på ca 500 daa omdisponert jordbruksareal, mykje av dette fastsett i til dels gamle arealplanar. Mesteparten av det nyttbare arealet til både jordbruk, busetnad, vegar og tettstadar er av historiske og topografiske grunnar plassert i same områda i dalbotnane og langs fjordane. Auka rasfare gjer også arealplanlegginga krevjande.

Arbeidet med dei utvalde kulturlandskapene, saman med dei ekstra tiltaka for landbruket i Nærøyfjorden Verdsarvområde, går som planlagt og med god hjelp frå dei involverte kommunane.

Kommunane har hovudansvar for praktisering av lovverk knytt til eigedoms- og busetnadspolitikken. Dei legg i noko ulik grad vekt på buplikt som eit aktivt verkemiddel, og dermed også noko ulik praksis. Nokre kommunar følgjer dette konsekvent og strengt opp, men når slike saker blir sett på spissen er dette krevjande å følgje opp for både kommunane og oss. Ei slik sak vart av eigaren ført fram for domstolane og ligg no i Högsterett.

2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruksforvaltning og bygdeutvikling

Forvaltningsoppgåvene på landbruksområdet går greitt, og vi får generelt god oppfølging frå Statens landbruksforvaltning (SLF). Men vi merkar at ein del av data- og fagsistema er forelda og treng betre oppdatering. Vi har inntrykk av at kommunane gjør ein forsvarleg innsats på forvaltning av støtteordningane og i arealsakene. Etter at fylkeslandbruksstyret vart lagt ned frå 2010 har vi ført vidare den praksis dei hadde, til dømes gjennom jordvernstrategien. Utfordringa komande åra blir å hjelpe kommunane til å få oppdatere dei kommunale planstrategiane og arealplanane.

Vi har ført vidare hovudtrekka i vår fylkesvise strategi for landbruksbasert næringsutvikling, basert på den nasjonale strategien "Ta landet i bruk". BU-strategien blir justert kvart år i samarbeid med faglaga i landbruket, fylkeskommunen, Innovasjon Norge og kommunane. Samarbeidet mellom desse er godt. Det blir stadig færre og større gardsbruk i det tradisjonelle landbruket, men den samla produksjonen held seg relativt godt oppe. Tal gardsbruk har gått ned med 30 % frå omlag 5000 til 3300 dei siste 10 åra, men mengda produsert kjøt, mjølk og frukt og bær held seg nokolunde stabilt. Nedgangen i tal bruk er eit utfordring for distriktslandbruket og for stell av kulturlandskapet, men av omsyn til foredlingsindustrien i fylket er det også viktig å legge vekt på produktvolumet. Jordbruksareal i aktiv drift auka årleg fram til 2001 då det var omlag 480 000 daa, men etter den tid har arealet gått tilbake og er no kring 450 000 daa. Derimot veks skogsareala både for lauv- og barskog, så det har aldri vore så mykje skog her i fylket som no.

Med stadig færre sysselsette i landbruket, er det svært viktig å også legge til rette for generell bygde- og næringsutvikling. Om lag 25 % av folket her i fylket bur på ein landbrukseigedom, men berre ein del av desse er i

sjølvstendig drift. Bygdeutvikling må ha ei brei tilnærming, og skje i samarbeid med både offentleg aktørar, næringslivet, kunnskapsmiljø og lokalsamfunna. Utviklinga på bygdene heng saman med den generelle utviklinga i kommunen og kommunesentra, arbeidsplassane er ofte basert på pendling, og lokale trivselstiltak som fremjar bulyst er viktig.

Skogbruket er på veg opp att etter nedgangen ved finanskrisa. Avverkinga aukar og vi merker også investeringslyst i små og mellomstore sagbruk som satsar på spesialvirke. Siste året har vi gjort ei omfattande kartlegging av behovet for skogsvegar og kartfesta dette digitalt på nettet på fylkesatlas. Vi oppmodar no kommunane til å følgje dette opp gjennom kommunale planprosessar.

Sogn og Fjordane er saman med Hordaland fått i oppdrag å arbeide med økologisk frukt og bær. Prosjektet er kome godt i gang, men det tek tid å byggje opp produksjonen, og på nokre område er det også faglege utfordringar i produksjonen som det må skaffast meir kunnskap og praktiske erfaringar på. Målsettinga om 15 % økologisk produksjon og forbruk innan 2020 synest ambisiøst.

Naturressursforvaltning og miljøvern

Det er gjort ekstra innsats i 2010 for å ivareta naturmangfaldet i fylket. Fylkesmannen gjennomførte fleire kurs og samlingar for kommunane der naturmangfaldlova var tema.

Tida for nye, store områdeværn i Sogn og Fjordane er over. Fokus er no på forvaltninga av områda. Vi har i 2010 arbeidd vidare med utarbeiding av forvaltningsplanar for ulike verneområde. Det har spesielt vore gjort mykje arbeid med forvaltningsplanar for Breheimen, landskapsvernområda Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen samt Bukta fuglefredingsområde.

I 2010 er det gjort ekstra innsats på tiltak mot framande artar. I første omgang er det fjerna plantefelt med gran og hemlokk i naturreservat (edellauvskog) og fjerna gran og andre framande treslag i sjøfuglreservat på kysten.

Fylkesmannen har bidrige til tre prosjekt innanfor "Naturarven som verdiskapar", der vi innan det eine prosjektet ("Kystarven") har ansvar for eit delprosjekt.

Alle kommunane har gjennomført første generasjons naturtypekartlegging, og resultata er tilgjengelege for Fylkesmannen og andre brukarar. Andre generasjons kartlegging er gjennomført i seks kommunar.

Fylkesmannen har hatt fokus på å ta vare på dei ville, anadrome laksefiskane som er under sterkt press. Vi har formidla til DN og MD at det spesielt er stort press på oppdrett i ytre delar av Sognefjorden. Erstatningstala for rovviltskadar viser at 2010 vart det beste året på 2000-talet med ein stor nedgang i skadene. Fylkesmannen betalte ut samla erstatningar på om lag kr 630.000,- i 2010. Hovudårsaka til nedgangen er nok det store uttaket av jerv dei siste to åra. Statens naturoppsyn tok ut fem vaksne jervar på ettermiddagen i Luster, Årdal og Lærdal, i tillegg til dei 11 dyra i 2009 (to jervehi). Vi har prioritert førebyggjande tiltak mot rovviltskader, og vi har eit godt samarbeid med rovviltnemnda, næringa og interesseorganisasjonane.

Vi har delteke på to landsdekkande og ein regional tilsynsaksjon, totalt 25 kontrollar. Det har vore svært mykje etterarbeid med farleg avfall-aksjonen (politimelding). Utanom prioritert deltaking i aksjonar har vi gjennomført 29 eigeninitierte tilsyn, og ein revisjon.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Rettleiing og kontroll i arealplansaker er ei dominerande arbeidsoppgåve ved beredskapseininga. Det er framleis for mange arealplanar der det ikkje vert synleggjort godt nok korleis omsynet til risiko og sårbarheit er tenkt ivareteke. Vi har difor gått til motsegn mot mange planar i løpet av året.

Klimatilpassing er ei viktig del av arbeidet med samfunnstryggleik. Vi har delteke aktivt med leiar og sekretariatshjelp i utviklinga av ein NOU om klimatilpassing. Arbeidet med NOUen har vore ei tung oppgåve, og vart avslutta i november.

Den auka vektlegginga av klimaspørsmål kjem òg til uttrykk i oppfølginga av kommunane si arealplanlegging. Det er etablert som fast rutine at vi i tilbakemeldinga til kommunane ved varsel om oppstart av ein planprosess, ber om at klimaendringar inngår som vurderingstema i ROS-analysane. I fleire av sakene der vi har nytta motsegn har manglande omsyn til klimaendringar vore ein del av grunnlaget for motsega.

Vi gjennomførte i 2010 rettleiingsmøte med sju kommunar. I samband med desse vidareførte vi samarbeidet med DSB, Mattilsynet og politiet. Desse samarbeida har vore nytige for både kommunane, tilsynsorgana og oss.

Vi øvde i 2010 ti kommunar i krisehandtering, og deltok aktivt i øvingsutvalet i fylket.

Vi starta i 2010 opplæring av kommunane i nytt krisestøtteverktøy (CIM), og berre fire kommunar står att.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

Fylket hadde fire kongelege besøk i 2010. H. M. Dronning Sonja var til stades under opninga av Førdefestivalen 8.–9. juli, og på ei markering av byjubileet i Florø 19. august. I tillegg var dronninga med på gjenopninga av Urnes stavkyrkje i Luster kommune 2. september, og ho overrekte Dronnng Sonjas skolepris til Kaupanger skule i Sogndal 2. desember.

00.2 Tildeling av ordener og medaljer

Vi har vidareformidla tolv søknader om Kongens fortenestmedalje i 2010 (alle sølv). Av desse sakene er ni medaljar overlevert i 2010, og ein vil verte overlevert i 2011. To søknader vart avslegne.

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv

01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Fylkesvise verneplaner

Fylkesspesifikke oppdrag: Krakksfjellet (barskog) og Engevik (barskog): Tilrådingar til DN etter lokal og sentral høyring vart sendt 26.5. for begge områda. Engevik NR blei vedteke verna 17.12., mens Krakksfjellet blei utsett for å greie ut om det er mogleg å få til frivillig vern.

Utvila skogvern

Skogeigarlaget arbeider med frivillig vern av to store skogområde, og Fylkesmannen har venta lenge på konkrete tilbod. Så lenge desse prosessane går så tregt, har vi ikkje føreslege fleire frivilligvern-prosessar for Skogeigarlaget. Vi har heller ikkje prioritert arbeidet med vern på statsgrunn, då vi vurderer oppfølging av etablerte verneområde som viktigare. Oppfølging av bekkekloftundersøkinga ventar til registreringsresultata er klare for alle områda.

Det er ikkje OVF-skoglokalitetar som er aktuelle å verne i Sogn og Fjordane.

Nasjonalparkar og større verneområde

Fylkesspesifikke oppdrag:

Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen landskapsvernombanke (lvo), Vigdalen lvo: Framlegg til forvaltningsplan er oversendt DN 22.12.2010 for fagleg godkjenning.

Verdsarvområde i Nærøyfjorden: Sakshandsaminga er stort sett på gang. Skjøtselsplan for Nedbergo er noko forseinka.

Naustdal-Gjengedal lvo og Ålfotbrean lvo: Arbeidet med forvaltningsplanar er litt forseinka frå konsulent, men eit framlegg vil venteleg vere klårt i god tid før lokal forvalting er på plass.

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen lvo: Nye forskrifter og revisjon av forvaltningsplan er forsinka. DN har hatt saka med nye verneforskrifter til handsaming i heile 2010 før oversending til MD.

Nasjonal marin verneplan

Oppdaterte faktaark vert sende til DN 1.september, men det er eit problem at kandidatområda er dårleg undersøkte biologisk (Sogn og Fjordane ligg i ei geografisk blindsone mellom fagmiljøa i Bergen og Trondheim, og marine undersøkingar er kostbare).

Forvalting og naturoppsyn i verna område

Store verneområde (nasjonalparkplanen): Vi er stort sett å jour med sakshandsaming, men det blir for lite tid til oppfølging av saker i ettertid, spesielt saker som gjeld løyve til inngrep.

Små verneområde: Det er også i 2010 gjort mye arbeid med å fjerne gran i verneområda. Det er gjennomført skjøtselsarbeid (luking, hogst og ringbarking) av gran og hemlokk i to reservat, og luking og ringbarking av platanlønn i eitt reservat. Felling av gran og buskfuru er stort sett ferdigstilt i sjøfuglreservata (eitt område, Ramsholmen i Solund, er lagt mellombels til side pga. lokale innvendingar mot å fjerne all skog), men det står att ein del opprydding etter hogsten.

Vi har ikkje fått inn skjema frå ”kommunar med forvaltingsansvar for verneområde” (dvs. Luster kommune), men vi har elles god kommunikasjon med kommunen i områdeforvaltinga.

Forvaltingsplanar

Nasjonalparkplan-områda: sjå "Nasjonalparkar og større verneområde" ovanfor.

Det vart arbeidd med fleire forvaltingsplanar for små verneområde, men ingen vart vedtekne i 2010. Hovudgrunnen er at to av tre sakshandsamarar som jobba med dette var langtidssjukmelde, og at dei to same personane også hadde hovudansvar for og brukte mykje tid på opplæring (både internt og eksternt) i naturmangfaldlova, Naturbase og Artskart. I tillegg måtte ein sakshandsamar bidra noko i handsaminga av plansaker etter pbl pga. vakanse i plangruppa. For fleire av verneområda fann vi også at det var trong for nærmere undersøkingar og konsulentarbeid før planane kunne utarbeidast.

Kartlegging og overvaking av biologisk mangfold

Alle kommunar i Sogn og Fjordane har gjennomført naturtypekartlegging etter DN-handbok 13, og er lagt inn i Naturbasen. Andregenerasjons kartlegging i Flora, Stryn og Luster er ikkje lagt inn pga manglande arbeidskapasitet.

01SO20: I 2010 blei det gjennomført andregenerasjons naturtypekartlegging i Årdal, Lærdal og (delar av) Aurland. Data frå dette arbeidet er ikkje tilsendt frå konsulent enno.

Kartlegging av den utvalde naturtypen "hule eiker" blei gjennomørt hausten 2010, men midlane strakk ikkje heilt til for å få kartlagt alle viktige område i fylket.

01SO21: Kvalitetssikring av vilstdata i Naturbasen er gjennomført.

Ivaretaking av viktige areal for biologisk mangfold

Alle kommunar i fylket har sine naturtyperegistreringar innlagt i Naturbasen, og via WMS også i Fylkesatlas for å gjere slike data lett tilgjengelege for kommunar og andre. Sensitive vilstopplysningsar er tilgjengelege på dagen via Fylkesmannen sine interne kartløysingar (på førespurnad).

Vindkraft: Ingen ny søknads-/utbyggingsaktivitet før i november, fordi NVE ikkje ville behandle saker frå Sogn og Fjordane før fylkesdelplan for vindkraft kom på plass. Etter at framlegget til fylkesdelplan blei vesentleg endra av fylkesutvalet i mai og det kom mange reaksjonar på dette under høyringsrunden (frist 1.10.) slik at planen blei liggende, sende NVE to meldingar på høyring i november.

01SO26: Fylkesmannen har bidrige i arbeidet med fylkesdelplan for vindkraft for Sogn og Fjordane.

Ivareta løpende saksbehandling innenfor vassdragsforvaltningen: Sogn og Fjordane har ein høvesvis stor del av vasskraftutbyggingane i Noreg, og mykje ressursar går med til løpande sakshandsaming på dette feltet. Dette trengst i den perioden vi no er inne i med inngrep/utbygging av mange små, og nokre store, vasskraftverk i ein stor del av elvane i fylket. Dette grip inn i både artsforvalting, arealforvaltning, naturtypeforvaltning, friluftsliv og i nokre tilfelle støy og vasskvalitet. Observasjonar av ferskvassartar, gjort i samband med kartlegging og dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk i Vannmiljø; Det er ikkje gjort slike undersøkingar i 2010 som har skaffa fram ny kunnskap om artar. Det er gjort nokre få undersøkingar om fisk,

men da kun på avgrensa elvestrekker. Desse data er ikkje lagt inn i Vannmiljø.

- sende oversikt til om små vasskraftverk frå året før; Oversikt vart sendt våren 2010.

01SO26 bidra til utarbeiding av kommunale eller regionale planer for småkraft: Det er utarbeidd communal plan for Luster kommune, Lærdal kommune og delar av Sogndal kommune. Fylkesmannen har 2010 vore med i referansegruppe for regional plan for Sogn og Fjordane og levert mykje fagdata til dette arbeidet.

01RA12 sende kopi til DN av alle fråsegner til søknader om konsesjon eller tillatelse etter vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven: DN får kopi av alle sakene, dette vil i nokre tilfelle også vere rapportering på 01RA10.

Motorferdsel i utmark

Vi har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp dette området særskilt. Vi avgrensar oss til å svare på førespurnader frå kommunane. Det vart likevel gjort ein del innsats i samband med Kommuneundersøkinga 2009/2010.

Kulturlandskap

Handlingsplan for slåttemark er under utarbeiding. Det er oppretta ei ressursgruppe for arbeidet med planen med representantar frå landbruksavdelinga, miljøvernnavdelinga, Høgskulen i Sogn og Fjordane og landbruksrådgivinga i fylket. Vidare er det gjennomført synfaringar til aktuelle lokalitetar, og skjøtselsplanar for utvalde område er under utarbeiding.

Sogn og Fjordane har to ”utvalde kulturlandskap”, Grinde- Engjasete og Hoddevik- List. Det er i 2010 utarbeidd skjøtselsplan for områda, og det er tilbydd avtalar om skjøtsel for store deler av areala. Midt i august vart det arrangert nettverksamling for ”utvalde kulturlandskap” på Grinde. Nettverkssamlinga var lagt opp med synfaringar, faglege føredrag og erfaringsutveksling. Om lag 140 personar deltok.

Landbruksavdelinga har utarbeidd forslag til revidert forskrift om tilskot til miljøtiltak i landbruket (RMP), og utarbeidd forslag til fordeling av SMIL- midlar til kommunane. Kulturlandskapsgruppa har godkjent forskrift og fordeling av midlar.

Sogn og Fjordane har vorte med i implementeringa av Handlingsplan for slåttemark. Det er oppretta ei ressursgruppe for arbeidet med planen med representantar frå landbruksavdelinga, miljøvernnavdelinga, Høgskulen i Sogn og Fjordane og landbruksrådgivinga i fylket, med koordinator frå Bioforsk. Vidare er det gjennomført synfaringar til aktuelle lokalitetar, og skjøtselsplanar for utvalde område er utarbeidde eller under utarbeiding.

01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

Etter regionreforma har fylkeskommunen overteke m.a. det regionale ansvaret for hjorteforvaltninga frå 01.01.10. Etter vårt syn har dette fungert godt. Tilskotsforvaltninga elles fungerer godt, også i høve til det arbeidet vi sit igjen med etter reforma. Meir vekt kan no leggast på truga og sårbarer artar som t.d. villrein.

Forvaltning av villrein

Aurland Naturverkstad har no sekretariatet for begge dei to nemndene i fylket, Sogn og Fjordane villreinnemnd og Nordfjella/Fjellheimen villreinnemnd. Sekretariatet fungerer svært godt. Arbeidet med interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde er forsinka grunna Vik kommune sitt ønske om revidering av fleire planer på Vikafjellet. Regional plan for Nordfjella villreinområde vart starta opp 14.oktober. I tillegg har Villreinsenter Sør sett i gang arbeid med datainnsamling for Nordfjella og Ottadalen villreinområde. Prosjektet om auka bruk av villreinen sitt areal i Breheimen i Luster kommune (som del av Ottadalen sør) vart avslutta i haust. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er involvert i alle desse delene av villreinforvaltninga, inkludert oppfølging av sekretariatet (Aurland Naturverkstad). Vest-Jotunheimen villreinområde er under spesiell overvaking etter dramatisk tilvekstsvikt dei siste åra. Både for 2010 og for 2011 ser situasjonen betre ut, i tillegg er NINA inne med eit mindre GPS-prosjekt her. Generelt for alle villreinområda registrerer vi relativt stor aktivitet i samband med ønske om hyttebygging, vegbygging, turisme/reisliv osb.

Rovviltforvaltning

Fylkesdekkande fellingslag er oppretta og har i år delteke i to fellingsforsøk. Laget fungerer svært godt. Sjølv om dei ikkje har lukkast med fellingsforsøka, har tiltaket god konfliktdempande effekt. Sogn og Fjordane skogeigarlag er ”eigar” av fellingslaget. Fylkesmannen gav skadefellingsløyve på ein bjørn i Lærdal 21.06 – 04.07; ikkje felling. Aktiviteten av jerv har vore minimal i år, høgst truleg pga uttak av jerv i vinter (fem vaksne). Eit skadefellingsløyve vart gjeve i Luster 10.08 – 22.08 med forlenging 24.08 – 09.09; ikkje felling.

2010 vart året på 2000-talet med den lågaste erstatningsutbetalinga; omlag kr 660.000 i samla utbetaling. Generelt er det god dialog mellom Fylkesmannen, Rovviltnemnda, næringa og Statens naturoppsyn (SNO). Midlane til konfliktdempande tiltak og tapsreduserande tiltak frå Rovviltnemnda fungerer godt, sjølv om det kan diskuterast i kor stor grad bruken av midlane er tapsreduserande. Det er heller ikkje i år felt jerv under lisensjakta og Sogn og Fjordane er nok framleis avhengig av at SNO / DN iverkset ekstraordinære uttak av jerv.

Truga artar

Når det gjeld handlingsplanar for truga artar og naturtypar, har Vitskapsmuseet fått oppdrag om utarbeiding av handlingsplan for terregndekkjande myr. Kartlegging av naturtypen "hule eiker" er gjennomført i de viktigste delene av fylket (litt står igjen), men data er ikkje lagt inn i Naturbasen. Utvalde lokalitetar av slåttemark er lagt inn i Naturbasen, men det står igjen fleire.

Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Vi har gjennomført faste oppgåver og behandling av søknader etter lakse- og innlandsfiskelova med forskrifter. Innspel til ny forskrift om regulering av fiske etter laks og sjøaure i Sogn og Fjordane er sendt DN.

Vi har hatt auka fokus på negative effekter frå havbruk. Det har vore ein auke i tal saker som gjeld utviding av eksisterande og nye oppdrettsanlegg.

Vi har gjeve to betinga frårådingar til søknader om utviding av akvakulturanlegg i fjordsystem med nasjonale laksefjordar. Mange samtidige søknader om utvidingar eller nyetableringar av lokalitetar i t.d. Sognefjorden aktualiserer dessutan eit behov for meir overordna samla vurdering av større område, i staden for vurdering av lokalitetar enkeltvis.

Lokale og nasjonale kalkingsprosjekt

Fylkesmannen har gjeve innspel til nasjonal plan for kalking av vassdrag. Revidert kalkingsplan for Guddalsvassdraget og Høyangervassdraget er utarbeidd. Det vart ikkje gjeve tilskot til kalking i 2010. Innsjøane vert overvaka med årleg vassprøvetaking, og fire innsjøar vart prøvefiska i 2010. Vasskjemien i Dalsbøvassdraget i Selje har tidlegare vore undersøkt med tanke på mogleg referansevassdrag for forsuring. I 2010 vart elvemuslingen i vassdraget kartlagt.

01.3 Fremmede arter og GMOer

Det vart arbeidd med ein handlingsplan mot framande skadelege artar i 2010, men m.a. pga innsats på tiltak, vart ikkje planen ferdig.

Det er gjennomført skjøtselsarbeid (luking, hogst og ringbarking) av gran og hemlokk i to reservat, og luking og ringbarking av platanlønn i eitt reservat. Felling av gran og buskfuru er stort sett ferdigstilt i sjøfuglreservata (eitt område, Ramsholmen i Solund, er lagt mellombels til side pga. lokale innvendingar mot å fjerne all skog), men det står att ein del opprydding etter hogsten.

Fylkesmannen har ikkje hatt kapasitet til å initiere tiltak på regionalt nivå i samarbeid med kommunar og ulike sektorar.

01.4 Friluftsliv

Vi har informert om DN si ordning med juridisk hjelp knytt til ferdselshinder i strandsona. Vi deltek i kystsonenettverket for Vestlandet. Strandsona er elles sentralt tema i rettleiing og plan og sakshandsaming, jf. resultatområde 06.

Vi har elles hatt svært liten innsats knytt til friluftsliv utanom innspel i plan- og inngrepssaker og friluftsliv i dei store verneområda.

Resultatområde 02 Bevaring av kulturminner

02.3 Kulturmiljø

Dette resultatområdet er ikkje relevant for Fylkesmannen.

Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn

03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning

Vassforskrifta

Grunna ressurssituasjonen vår og seint initiativ frå Vassregionmyndigheita, har det ikkje vore full innsats på dette området. Fylkeskommunen som vassregionmyndighet har brukt lang tid på å kome i gang, og vassregionutvalet vart ikkje oppretta før i januar 2011. Etter at fylkeskommunen fekk tilsett ein person har vi hatt felles møte med planlegging av framdrift og aktivitet. Vi har eigen superbrukar på Vannmiljø og i desember 2010 vart vi med i redaksjonsgruppa til Vannmiljø.

Tiltaksovervakinga i Stryn held fram. Det vart mellom anna gjeve oppdrag om fiskegranskingar (storaure) i Oldenvatnet, samanstilling av vasskjemiske data frå Stryn og rapport for problemkartlegging innan vassområde Stryn, marin del vart ferdig.

Vasskjemiovervaking

Vasskjemiovervakinga heldt fram i 2010, og det vart gjennomført begroingsanalysar i utvalde lokalitetar i fylket. Vi har og fått vurdert og tilrettelagt grunnvassdata for fylket.

03.2 Overgjødsling og nedslamming

Avløp: Vi har gjennomført brevkontroll for alle fire kap. 14-anlegga i fylket, og kontrollert avløpsanlegga i to av desse kommunane (Gloppen og Førde), som del av kontrollaksjonen i 2010. Dei to siste kommunane er anten i gang med omlegging til kap. 13-anlegg (Årdal), eller ikkje kome i gang med oppgradering av sitt avlopssystem i tråd med kap 14 (Flora).

Akvakultur: Vi har fått inn mange nye søknader, og har framleis noko etterslep av gamle saker.

03.3 Oljeforurensning

Første generasjon MOB-kart (sjø) er oversendt Veritas for innlegging i marin ressursdatabase (MRDB). MOB-sjø er likevel enno ikkje komplett, og så langt ikkje sendt til lokale, interkommunale oljevernutval (IUA). Etterslepet skuldast manglande høve til prioritering av GIS-arbeid.

03.4 Miljøgifter

Oppdrag 03SO13P: Vi har fire verft som er omfatta av prosjektet: Tre verft har fått pålegg om å utarbeide tiltaksplan med frist 01.09.2011. Eit verft har fått frist for gjennomføring av miljøkartlegging til 01.09.2011.

03RA2: Vi har oppdatert Grunnforurensningsbasen før overføring til Matrikkelen. Vi har truleg ingen lokalitetar der det er konkludert med behov for fysiske tiltak etter grunnforurensningsprosjektet.

03.5 Avfall og gjenvinning

03SO17P: Fylkesmannen har ikkje gjennomført ein ny, særskild kontrollaksjon mot deponidelen av dei to-tre deponia som har deponering av avfall. Ressurbruken vart nytta til oppfølging av mottak for farleg avfall, bistand til og opplæring av kommunane sin innsats mot forsøpling, ulovleg handtering av farleg avfall (inkl. to politisaker)

03SO18P: Dei få private anlegga som er i fylket hadde nyleg vore kontrollerte, og vi prioriterte difor kommunale mottaksstasjonar. Vi gjennomførte 21 kontollar mot desse i 2010. Det er framleis mykje avvik på både

internkontroll, mottakskontroll og handtering av avfall. På ein mottaksstasjon var det så alvorlege funn at Fylkesmannen meldte det til politiet. Vi har også hatt oppfølging av tilgjenge for levering av farleg avfall i kommunane i Sunnfjord.

Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft

04.1 Klimaendringer

Fylkesmannen har eit godt samarbeid internt i embetet innan klimaområdet. Vi har i 2010 vidareført det etablerte samarbeidet mellom Fylkesmannen, KS og fylkeskommunen. Det vart i februar gjennomført ein eigen klimadag for kommunane. Vi deltek elles i oppfølginga av den vedtekne fylkesdelplanen for klima.

Ressurspersonar på embetet blir brukt ein del i nasjonale prosjekt/foredrag og arbeidsgrupper.

Fylkesmann Oddvar Flæte har vore leiar i klimatilpassingsutvalet som la fram utgreiinga si i november 2010.

04.4 Lokal luftkvalitet og støy

Fylkesmannen hadde ikkje spesiell aktivitet på dette området i 2010.

Resultatområde 05 Internasjonalt miljøsamarbeid og miljø i nord- og polarområdene

05.1 Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljøsamarbeid og UNEP

Ein person frå Fylkesmannen har delteke i opplæringsprogram for regional avfallsforvaltning i Romania (Region Transsylvania). Det er laga føredragsserie.

05.2 Geografisk rettet miljøsamarbeid, herunder miljøbistand

Vi har ikkje hatt aktivitet på dette området.

05.3 Miljøsamarbeid i nord- og polarområdene

Vi har ikkje hatt aktivitet på dette området.

Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling

Generell status

Området er av dei mest etterspurde kontaktflatane mellom kommunane og Fylkesmannen. Stort behov for kontakt, rettleiring, kompetanseheving, generell betring av planarbeid og framleis stor usikkerheit i kommunane i høve til koplinga mot naturmangfaldlova.

Samstundes har vi mått redusere aktivitet på grunn av bortfall av vikariat etter sommarferien og innsparingskrav som følgje av redusert tildeling etter forvaltningsreforma. Kapasiteten har såleis vore svekka siste halvår 2010. Det vart tilsett ny person i desember slik at det er tre personar i plangruppa ved årsskiftet (samla planlagt 2,7 årsverk for 2011 der hovuddelen av dette blir brukt på planområdet). I tillegg er det ein del innsats på

landbruk, beredskap og justis/helse. Totalt nytta embetet i underkant av fem årsverk på planområdet i 2010.

06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas

Ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og ivareteke

Fylkesmannen deltek i planforum og formidlar/ivaretek elles nasjonal politikk gjennom løpende rettleiding og handsaming av plansaker. Totalt kom det inn 676 plan- og dispensasjonssaker i 2010 (inkludert restansar frå året før), mot 611 i 2009. Det har såleis vore ein auke i talet på saker. Vi har i 2010 fremja motsegn mot 21 planar (når det gjeld arealdelen til kommuneplanen er det ofte fleire motsegner mot ein og same plan), og påklaga åtte dispensasjonssaker. Bakgrunnen for motsegnene er i hovudsak arealbruk i konflikt med strandvern, vasdragsvern, naturmangfold og manglande/mangelfull ROS-analyse.

Ei motsegnsak er vidaresendt til Miljøverndepartementet i 2010.

Vi har fått medhald i dei klagesakene som til no er handsama av setjefylkesmann.

06SO1: I påvente av dei statlege planretningslinene byggjer vi vidare på vår praksis med differensiert strandsoneforvalting i samsvar med vedteken fylkesdelplan for arealbruk.

Klima-, forurensning og lokalisering av utbygging i areal- og transportplanleggingen: Ikkje prioritert grunna ressursmangel

Energi: Vi har bidrige i arbeidet med fylkesdelplan for vindkraft og fylkesdelplan for vasskraft.

06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

Klagesaker som gjeld dispensasjon

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er fast setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland i saker etter plan- og bygningslova. Dei fleste setjesakene gjeld klage over dispensasjonsvedtak. Mengda setjesaker er ei stor utfordring for oss. Sjølv om vi i 2010 hadde ein periode på seks månader der departementet ikkje sendte oss setjesaker, fekk vi 117 setjesaker i 2010. Til samanlikning fekk vi inn 68 klagesaker etter plan- og bygningslova frå kommunane i vårt eige fylke. I Syssam-rapporteringa har vi rapportert setjesaker og byggjesaker frå eige fylke samla.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk i 2010 kroner 214 149,- til nedbygging av byggjesaksrestansen. Midlane vart nytta til overtid. Både byggjesakene og setjesakene var innanfor tremånadersfristen ved årsskiftet.

Klagesaker som gjeld reguleringsplan

Ved årsskiftet 2009/2010 hadde vi ein restanse på seks saker som galt klage over reguleringsplan. I 2010 fekk vi inn 20 saker som galt klage over reguleringsplan. Det er ofte fleire klager i kvar sak, men desse vert til vanleg handsama samstundes. I 2010 har vi handsama dei seks sakene frå 2009 og 12 av dei 20 som kom inn i 2010. Vi hadde såleis ein restanse på åtte slike saker ved årsskiftet 2010/2011. Sakshandsamingstida for slike saker varierer veldig, frå under to månader til meir enn seks månader. For dei 18 sakene vi handsama i 2010, var snitt sakshandsamingstid 135 dagar.

Det vart gjennomført tilsyn med Bremanger kommune si handsaming av strandsonesaker etter plan- og bygningslova. Tilsynet vart gjennomført ved at Fylkesmannen gjekk gjennom alle saker om byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjøen for perioden 2005-2010.

06.3 Samordning av statlige interesser

Fylkesmannen har eit nært samarbeid med andre regionale statsetatarar. Det er likevel noko utfordrande pga at mange av statsetatane har anna geografisk inndeling enn etter fylkesgrensene.

06.4 Kart og geodata

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2010 vore leiar for FAD sitt fagutval for kart/GIS og delteke i referansegruppa i Norge digitalt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utviklar Lakseregisteret for DN som skal innehalde ulike modular. I 2010 vart Kategoriseringsmodulen og administrasjonsmodul av brukarar ferdigstilt. Ein ny modul for evaluering av nasjonale laksefjordar og lakseelver er under planlegging. Sjøfangstregisteret vert drifta av embetet for DN som mellom anna inneheld eiga kartløsing. Vi har vidare drift og utvikling for denne løysinga i 2011.

Fylkesmannen har også delteke i Plan- og temadataprosjektet gjennom Norge digitalt for Sogn og Fjordane saman med Statens kartverk. Det er gjennomført seks kommunebesøk i 2010 og på Fylkesmannen og fylkeskommunen si arealplansamling for kommunane heldt prosjektet workshop saman med kommunane der dei jobba med kvaliteteten på eigne arealplanar.

Fylkesmannen leiar Geodatautvalet for Sogn og Fjordane.

GIS-arbeidet på miljøvernombordet har blitt nedprioritert, særleg på grunn av mange og store oppgåver innan forvaltning av verneområde. Vi har derfor ikkje kapasitet til å gje kommunane den ønskelege oppfølginga innan kart og geodata, og heng også etter med oppdatering av datasett for viktige omsyn som skal sikrast gjennom arealplanlegging. Der det er mogleg har vi tidlegare henta inn konsulenthjelp til å gjennomføre reint GIS-fagleg arbeid, men på grunn av manglande eigen kapasitet, blir den naturfaglege kvalitetssikringa og anna arbeid som ikkje utan vidare kan setjast bort, hengande etter.

Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

Forurensning: Vi har oppdatert ein god del av informasjonen som ligg inne om dei ulike anlegga i Forurensning, men ikkje alle oppdrag på området vart fullførde i løpet av året. Vi er i mål med å registrere anleggsaktivitet på alle aktive anlegg, og pdf-dokument er lagt inn for dei fleste løyva og alle kontrollar frå og med 2005. Vi har oppdatert avlopsdata og lagt inn løyva for kap. 14-anlegga. Det gjenstår ein del arbeid på kontroll av UTM-koordinatar på anlegg, gjennomgang av om verksemndene har påslepp til kommunalt nett, oppdatering av anlegg som er omfatta av industriforskriftene, samt å legge inn pdf-dokument for nokre eldre løyve.

Miljøstatus: Vi har vidareutvikla og oppdatert mykje av informasjonen på Miljøstatus. Pga ressurssituasjonen har vi ikkje kome i mål når det gjeld all oppdateringa. Vi har og arbeidd for å gjere Miljøstatus betre kjend hos viktige målgrupper gjennom marknadsføring av nettstaden. Lokalmedia og andre gir tilbakemeldingar om at Miljøstatus i Sogn og Fjordane er svært nytta informasjonskjelde. Vi har innarbeidde rutiner for årlege oppdateringar (per 01.04) i tillegg til at viktige endringar vert gjort fortløpende.

Fylkesmannen.no: På miljøvernombordet har vi hatt totalt om lag 140 oppslag på heimesidene i 2010. Oppslaga gjenspeglar aktiviteten som er på dei ulike fagområda på miljøvern. Lokalmedia har ofte artiklar med bakgrunn i miljøvernoppslaga.

Skjønnsmidlar: Det vart brukt miljøkriterium som grunnlag for fordelinga av skjønnsmidlar for ein kommune i 2010 (store utfordringar knytt til verneområde).

07.3 Virkemidler og prosesser

Tilsyn med verksemder: Vi har delteke på to landsdekkande og ein regional aksjon – totalt 25 kontrollar. Det har vore svært mykje etterarbeid med farleg avfall-aksjonen (politimelding). Utanom prioritert deltaking i aksjonar har vi gjennomført 29 eigeninitierte tilsyn, og ein revisjon.

Meldingar: Fylkesmannen har sendt inn tre politimeldingar om avfallshandtering. NoMil IKS vart meldt til politiet pga forholda på Nybø gjenbruksstasjon i Bremanger kommune (FA-aksjonen). Dei to andre politimeldingane gjaldt ulovleg brenning av farleg avfall. Den eine i Bremanger kommune (saka henlagt) og den andre i Vågsøy kommune.

Tvangsmulkt: Ei tvangsmulkt vart sendt til inndriving – dette gjaldt eit setjefiskanlegg med vedvarande overproduksjon i høve til utsleppsløyvet.

Fastsetjing av løyve: Vi har fastsett 27 nye og fem endra løyve med gebyr, og to nye løyve utan gebyr (desse var søknader datert før innføringa av gebyr).

Status IPPC: Fem bedrifter og seks avfallsdeponi i fylket er omfatta av IPPC-direktivet og har oppdaterte utsleppsløyve i samsvar med direktivet. I tillegg har vi heilt på slutten av året fått inn oppdaterte produksjonsopplysningar for alle fiskeforedlingsverksemndene og slakteria for oppdrettsfisk. Det viser seg at mange av desse har ein produksjon som kjem inn under IPPC-direktivet, og difor må ha nye løyve.

Status flyplassar: To av fire flyplassar i fylket har fått nye utsleppsløyve. Vi føreset at dei to siste søknadene vert behandla første kvartal i 2011.

Ressursrapportering

I samband med ressursrapporteringa har vi funne ein feil i rekneskapsføringa vår. Mykje av overheadinntektene som kjem inn til embetet er ført feil. Det skulle vore ført på resultatområde 950 og ikkje på vedkomande departement sine resultatområde. Vi endrar rutinane våre for 2011 slik at årets resultatrapportering vert korrekt.

Korrekt forbruk på resultatområde 0 Miljøverndepartementet er kr 8.065.975,09.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturens mangfold og friluftsliv	kr 2 463 253,13	kr 213 137,41
03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall	kr 822 682,60	kr 45 438,79
04 Luftforurensninger og klima	kr -116 305,05	kr 0,00
05 Int. miljøsamarbeid i nord- og polarområdene	kr 0,00	kr 0,00
06 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 1 303 737,97	kr 0,00
07 Andre virkemidler	kr 2 573 433,74	kr 167 755,78
Andre oppgaver under MD	kr 16 105,80	kr 0,00
Sum:	kr 7 062 908,00	kr 426 331,00

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

Landbruket står ifølgje SSB for omlag 6 % av sysselsettinga her i fylket, og det skjer ei stadig strukturendring ved at det blir færre og større bruk. Samtidig har fylket ein relativt stor del av den samla landbruksproduksjonen i landet og vi har store bedrifter i foredling, både innan mjølk, kjøt, frukt og bær. Det småskala landbruket gir også grunnlag for lokal foredling, opplevelingar og reiseliv som også er ein viktig del av næringa.

21.1 Jordbruk

Sentrale utviklingstrekk

Kumjølk – Sogn og Fjordane har ein mjølkekvote på 113,3 mill. liter og vi er det sjette største mjølkefylket i landet. Mjølkeproduksjonen er stabil og i 2010 vart det produsert 103,9 mill. liter. Av dette er 31,4 mill. liter produsert i 138 samdrifter og 2,9 mill. er leigd kvote. Totalt har vi 1118 eininger som driv mjølkeproduksjon og snittkvoten i fylket er 101 000 liter. Trass ein betydeleg auke i snittkvoten har Sogn og Fjordane den lågaste snittkvoten i landet. Siste fem åra er det bygd 83 nye/oppgraderte fjøs i fylket og med dette har vi oppgraderte båsplassar til 20 % av mjølkeproduksjonen i fylket. Vi har eit eige prosjekt som arbeider med fornying i mjølkeproduksjonen og arbeider tett med Innovasjon Norge, TINE, Nortura og faglaga om dette. Det skjer ei betydeleg omfordeling av mjølkekvote innafor fylket og vi ser fylkesgrensa som heilt avgjerande for framtida til mjølkeproduksjonen i fylket.

Geit – Grunna sanering skjer det store endringar i geitehaldet på Vestlandet med bygging av moderne geitefjøs og vesentleg auke i produksjonen per bruk. Mjølkeproduksjonen er stabil på vel 3 mill. liter per år og snittkvoten per buskap er no 56 500 liter. Vi er no nede på 66 produsentar med geitemjølk. Prosjektet Geit i Vekst arbeider med

fornying av geitehaldet i Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal og siste året gav Innovasjon Norge støtte til to nye geitefjøs i Sogn og Fjordane. Det vert også arbeidd noko med produksjon og foredling av kjøt frå geit og kje.

Storfekjøt – Mjølkebruken er framleis den største leverandøren av storfekjøt. Utviklinga går mot meir spesialisering med bygging av større oksefjøs og at mjølcefjøsane kuttar kjøtproduksjonen for å utnytte produksjonskapasiteten til mjølk. Siste tre åra har det vore ein svak auke i tal ammekyr og kyr av kjøtferaser. I 2010 vart det produsert kring 5 mill. tonn storfekjøt i fylket.

Sau - Sauen er det viktigaste beitedyret for kulturlandskapet i Sogn og Fjordane. Betre rammeverkvar og auka prisar har auka interessa for denne produksjonen. Sommaren 2010 var det 201 100 sau og lam i Sogn og Fjordane som er ein nedgang på ca 2 500 dyr frå året før. Snittbuskapen er no på 56 vinterföra sau som på tre år er ein auke på 4,5 dyr. På kysten er det aukande interesse for utegangarsau, spesielt i Solund kommune. Sist året har Innovasjon Norge gitt støtte til 11 nye sauefjøs.

Hagebruk – I 2010 fekk frukt- og bærmiljøet i Sogn og Fjordane tildelt eit Arena-prosjekt frå Innovasjon Norge. Dette er resultat av eit målretta utviklingsarbeid gjennom lang tid og eit godt samarbeid gjennom heile verdikjeda inkludert forsking, undervisning og forvaltning. Nasjonalt produserer Sogn og Fjordane 75 % av bringebæra og 25 % av morellane. Hausten 2010 vart plantesjukdomen heksekost funne på eple og vi ser føre oss eit omfattande arbeid med sanering av smitta hagar. Satsinga på økologisk frukt er i godt gjenge gjennom føregangsfylket saman med Hordaland.

Vestlandet har fått eigne midlar frå LMD til næringsutvikling ved samhandling mellom frukt- og bærdyrking og reiselivet, og har kalla dette ”Frukt og bær rundt neste sving”. Innsatsen er konsentrert til Hardanger, Sogn og Nordfjord der det vert arbeidd med å utvikle og marknadsføre gode opplevingar. Ciderhuset, Henjatunet og Urnes gard er gode døme og ein del av Sogn Fruktrute. Det vert også arbeidd med å gjere dette til ein del av arbeidet i destinasjonsselskapa.

Regelforvaltning - Den største utfordringa er at mange kommunane har få personar som skal kunne alt om tilskotsforvaltning, lovforvaltning og kunne følgje opp miljøsida. Dette er svært krevjande. Nokre av datasystema som er i bruk, er for gamle og treng å bli erstatta av system som let brukaren søkje elektronisk, kommunen kan saksbehandle, og Fylkesmannen er klageinstans og kan følgje saksbehandlinga heile tida. Døme på mangelfulle system er RMP, SMIL og organisert beitebruk.

Beitebruk og tapsstatistikk

Tal frå organisert beitebruk viser at det vart sleppt 179 268 sau og lam på utmarksbeite i Sogn og Fjordane i 2010. Det er ein nedgang på vel 1000 dyr frå 2009. Gjennomsnittleg tapsprosent for sau og lam på beite var på 5,1 %, dette er ein liten nedgang frå 2009 då tapsprosenten var 5,8 %. Det var 6,7 % av lamma og 2,7 % av sauene som gjekk tapt på beite. Tala frå organisert beitebruk viser at det er 15 398 storfe og 5439 geit på sleppt på beite i 2010. Dette er ein liten nedgang for storfe, men ein auke i tal geit.

Tapstala varierer mykje både mellom kommunar, beitelag og enkeltbrukarar. Tapstala er lågast i Indre Sogn og høgst i ytre område, i kommunane Fjaler, Vågsøy, Selje og Eid. Fylkesmannen arbeider saman med næringa om å betre beitebruken og redusere tapstala. Det er laga ein ”*Strategi for reduksjon av tap av lam på utmarksbeite*” der målet er å få lammetapet under 5 %. Rovvilktskadane var i 2010 dei lågaste på 2000-talet, hovudårsaka er truleg det store uttaket av jerv som har vore dei siste åra.

Dei aller fleste sauehaldarane i fylket deltek i organisert beitebruk gjennom 126 beitelag, dette dekkjer vel 93 % av all sau og lam sleppt på beite i fylket.

Landbruksavdelinga har ikkje midlar til rovvilkompensasjon. Miljøvernnavdelinga har midlar til førebyggande tiltak mot rovvillett, og bruken av desse drøftar vi internt.

Bruk av midlar frå kapittel 114 post 77 - Sjå tabell under resultatområde 25.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2010	2009
FMSF	70738	108530	94,1	2,7	6,7	5,1	5,8
Sum	70738	108530	0	0	0		

21.2 Skogbruk

Hogsten i skogbruket har auka til 40 000 m³ etter nedgangen under finanskrisa, men det er framleis under eit normalår før krisa. Dei største utfordringane er at dei store plantefelta ikkje er heilt hogstmodne enno, det manglar god nok vegdekning, og vi har ein eigedomsstruktur med mange eigarar som ikkje alltid er like samstemte. Det er svært viktig å få på plass eit betre vegnett i dei beste skogområda, og siste året har vi fått utarbeidd eit grunnlag for ein hovudplan for skogsvegar. Det er laga ei teknisk skisse for behovet i nesten alle aktuelle kommunar, og det viser eit samla teoretisk behov på over 1000 km nye vegar. Siste året vart det bygd ca. 20 km nye vegar, så det er lite realistisk at alle vegane i skissa for hovudplanen blir bygde. Vi har no utfordra kommunane til å arbeide vidare med hovudplanen gjennom kommunale planprosessar der også andre omsyn som natur- og friluftsinteresser blir teke med i vurderinga. Skissene til hovudplanen er lagt ut digitalt på karttenesta www.fylkesatlas.no.

Berre om lag halvparten av hogstarealet blir aktivt tilplanta med ny skog, og for resten er det usikkert om forynginga er tilfredstillande. Vi set vilkår om nyplanting ved alle tilsagn om skogsvegar, og vi har også følgt opp kommunane si rolle gjennom kurs og foryngingskontroll. Men vi opplever ei avventande haldning når det gjeld skogkultur, planting og treslagskifte på anna skogsareal. Både skogeigarane og forvaltinga er tilsynelatande noko i tvil om kor aktivt ein kan og bør satse på skogplanting, og det blir også registrert at signala frå sentralt hald om skogbruket si rolle i framtidig klimapolitikk er noko tvetydige. Her i fylket har vi som ein del av oppfølginga av St. meld. 39 laga eit notat om Arealforvaltning og klimatiltak i landbruket i Sogn og Fjordane. Her har vi sett opp føringar om kva type areal vi ikkje skal bruke til eit aktivt skogbruk, og kva type areal som det høver best å plante på. Dette vart sendt på høyring til kommunane og ulike interesseorganisasjonar, og vil bli implementert i forvaltinga av NMSK-midlane frå 2011.

Gjennom samarbeidet om kystskogbruket er det etablert eit eige skognæringsforum, der fylkeskommunen har oppnemnt leiar og vi har ein sekretærfunksjon. Dette nettverket er viktig for å følgje opp næringsutviklinga i skogbruket.

Vi viser elles til eigne rapportar gjennom forvaltningssistema ØKS og TSKOG om arbeidet med skogbruksplanlegging med miljøregistrering og bruken av NMSK midlane.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Samarbeidet med andre regionale aktørar er godt, både med faglaga i landbruket, kommunane, fylkeskommunen og Innovasjon Norge om til dømes utforming av den regionale BU-strategien og bruken av midlane. Strategien blir justert kvar haust gjennom møte med desse aktørane og vi har eit eige møte med faglaga der vi drøfter bruken av tilretteleggingsmidlane som Fylkesmannen forvaltar. Utanom dette har vi også faste møte i eit eige næringsforum der landbruksdirektøren, IN-direktøren og næringssjefen i fylkeskommunen møtast om lag kvar månad.

Arbeidsdelinga er kort sagt slik at Fylkesmannen har BU-tilrettelegging, IN har dei bedriftsretta midlane, og fylkeskommunen har det overordna ansvaret for regional utvikling. Vårt bidrag er fokusert på landbruk og bygdeutvikling, det småskala reiselivet, lokal mat, og så har vi nokre felles satsingar på kommunane som førstelinjeneste i næringsutvikling, entreprenørskap, og ei eiga satsing på frukt og bær gjennom eit Arena-prosjekt.

Vår regionale BU-strategi byggjer på den nasjonale strategien *Ta landet i bruk* og med same satsingsområda, pluss eit eige på småsamfunnsutvikling. Vi fekk tildelt 5,2 mill. kr i tilretteleggingsmidlar, og saman med inndregene midlar har vi hatt ca 5,5 mill. kr som vart fordelt slik på desse områda:

Småsamfunnsutvikling: 1,16 mill. kr

Matproduksjon: 1,87 mill. kr

Økologisk produksjon: 0,025 mill. kr (her har vi brukt andre midlar til økologisk landbruk og føregangsfylke for frukt og bær)

Trevirke, bioenergi og utmark: 0,60 mill. kr

Reiseliv og opplevelingar: 1,43 mill. kr

Inn på tunet: 0,39 mill. kr

Samanlikna med 2009 fekk vi tildelt ca 1 million mindre, men vi har om lag den same prosentvise fordelinga. Vi viser elles til eigen rapport om bruken av BU-midlane.

Landbruksbasert vare og tenesteproduksjon

Lokal mat – Sogn og Fjordane har ei stabil gruppe som foredlar og omset lokale matvarer. Bondens Marknad er godt etablert i Førde og vi finn lokal mat i mange daglegvarebutikkar. Det vert no arbeidd for å rekruttere inn nye

produsentar. Vi har eit godt samarbeid med Mat-navet i Aurland, Hanen og Innovasjon Norge i dette arbeidet. Vi deltek i prosjekt lokal mat og reiseliv langs Sognefjellsvegen, i samarbeid med Oppland og kommunane langs vegen.

Vi har brukt ein vesentleg del av tilretteleggingsmidlane på reiseliv, hovudsakleg gjennom tiltak i regi av dei lokale destinasjonsselskapa. Dei arbeider med å utvikle nye lokale reiselivsprodukt, til dømes i form av tilrettelagde rundreiser og opplevelingar. Vi har dei siste åra også støttet skogeigarlaget og bondelaget i arbeidet med betre organisering av jakt- og fiskerettar, og opplegg for pakking og marknadsføring av slike opplevelingar. Hjortejakt er ei veksande næring, både som tilrettelagt oppleveling med overnatting, og ved at sjølve kjøtressursen får auka omsetningsverdi ved betre organisering og planlegging av kjøtkontroll og foredling. I samarbeid med nabofylka på Vestlandet deltek vi i prosjektet NCE-Fjordturisme, og vår rolle er å arbeide for større grad av samarbeid mellom dei store og mange små aktørane i reiselivet. Dei små lokale aktørane bør delta betre i dei store tilrettelagde pakketurane.

Inn på tunet – Det er stor variasjon i kommunane sin bruk av Inn på tunet, frå å ikkje ville nytte det til å sjå på det som viktig del av tenestetilbodet. Kommunar som har fått hjelp (fagleg og økonomisk) til å dra i gang utviklingsprosjekt som gjev konkret erfaring (effekt/nytte) og klarar å involvere fleire fagområde, lukkast best. Der satsinga berre er forankra hos eldsjeler og ikkje fagleg og administrativt, slit dei med kontinuiteten. Vi er også opptekne av å betre kvaliteten på tenestene gjennom å etablere kurs og studietilbod på høgskulenivå, i samarbeid med nabofylka på Vestlandet.

I samband med Inn på Tunet-løftet fekk Aurland kommune i samarbeid med Sogn jord og hagebruksskule tildelt kr 200 000 for første år, til eit tre-årig prosjekt for å utvikle og tenkje nytt kring omsorg og læring med utgangspunkt i garden som ressurs. Målet er å få etablert fleire ”Inn på tunet - tilbod i kommunen og styrke samspelet mellom garden/ bonden og lokalsamfunnet.

Internt hjå Fylkesmannen er det i all hovudsak landbruksavdelinga som arbeider med utvikling av IPT. Rolla som kontroll- og tilsynsorgan overfor både kommunane og dei enkelte aktørane innan utdanning og helse, kan ikkje så lett kombinerast med ei aktiv rolle som utviklingsaktør for dei same tenestene.

Resultatområde 22 Klima og miljøtiltak i landbruket

Det skjer mykje postivt innan arbeidet med kulturlandskap, både gjennom det regionale miljøprogrammet, kommunane sitt arbeid med SMIL-ordninga, og interessa for dei utvalde kulturlandskapa og verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Siste året kom vi godt i gang med forvaltninga av utvalde kulturlandskap i Grinde og i Hoddevik-Liset. Grunneigarane er positive, men det tek tid å finne høvelege forvaltningstiltak som også kan gjennomførast i praksis.

Siste året har vi prøvd å følgje opp St. meld 39 om klimatiltak i landbruket, i første omgang ved å finne ein høveleg balanse mellom ulike omsyn innan klimatiltak, skogbruk, beitebruk, kulturlandskap, biologisk mangfald og friluftsinteresser. Dette er konkretisert i eit notat *Arealforvaltning og klimatiltak i landbruket i Sogn og Fjordane*, som var på høyring til kommunane m.fl. og blir lagt til grunn i forvaltning av mellom anna NMSK-midlane frå 2011.

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Sentrale miljøutfordringar - Strukturendringane i jordbruket i fylket, med færre gardsbruk i drift og færre beitedyr, fører til redusert bruk av marginale dyrkingsareal og innmarks- og utmarksbeite. Både bratt areal, gamle slåttemarker, naturbeitemarker, stølsområde og kystlynghei er difor mange stader i ein attgroingsfase. Slike areal er viktige for fylket sitt særprega kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturminne. Og med færre bønder og beitedyr er det ei stor utfordring å ta vare på desse verdiane. Det er difor ei sentral prioritering å stimulere jordbruket til å ta vare på det opne og særprega kulturlandskapet i fylket. Dette er også hovudmålsettinga i RMP for Sogn og Fjordane. Rundt 70 % av dei som søker produksjonstilskot, søker også RMP. Dette tyder på at det er mange bønder som gjer ein ekstra innsats for det verdifulle kulturlandskapet og at tilskotsordningane i RMP bidreg til å oppnå hovudmålsettinga. Bratt areal som er ein viktig del av kulturlandskapet i fylket, er også den største ordninga i RMP. Steingardar og bakkemurar er også viktige element i landskapet og er den nest største ordninga i RMP.

SMIL og RMP - Kommunane prioriterer i stor grad som før SMIL-midlar til å halde kulturlandskapet ope gjennom tiltak mot attgroing. Dette er i tråd med hovudmålsettinga i RMP. Samstundes er det behov for meir medviten prioritering av SMIL-tiltak som seinare kan utløyse RMP-tiltak. Det blir framleis brukt lite SMIL-midlar på tiltak for biologisk mangfald og kulturminne. Dette er prioriterte tiltak, men kommunane mottek få søknader. Her er det framleis eit behov for pådrivarar på lokalt og regionalt nivå som aktivt koplar dei registrerte verdiene med bønder og andre som har moglegheit til å gjennomføre tiltaka. Fylkesmannen har arbeidet med å styrke koplinga mellom SMIL og RMP gjennom informasjon, rettleiing og føringar for kommunane i tildelingsbrev, nettsider, dialog og samlingar. Bruken av SMIL- og RMP-midlar er fast drøftingstema i Kulturlandskapsgruppa. Fylkesmannen har lyst ut og fordelt midlar til informasjons- og utviklingstiltak med fokus på sentrale prioriteringar i SMIL og RMP.

Vassdirektiv og pilotområde - Vassførekomstane i Stryn vassområde har generelt god tilstand, men med nokre unntak og der er landbruk ein av hovudkjeldene til dårlig vasskvalitet, først og fremst gjennom diffus avrenning frå jordbruksareala. Aktuelle tiltak er i stor grad knytt til handheving av regelverket innanfor landbruk og forureining, samt bruk av informasjon og midlar for å stimulere til mellom anna riktig lagring og bruk av gjødsel og pressaft.

Utanom vår deltaking i arbeidet med vassdirektivet, har vi også bede kommunane rapportere på deira arbeid med ureining frå silopressaft og husdyrgjødsel, inkludert deira praksis med dispensasjonar på regelverket for gjødselspreiing. Vi registerer at det er noko ulik praksis og vi har sett og hørt om enkeltilfelle med til dels alvorlege ureiningsproblem utan at kommunen har følgt opp tilfredstillande. Dette vil vi ta tak i gjennom dialogen vår med kommunane.

Miljøplan - Det er eit kontinuerleg behov for påminning og rettleiing om bruk av miljøplan som grunnlag for miljøtiltak og –tilskot i jordbruket. Fylkesmannen har arbeidet med å styrke denne koplinga gjennom informasjon og malar, dialog og kontroll. Fylkesmannen har også prioritert informasjons- og utviklingsmidlar til miljøplankurs i regi av landbruksrådgivinga.

Arbeidet med klimatiltak innanfor landbrukssektoren - I 2010 vart det arbeidd med klimatiltak i landbruket som eit avdelingsprosjekt, der oppfølging av St. meld. nr. 39 stod sentralt. Avdelingsprosjektet resulterte i at det vart laga eit notat med føringar for korleis arealforvaltninga i landbruket skal vinklast inn mot best mogeleg klimagevinst, samstundes som det vert teke omsyn til bærekraft, biologisk mangfald, med fleire. Notatet vart sendt på høyring hjå kommunar og organisasjonar med interesser innan emne, i november 2010, og føringane vil vera implementerte i forvaltninga i løpet av 2011.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2010 etter søknadsomgang 2009 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmiddel	Avfallsinnsa
FMSF	2631450	0	4589314	0	16577920	0	0
Sum	2631450	0	4589314	0	16577920	0	

22.4 Økologisk landbruk

Status og utfordringar

På tre år har vi dobla arealet for økologisk frukt og bær og tal vinterfôra sau med økologisk drift, men totalt sett ligg vi likevel langt frå målsettinga om 15 % av produksjonen innan 2020. Vi har også ein auke i økologisk drive grovförareal og innmarksbeite. Handlingsplanen for økologisk landbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane 2010–2013 har som hovudmål å doble produksjon og omsetnad i høve til 2009. Vi ser at det er framgang i arbeidet kring frukt og bær og sauehald. Grunna endringar i marknaden opplever vi mindre interessa hjå TINE og Nortura til å arbeide med økologisk mjølk og kjøt.

I planen har vi valt ut desse fire aktivitetsområda: mjølk, kjøt, frukt/bær og marknad. Vi har oppretta eigne ressurgrupper for kvart aktivitetsområde og har prioritert midlar og aktivitet inn mot dei områda som gir resultat. Tiltak 2010:

- Informasjon gjennom fagblad, kommunekurs, nettsida, fagmøte og markdagar
- Primærproduksjon sau: skaffe meir kunnskap om næringsstoffrekneskap og avlingsnivå, og om utegangarsau
- Primærproduksjon frukt og bær: kunnskap om vår og haustgjødsling, mekanisk tynning, tidsbruk og lønsam

- dyrking, plantevern og regelverk
- Omsetnad kjøt: småskala foredling og omsetnad
- Omsetnad frukt og bær: Krav til kvalitet og logistikk. Samarbeid med frukt- og bærmottak, BAMA, Balholm og lokal foredling

Føregangsfylke - Vi er saman med Hordaland økologiske føregangsfylke på frukt og bær, noko som har hatt god effekt. Saman med ulike fagmiljø og marknadsaktørar er vi godt i gang med å auke produksjonen og få plass logistikk som sikrar at produkta kjem fram til forbrukar. Dette tek tid og samarbeid er heilt avgjerande for å lukkast. Vi ser no ein aukande produksjon av økologisk eple, plomme og bringebær.

Økoløft i kommunar

Gjennom økoløft i kommunane har Balestrand utvikla ein modell for auka omlegging til økologisk frukt og bær gjennom direkte kontakt og oppfølging. Dette prosjektet vert vidareført. Aurland har arbeidd med økologisk skulefrukt der mykje vert produsert lokalt ved Sogn jord- og hagebrukskule.

22.5 Tre og miljø

Tretema AS er eit selskap i Balestrand som satsar på foredling av lokalt lauvtrevirke og gamalt furutømmer. Dei satsar også på informasjon og nettverksbygging gjennom kontakt med aktørar i heile verdikjeda frå skogeigarar til arkitektar og byggħerrar. Vi har delteke i dette samarbeidet og ønskjer å bruke dei som kompetanseaktør på bruk av spesialvirke. Vi har ganske mange små sagbruk her i fylket og som leverer spesialvirke til lokale føremål. Vi har også bidrige gjennom kunnskap og ressurskartlegging til utviding av slike lokale sagbruk. Det syner seg ofte at slike kan finne nisjeprodukt som er etterspurde, medan det kan vere meir krevjande å konkurrere på vanleg standard skurlast i store mengder. Norsk Bygdesagforening er til dømes eit interessant forsamling som arrangerte eit seminar i 2010 om "frå skogeigar til stavkyrkje". Trevarer til verneverdige bygningar høver godt for slike småsagbruk.

Vår innsats for bioenergi skjer delvis gjennom prosjektet Biostigen saman med FM i Møre og Romsdal, og delvis gjennom lokale mindre prosjekt saman med skogeigarlaget. Vi har til dømes gjeve støtte til informasjon om og planlegging av bioenergianlegg på gardsbruk. Vi har også støttet diverse andre utgreiingar og planleggingar av noko større anlegg, men ingen av desse er per i dag bygde. Det anlegget som tilsynelatande driv best er fjernvarmeanlegget i Stryn sentrum, og dei tek også unna det som per i dag er tilgjengeleg energivirke. I prosjekt Biostigen har vi fokus på hogstavfall frå taubanedrift, både fordi vi har/får relativt mykje taubanedrift, og at dette hogstavfallet elles kan bli oppfatta som eit avfallsproblem. Her ligg ein uutnytta ressurs som vi prøver å finne ein tenleg og økonomisk logistikk på.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Regelverket for dette området er tildels krevjande å forvalte med vanskelege enkeltsaker innan både konsesjon, bu- og driveplikt, deling etter jordlova m.m. Kommunane etterspør hjelp og opplæring på dette området, og vi hadde eit to-dagars kurs hausten 2009 med fagleg deltaking frå SLF. Det er truleg behov for vidare oppfølging, særleg sett i samanheng med at det er kommuneval hausten 2011 med mange nye politikarar. Når det gjeld opplæringstema, er det bu- og driveplikt som er oftast nemnt, saman med dei forholdsvis nye reglane om driveplikt etter jordlova som dei færreste kommunane har makta å gripe fatt i per idag. På dette området bør dei sentrale maktene utdjupe rettsreglane, og utarbeide praktiske retningslinjer for handsaming av saker som vedkjem driveplikta i jordlova § 8. Dette har både kommunane og fylkesnivået bruk for.

Vi får også nokre spørsmål om å orientere politikarane, både i utvalsmøte og heile kommunestyre. Vi har gjennomført to slike i 2010.

Vi har elles generelt inntrykk av at kommunane forvaltar dette regelverket på forsvarleg vis og at dei fleste kommunane har fått med seg regelendringane frå 2009, men vi har ikkje handfaste data til å vurdere dette grundig. Nokre kommunar sender oss frivillig kopi av vedtaka, andre gjer det ikkje. Vi har til no ikkje funne sakleg grunn til å pålegge enkelte kommunar å sende kopi av alle sine vedtak til Fylkesmannen. Vårt inntrykk er derfor basert på det vi ser og hører om av enkelte saker, klagesaker, oppslag i lokalavisene og samtalar med administrasjonen i

komunane.

Jordfondet er no avslutta for vårt fylke. Når det gjeld avgangen av dyrka jord, viser vi til resultatområde 26.

Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Organisering av kontrollarbeidet

Ei gruppe på ni personar har delteke i kontrollarbeidet i 2010. Av desse har sju delteke på forvaltningskontrollane. På forvaltningskontrollane er det alltid to personar med, ein fagperson på temaet som kontrollen omfattar, og ein kontolleiar. På føretakskontrollane er det to personar som har hatt ansvaret, men det er vanlegvis berre ein person som gjennomfører kontrollen. Utvalet av kommunar og føretak til kontroll vert gjort på grunnlag av risiko med hjelp av verktøy frå SLF, men også med siktemål om å kontrollere alle kommunar innan 2012. Gruppa har med seg avdelinga sin juridiske konsulent i utvalet for kontroll.

Frå 2010 vert føretakskontrollane som hovudregel utført i dei same kommunane som det vert gjennomført forvaltningskontroll. For nærmare opplysningar om resultat av kontrollane, sjå tabelldata. I dei fleste tilfella med avvik er det snakk om tilbakebetaling, og det blir gjennomført når vedtaka er endelege.

Landbruksvikartenestene - Midlane til dei 20 tildelte årsverka er fordelt på ti avløysarlag som dekker heile fylket med unntak av Solund. Det er ein liten kystkommune med 25 aktive brukarar og det har vore vanskeleg å få ein landbruksvikar som kan dekke dette området. Vi høyrer elles lite om ordninga, så det ser ut til å fungere.

Kommentar til tabellen med klage og dispasaker

Dette gjeld både ordinære klagesaker og saker som av ulike grunnar vart handtert som manuelle berekningar og utbetalinger. Dei aller fleste av klagesakene på produksjonstilskot er slike manuelt handterte saker.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2010 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
174	5	1	2	0	2

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
47	0	5	0	0	0	14	0	0

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2010

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 1,2

Antall personer: 9

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	Bremanger kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot jan. 2008–jan. 2010, tilskot til avløysing ved ferie og fritid for jan. 2008 og jan. 2010.
Registrerte avvik:	Ingen avvik, men fire merknadar.
Oppfølging av avvik:	Sette frist for opprettning av merknadane.

Kommune:	Flora kommune
Orninger/omfang:	Miljøplan i ulike tilskotsordningar 2007 - 2009
Registrerte avvik:	Avvik: Stikkprøvekontroll RMP
Oppfølging av avvik:	Sendt kontrollrapport.

Kommune:	Høyanger kommune
Orninger/omfang:	Forvaltning av regionalt miljø-program 2007-2009
Registrerte avvik:	Kommunen har ikkje utført stikkprøvekontroll for RMP i 2009.
Oppfølging av avvik:	Sendt kontrollrapport.

Kommune:	Lærdal kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot jan. 2008– aug. 2009, tilskot til avløysing ved ferie og fritid for jan. 2008 og jan. 2010.
Registrerte avvik:	Ingen, men fire merkandar.
Oppfølging av avvik:	Sendt kontrollrapport.

Kommune:	Sogndal kommune
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot aug. 2007– aug. 2009, tilskot til avløysing ved ferie og fritid for jan. 2008 og jan. 2009
Registrerte avvik:	Ingen avvik, men ein merknad.
Oppfølging av avvik:	Sendt kontrollrapport.

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	A- Bremanger
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	B-Flora
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Miljøplan, mangla sjekkliste ved kontrollen.
Oppfølging av avvik:	Tilskotsmottakar har fått krav om å tilbakebetale kr 8000 i produksjonstilskot og kr 1420 i RMP-tilskot. Saka er sendt til SFL for innkrevjing.

Foretak:	C- Flora
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Miljøplan, mangla sjekkliste ved kontrollen.

Oppfølging av avvik:	Tilskotsmottakar har fått krav om å tilbakebetale kr 8000 i produksjonstilskot og kr 20000 i RMP-tilskot. Saka er sendt til SFL for innkrevjing.
----------------------	--

Foretak:	D - Høyanger
Orninger/omfang:	RMP
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Steingardane oppfylte ikkje krava til RMP-tilskot.
Oppfølging av avvik:	Tilskotsmottakar har fått krav om å tilbakebetale kr. 666 i RMP- tilskot. Saka er sendt til SFL for innkrevjing.

Foretak:	E - Sogndal
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Ikkje avvik
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	F - Sogndal
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Gjødselplanen var noko mangelfull.
Oppfølging av avvik:	Pålegg om å rette opp manglane.

Foretak:	G - Lærdal
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Merknad - Innhaldet i miljøplanen.
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	H - Lærdal
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Merknad - Innhaldet i miljøplanen
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	I - Årdal
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Miljøplan trinn 1. Sjekkliste var ikkje utfylt. Det vart elles ikkje avdekka avvik i høve til opplysningane i søknaden

Oppfølging av avvik:	Saka er ikkje avslutta.
Foretak:	J - Aurland
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Miljøplan trinn 1. Sjekkliste var ikkje utfylt og gjødselplan var utgått på dato.
Oppfølging av avvik:	Ikkje avslutta.
Foretak:	K - Selje
Orninger/omfang:	RMP
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Gardsbesøk
Registrerte avvik:	Miljøplan trinn 1 mangla mellom anna gjødselplan og kart over leigearreal.
Oppfølging av avvik:	Tilskotsmottakar har fått krav om å tilbakebetale kr 11 785 i RMP-tilskot og kr 8 000 i produksjonstilskot. Søkjaren har klaga. Saka er sendt til SFL for endeleg avgjerd /innkrevjing.

4. Andre kommentarer/ innspill:

Ingen.

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitiske aktører

Tiltak for å styrke kommunane sin kompetanse og kvalitet

Kommunane sine tilsette innan landbruksforvaltninga er viktige samarbeidspartnalar for oss. Vi brukar mykje tid på kurs, konferansar, forum og prøver elles å setje av tid til alle spørsmål som dei tek opp med oss. I 2010 gjennomførte vi desse tiltaka:

- Fagsamlingar i januar og september, med vekt på miljøplaner og forvaltningsrett
- Produksjonstilskot og e-forvaltning i januar og september
- Kommunesamling for landbruk og miljø i november
- Forvaltarkurs om skogsvegar - våren 2010 i samarbeid med FM i Møre og Romsdal. 18 av 26 kommunar var representert.
- Resultatkontroll på skogkultur i mai - juni
- Gardskart og jordregister, 5 kurs for 13 kommunar (nokre har delteke på fleire kurs)
- Deltok på plansamling for kommunane i regi av fylkeskommunen og snakka om jordvern
- Deltok i prosjektet Kommunal næringsutvikling - arrangert PLP-kurs for kommunane og to fylkesdekkande fylkesforum for kommunane
- Bygdeutviklingsprogrammet - to samlingar per år der seks bygder/kommunar deltek

Vi deltok på to kommunebesøk saman med embetsleiinga, og der landbruk var eitt av fleire tema.

Landbruksdirektøren og assisterande deltek i tillegg på nokre av forvaltningskontrollane fordi vi ser på desse møta også som eit nyttig høve til å få innsyn i og diskutere kommunane si forvaltning. Utfordringane i kommunane si landbruksforvaltning er at nokre få personar (gjerne berre ein) skal dekke alle fagområder - frå jordlov til miljøsaker.

Landbrukspolitiske dialog med kommunane

Utanom planlagde kurs m.m. har vi også delteke på enkelte møte i regi av kommunane og drøfta både regelverk og landbrukspolitikk. Vi deltek i Planforum som er ein møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommunen og regionale sektorstyresmakter.

Kommunane er no meir aktive når det gjeld å komme med innspel i forkant av jordbruksforhandlingane. Gauldalen, Hyllestad og Fjaler er døme på kommunar som har hatt negativ utvikling i landbruket siste åra, men som har

engasjert seg og sett i gang prosjekt som går spesielt på bygdeutvikling og næringsutvikling i landbruket.

Utviklinga i tal årsverk i landbruksforvaltninga

Vi har sendt rapport om tal årsverk i kommunane si landbruksforvaltning og tal årsverk i landbruksavdelinga til LMD.

I 2009 har kommunane rapportert at dei har ca 43 årverk som jobbar med landbruksforvaltning. I 1994 var talet 94 årsverk. Dette er ein reduksjon på 52 %. Desse tala er også om lag dekkande i 2010.

For landbruksavdelinga var det i 2010 18,8 årsverk på resultatområde landbruk pluss tilhøyrande 2,9 årsverk på administrasjon. I tillegg utfører vi nokre oppgåver på andre avdelingsområde, slik at vi hadde knappe 23 årsverk i avdelinga fordelt på 26 personar. Samanlikna med 2009 er det ein nedgang på i overkant av eitt årsverk på landbruksområdet.

Samarbeid med KS

I 2010 har vi ikkje hatt spesielt fokus på samarbeid med KS, men vi har eit godt forhold til organisasjonen. Vi har drøfta behovet for etterutdanningstilbod i den kommunale landbruksforvaltninga, og oppnemning av representant til arbeidet med den regionale BU-strategien.

Midlar over kap. 1144 post 77 Regionale tiltak i landbruket til kommuneratta arbeid.

Vi fekk tildelt kr 70 000,- og har brukt kr 69 350,- Desse midlane er brukt til å dekke diverse kostnadene med møte, møtegodtgjersle, reise m.m. for regionalt miljøprogram, kulturlandskapsgruppa, vassrammedirektivet og arbeidet med ein strategi for reduserte beitetap. Dette utgjorde ca kr 21 663,- Resten brukte vi på kurs for kommunane, dvs ca 47 687,- Kommunane dekker som regel sine eigne kostnadene med kost og reise, men vi har nokre utlegg til innleiarar, møterom m.m. som vi har brukt desse midlane til.

Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

Vi hadde tidlegare ein eigen jordvernstrategi, utarbeidd i samråd med dåverande fylkeslandbruksstyre og etter høyring hjå kommunane. Denne oppdaterte vi og førte vidare med same prioriteringar slik at det har ikkje skjedd ei endring av praktisering etter at fylkesmannen tok over ansvaret som regional landbruksstyresmakt i plansaker.

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Jordvern - Målsetjinga i jordvernstrategien er å halvere årleg omdisponering av dyrka jord i fylket frå om lag 500 daa til om lag 250 daa. Sjølv om vi ikkje har den endelege Kostra- statistikken for 2010, syner tala frå 2009 at vi framleis må arbeide aktivt for å nå halveringsmålet. Mykje av omdisponeringa skjer med heimel i tidlegare godkjende kommuneplanar. Vi hadde få kommuneplanar til uttale i 2010, og brukte motsegn på to område i kommuneplanen for Solund, ut frå både jordvern- og kulturlandskapsomsyn. Dette løyste seg i den vidare planprosessen utan at det kom til mekling.

Vi ser at det framleis er ein del kommunar som har gamle kommuneplanar. Dette skuldast nok både planfagleg kapasitet og økonomiske prioriteringar. Manglande oppdatering av kommuneplanen fører m.a. til auka bruk av dispensasjoner, over 100 saker i 2010. Siste året påklaga vi to dispensasjonsvedtak, i Selje og Leikanger. Vi har fått signal om at fleire kommunar vil starte arbeidet med å revidere arealdelen i kommuneplanen i 2011. Her vil vi m.a. oppmøde kommunane om å registrere kjerneområde landbruk og kulturlandskap som ein del av planarbeidet.

I 2010 deltok vi på 2 kommunesamlingar (plan og landbruk), der vi m.a. orienterte om jordvernstrategi og Kostra-statistikk.

Verdsarvområdet - Tildelinga frå SLF og DN vart i 2010 fordelt på i alt 46 gardsbruk, derav 11 bruk i Hordaland. Det vert gitt støtte til jordbruksareal i aktiv drift inne i verdsarvområdet, og til beitedyr i verdsarvområdet. Tilskot til beitedyr gjeld både dei som bur innanfor og utanfor verdsarvområdet. Det vart utbetalt eit samla tilskot på kr 2 134 740.

Dyretal og areal i drift har vore aukande dei tre åra ordninga har eksistert. Det vert oppfatta som positivt at ordninga vert vidareført i 5 nye år, langsiktigkeit er viktig for at brukarane skal våge å satse og for at nye generasjonar skal overta drifta. Investeringsbehovet i området er stort og eit investeringstilskot vert etterlyst. Det vart gjennomført synfaring på alle bruken med driftssenter innanfor verdsarvområdet hausten 2010, denne dialogen

med brukarane er viktig.

Utvalde kulturlandskap - For begge områda er det inngått skjøtselsavtalar for mykje av dei mest verdifulle areala. For Hoddevik-Liset er det i Hoddevik, Ytre Fure og Årdal vi har kome lengst i arbeidet og fått inngått avtalar. Det gjenstår mykje arbeid med å involvere bønder og grunneigarar på Drage, Indre Fure, Skårbø og Liset. Midlane har i stor grad blitt prioritert til årlege skjøtselstiltak. Midlar til restaureringstiltak er nært kopla med skjøtselstiltaka i avtalane. For Grinde-Engjasete er det lagt ned eit omfattande arbeid i 2010 med restaurering av gamle styvingstre på areal som har vore delvis ute av drift. Nettverkssamlinga på Grinde var ein opptur for kommunen og grunneigarane i området. Dei fleste stilte opp, gjerne med fleire generasjonar, og ville delta på i planlegging og gjennomføring. Det er framleis god interesse og engasjement rundt prosjektet i både område. Samstundes registererer vi at sentrale grunneigarar og bønder har ulike utfordringar dei nærmaste åra som kan ha stor innverknad på realismen i ei langsigktig forvaltning.

26.2 Samfunnsplanlegging

Hovudtrekka i arealutviklinga viser at det samla jordbruksarealet har gått sakte og sikkert nedover dei siste 10 åra, frå knapt 480 000 daa i 2001 til ca 450 000 daa i 2010. Andelen av innmarksbeite har auka i denne perioden med ca 9 000 daa, medan fulldyrka og overflatedyrka jord til grasproduksjon har minka med bortimot 30 000 daa. Frukt- og bærarealet har også gått ned, men her har det samtidig skjedd ei intensivering slik at produktvolumet er om lag stabilt. Generelt er det slik at arealet har minka mest i kystbygdene. Den årlege omdisponeringa til nedbygging m.m. har vore på ca 500 daa/år, så den største "omdisponeringa" skjer ved at fulldyrka/overflatedyrka jord går over til beite og/eller gror att. På lang sikt ligg likevel denne jorda der som ein produksjonsressurs, men i den daglege diskusjonen om jordvern og omdisponering er det eit paradoks at nedlegging/omlegging av drifta er det som fører til størst tap av dyrka jord.

Arbeidet med verneplanar her i fylket går greitt i forhold til landbruksinteressene. Det siste store verneområdet var Breheimen - Myrkridsdalen i Luster kommune (pluss Sjåk og Lom i Oppland), og der var også landbruksinteressene godt involvert i planprosessen. Utfordringa no er å kome over i ei langsigktig forvaltningsfase som både tek vare på dei unike naturvediane og legg til rette for næringsliv og levande bygder. Prosessen så langt tyder på at dette bør gå bra.

Tal motsegner var to i 2010, begge i Solund, og grunngjeve med omsynet til kulturlandskap og dyrka jord. Vi har dessutan i nokre tilfelle varsle alt ved oppstart av planarbeidet at vi ville vurdere motsegn dersom planen ikkje tok meir omsyn til jordvernet, noko som har ført til at planutkasta vart justert til fordel for landbruksinteressene.

Geovekst -Norge Digitalt - Landbruksavdelinga har delteke i alle møte i regi av Norge Digitalt. Fylket har no dekning av ortofoto anten i bildemålestokk 1:15000 eller i bildemålestokk 1:35000. Laserskanning aukar i omfang. Kart vert brukt i alt arbeid som t.d arealplanar, verneplanar, beredskapsplanar, jordlovsaker og tilskotsforvaltning. I tillegg har vi lagt ut eigne tema og statistikk på embetet sitt kartprogram, www.fylkesatlas.no som er eit samarbeid med fylkeskommunen.

Beredskapsarbeidet er organisert som ein del av staben i embetet. Vi deltok i utforminga av fylkes-ROS (risiko og sårbarheitsanalyse) og kjem også til å bli involvert når denne skal reviderast i løpet av komande år.

Ressursrapportering

Tala er henta frå rekneskapen der ulike kostnadane er fordelt på resultatområda. Vi får så godt som heile vår tildeling på kap 1501, med unntak av tildelinga på ca 70 000 på kap 1470 - 114477.

I samband med ressursrapporteringa har vi funne ein feil i rekneskapsføringa vår. Mykje av overheadinntektene som kjem inn til embetet er ført feil. Det skulle vore ført på resultatområde 950 og ikkje på vedkomande departement sine resultatområde. Vi endrar rutinane våre for 2011 slik at årets resultatrapportering vert korrekt.

Korrekt forbruk på resultatområde 2 Landbruks- og matdepartementet er kr 10.712.481,94.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 3 716 243,71	kr 13 272,00
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 1 617 707,88	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 484 554,55	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 678 393,18	kr 0,00
25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør	kr 1 290 287,17	kr 0,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging	kr 1 392 751,18	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 162 544,27	kr 0,00
Sum:	kr 10 342 481,00	kr 13 272,00

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

31.1 Tilsyn

Vurdering av eiga måloppnåing

a. Embetet sine ressursar

Tilsynsaktiviteten i 2010 er gjennomført slik som planlagt. Utanom det felles nasjonale tilsynet har vi gjennomført tilsyn med seks kommunar i 2010. Den nye tilsynsmetodikken som vart innført i samband med felles nasjonalt tilsyn krev meir tid til førebuing, gjennomføring og etterarbeid.

b. Kompetanse

Dei tilsette som arbeider med tilsyn har høgare formell utdanning som t.d. hovudfag og embeteksamen (pedagogikk, spesiapedagogikk og juss). Nokre har i tillegg lang erfaring med tilsynsarbeid og arbeid i kommunal sektor.

c. Metodikk og strategiar

Metodikk og stategi er avhengig av kva type tilsyn som vert gjennomført.

Kommunetilsyna våren 2010 (Sogndal, Gauldal og Lærdal) vart gjennomførte etter systemrevisjonsmetoden. Hausten 2010 gjennomførte vi to eigeninitierte kommunetilsyn (Høyanger og Eid) der vi nytta same opplegg som for det felles nasjonale tilsynet, dvs. to skular i kvar kommune. I 2010 gjennomførte vi skriftleg kontroll med alle kommunane i fylket i høve retten til fysisk aktivitet (forskrift 1-1a). I tillegg gjennomførte vi eitt hendingsbasert tilsyn av grunnskuleopplæring på alternativ læringsarena. Tilsynet var basert på dokumentgjennomgang.

Det vart ikkje gjennomført tilsyn med vidaregåande opplæring i 2010.

d. Andre forhold i fylket

For å legge til rette for erfaringsutveksling mellom kommunane i fylket vårt er det etablert ein eigen portal www.kunnskapsdeling.no. Her kan kommunane legge inn tilstandsrapportane sine (§ 13-10) samt deira kvalitetssystem. Fylkesmannen administrerer portalen.

Det vert gjennomført tre møte i året for skule- og barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. Dette er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og KS. På møta er det lagt opp til informasjon/oppfølging/drøfting av tiltak/oppdrag og satsingar. I tillegg er det også lagt til rette for å kunne dele erfaringar mellom kommunane, t.d. erfaringar frå gjennomførte tilsyn.

Samla ressursbruk

Når vi ser bort frå stillinga som utdanningsdirektør (100 %) og stillinga på barnehageområdet (100%), er det att

5,6 stillingar på utdanningsområdet. I 2010 nytta vi totalt 100 vekeverk (40 %) på tilsyn eller tilsynsrelaterte oppgåver - fordelt på områda 31.1 (81 vekeverk) og 31.9 (19 vekeverk). Under tilsynsrelaterte oppgåver har vi rekna oppgåver som t.d. kontroll av skular med for liten gjennomsnittlig gruppestørleik (GSI), tilsyn med samanslåing av fagarbeiderutdanningar (vgo) og kontroll med rett til fysisk aktivitet i grunnskulen (forskrift §1-1a). I tillegg har vi rekna inn tid nytta til planlegging og koordinering av tilsyn.

Vi meiner såleis at vi for 2010 har innfridd kravet om å nytte minimum 40 % av dei samla ressursane på utdanningsområdet i embetet på tilsynsoppgåver. Når vi ser dette i høve personalkapasiteten ved kontoret vårt, har vi nytta mykje tid på tilsynsaktiivetet i 2010.

Samla tilsynsarbeid - oversyn og kommentarer

Når det gjeld avvik som er mest utbreidde, må vi sjå dette i høve kva tilsyn som er gjennomførte. Når det gjeld kommunen sine overordna system, inneheld fleire av avvika manglar ved delegeringsreglementet (uklart og ikkje oppdatert). Når det gjeld skulane sitt system, har vi ved fleire høve gitt avvik i samband med mangel på enkeltvedtak der det er krav om dette. Vi har også påpeika manglar i skulen sitt ordensreglement (bortvising og nekting av deltaking på skuletur) og skulemiljøutval (samansetjing og funksjon). Når det gjeld bruk av alternativ opplæringsarena, vart det gitt avvik då det vart påvist lovbro i sakkunnig vurdering og i enkeltvedtak, manglar ved skulen sitt tilsynsansvar og i skulen sin avtale om bistand.

Når det gjeld kontroll med kommunane om elevar sin rett til fysisk aktivitet (forskrift 1-1a), fann vi ikkje grunnlag for å gje avvik.

Kontroll av skular med for liten gjennomsnittleg gruppestørleik viste at dette skuldast feilrapportering i GSI.

Ved gjennomgang av tilsynsrapportar for perioden 2006-2009, finn vi ikkje døme på at skuleeigarar har hatt avvik på same tema i denne perioden. Fleire skueleigarar har fått avvik på grunn av manglar med delegeringsreglementet (uklart/ufullstendig/forelda). Vi har ikkje konkrete haldepunkt for at dette skuldast kommunestørleik, organisering eller økonomi. Derimot ser vi at ved mangefull/mangel på skulefagleg kompetanse over lengre periodar i kommunane (jf. §13-1 fjerde ledd), vert det vanskelegare å sikre etterleving av lovkrav og forskrifter. Dette gjeld både i forhold til skuleeigar og skuleleiarar. Bortsett frå dei siste tilsyna i 2010 har vi ikkje avvik som ikkje er lukka, sjå elles kommentarar under tabelldata.

Når det gjeld informasjon som vert nytta i samband med tilsynsarbeidet, herunder risikovurdering, vil dette også vere avhengig av tilsyn som er gjennomførte. Data frå GSI (Kostra), Skuleporten (nasjonale prøver og elevundersøkinga) er informasjon som vi hentar inn og oppdaterer jamleg, og som gjev viktig informasjon i samband med tilsynsarbeidet. Handsaming av enkeltsaker (klagebehandling) og registering av telefon og e-post til avdelinga vår gjev også viktig informasjon i samband med risikovurderingar og utvelging av kommunar for tilsyn.

Tilsynsobjekt:	Eid kommune - Eid ungdomsskule
Paragraf(er):	Opplæringslova kapittel Opplæringslova kap 9a (psykososialt miljø),§2-9(ordensreglement)og kap. 11 (brukarmedverknad)
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	Tilsynet vart gjennomført i desember. Difor er ikkje tilsynet avslutta og det er ikkje publisert endeleg rapport.

Tilsynsobjekt:	Eid kommune - Nordfjordeid skule
Paragraf(er):	Opplæringslova kapittel Opplæringslova kap 9a (psykososialt miljø),§2-9(ordensreglement)og kap. 11 (brukarmedverknad)
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja

Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	Tilsynet vart gjennomført i desember. Difor er ikke tilsynet avslutta og det er ikke publisert endeleg rapport.
Tilsynsobjekt:	Flora kommune - Alle skulane
Paragraf(er):	Opplæringslova kap.9a og § 13-10, andre ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Nei
Kommentar:	Tilsynet baserte seg på dokumentgjennomgang og dialogmøte med skuleigar og skulleiing på skulane
Tilsynsobjekt:	Gaular kommune - Sande skule og Bygstad skule
Paragraf(er):	Opplæringslova §§ 1-3,5-1,5-3,5-4,5-5 og 13-10 andre ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Ja
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	Høyanger kommune - Høyanger skule
Paragraf(er):	Opplæringslova kapittel Opplæringslova kap 9a (psykososialt miljø),§2-9(ordensreglement)og kap. 11 (brukarmedverknad)
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	Tilsynet vart gjennomført i november. Difor er ikke tilsynet avslutta og endeleg rapport er ikke klar.
Tilsynsobjekt:	Høyanger kommune - Kyrkjebø skule
Paragraf(er):	Opplæringslova kapittel Opplæringslova kap 9a (psykososialt miljø),§2-9(ordensreglement)og kap. 11 (brukarmedverknad)
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	Tilsynet vart gjennomført i november. Difor er ikke tilsynet avslutta og endeleg rapport er ikke klar.
Tilsynsobjekt:	Lærdal kommune - Lærdalsøyri og Borgund skule
Paragraf(er):	Kap. 9a og §§ 2-9, §11-1a og 13-10 andre ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig

Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Ja
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	Sogndal kommune - Sogndal ungdomsskule og Trudvang skule
Paragraf(er):	Opplæringslova § 8-2 og § 13-10, andre ledd
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Ja
Kommentar:	

31.2 Klagesaksbehandling

Vurdering av eiga måloppnåing

a. Embetet sine ressursar

Fylkesmannen vurderer å ha god måloppnåing, og størstedelen av sakene vart handsama innan serviceerklærte fristar. Det var ein liten nedgang i registrerte klagesaker frå 2009. Vi er fleire som deltek i handsaminga av klager på spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

b. Kompetanse

I hovudsak er det juristen på avdelinga som handsamar klagesakene. I tillegg er det fleire med høgare formell utdanning (pedagogikk, spesialpedagogikk) som også tek saker som gjeld spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning og klage på standpunktcharakter.

c. Metodikk og strategiar

Det er skriftleg sakhandsaming av klagene. Sakene vert handsama i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og andre forvaltningsrettslege prinsipp. Vi registerer sakene som kjem inn, og brukar denne informasjonen som ein del av grunnlaget ved val av tilsynsobjekt.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum		Avslag	Annet	Kommentar
	innkomne saker	Medhold/Delvis medhold			
Skyss, § 7-1	5	0	5	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	4	2	1	1	I den eine saka vart det gitt delvis medhald til klagar.
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	0	1	0	
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1	1	0	1	0	
fjerde ledd					
Særskilt språkopplæring, § 2- 1 8	0	1	0		
Spesialundervisning, § 5-1	10	0	10	0	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	3	1	2	0	
Annet	1	0	0	1	Klage på manglende informasjon frå skule knytt til arbeidsrettsak (avvist)

Annet	1	0	1	0	Klage på avslag på skulegang i annan kommune
Annet	1	0	1	0	Klage etter skade i kroppsøving
Annet	1	0	1	0	Klage på avslag om skulegang ved annan skule enn nærmiljøskulen
Annet	1	0	0	1	Klage på arkivsystemet til kommunen
Annet	1	0	1	0	Lovlegkontroll av vedtak om skulestruktur
Annet	1	0	0	1	Klage på besøk av Norsk Gideon i klassen, sendt attende til kommunen for ny vurdering der.
Vurdering (standpunkt), kap 5 i 41 forskriften		0	8	33	
Sum	73	3	33	37	

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Tap av rett til videregående opplæring, §§ 3-8 og 4-6	1	0	0	1	Klage på at lærtingkontrakta ikkje vert fullført. Ikkje ferdig handsama.
Sum	1	0	0	1	

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	2	0	2	0	
Sum	2	0	2	0	

31.3 Grunnskolens informasjonssystem, GSI

For å kvalitetssikre og følgje opp arbeidet med GSI i Sogn og Fjordane gjennomførte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fire regionale samlingar i eige fylke i forkant av GSI-rapporteringa. Til kvar av samlingane inviterte vi tre kommunar, tilsaman deltok 11 kommunar. Tema på samlingane var kvalitetssikring av GSI-rapportering. Ved å gjennomføre regionale samlingar så fekk nabokommunar moglegheit til å samkøyre GSI-registering, og ein kunne nytte kvarandre som ressursar.

Etter ferdigstilling av GSI-tala har vi hatt fokus på å kvalitetssikre og revidere innrapporterte data. Vi har hatt særleg merksemd på assistenttimar i grunnskuleskjema, leksehjelp og fysisk aktivitet. I tillegg har vi konsentrert oss om vaksenopplæringskjema og kulturskuleskjema der det har vore rapportert på interkommunale løysningar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har delteke på nasjonale samlingar om GSI og delteke i Sør-Vest-samarbeidet på området.

Tal frå GSI blir nytta aktivt ved tilsynsarbeid.

Fylkesmannen vurderer vår eigen kompetanse som god i høve dei oppgåvane vi skal løyse, og gjennomføringa har gått etter planen.

31.4 Informasjon og veiledning

Vi har sju tilsette som er involverte i arbeid på dette området. Det er vanskeleg å vurdere kor mange vekeverk som er nytta då informasjonsarbeid er omfattande og grip inn i mange aktivitetar. På bakgrunn av rapportering på resultatområde 31.4 så vil vi vurdere det slik at ca. 50 vekeverk er nytta til dette arbeidet. Kompetansen vert vurdert som god i høve dei oppgåvane vi skal løyse, og gjennomføringa har gått etter planen.

Vi har etablert faste samarbeids- og møtestrukturar i fylket i lag med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet. Vi

har utarbeidd ein samordna møteplan for denne verksemda som inneheld tidspunkt for ulike møte og konferansar. Dette gir oss høve til å planlegge og arbeide strategisk, og det gir oss høve til å sjå tiltak i samanheng. Det gir vilkår for koordinert innsats, kontinuitet og tett oppfølging. Det er stor forplikting, god oppslutnad og sterkt engasjement for dei ulike tiltaka. Vi har gjennom dette samarbeidet også godt samarbeid med fylkeskommunen. Kommunane er organiserte i fire stabile regionar som har omfattande samarbeid.

Utdannings- og oppvekstmøte

I samarbeid med KS arrangerer Fylkesmannen som tidlegare nemn tre møte per år for kommunane v/skule- og barnehageansvarlege, der m.a. informasjon og opplysningar om regelverk/satsingar inngår som ein fast del av programmet. Fylkeskommunen deltek også her. Sentrale tema har vore vurderingsforskrift, fråfall og tidleg innsats, rettleiing av nyutdanna, tilsyn og kvalitetsarbeid, bedre læringsmiljø, leksehjelp og fysisk aktivitet.

Eit sentralt tema i alle møta har vore kvalitetsvurdering og bruk av tilstandsrapporten. Vi vart samde om å lage ein nettportal (tidlegare omtalt) der vi kunne samle rapportane og slik lære av kvarandre. Vi har i eitt av desse møta delt erfaringar med bruken av tilstandsrapporten og drøfta vegen vidare.

Vi gjennomførte også ein studietur for denne målgruppa i april. Temaet var kvalitetsvurdering og tilsyn, og vi var i Stockholm og fekk innsføring i det svenske systemet, og vi fekk innblikk i deira erfaringar og praksis.

Forum for skule- og barnehageutvikling

Ein fast møtearena for Fylkesmannen, KS, regionsansvarlege i kommunane, fylkeskommunen, høgskulen og utdanningsforbundet. Her set vi sentrale tema på dagsordenen for å få koordinerte tiltak og prosessar til beste for skulane og barnehagane. Sentrale tema har vore: Vidare- og etterutdanning, leiarutdanning, skuleeigarrolla, vurdering og vaksenopplæring.

Skuleleiarkonferanse

Fylkesmannen arrangerte saman med KS og Utdanningsforbundet den årlege skuleleiarkonferanse i Loen 29. og 30. september. Tema for konferansen i år var leiing gjennom samhandling. Fokus vart retta mot både skule- og kommunenivå. Skuleleiarar frå dei fleste skulane i både grunnskule- og vidaregåande opplæring deltok i tillegg til skulefagleg ansvarlege.

Lærarstemne

Vi arrangerte i samarbeid med høgskulen, KS og Utdanningsforbundet det årlege lærarstemnet i april. Hovudtema var bedre læringsmiljø, klasseleiing og vurdering for læring. Svært stor deltaking av lærarar.

Ny nettportal - www.kunnskapsdeling.no

Fylkesmannen har i samarbeid med KS og høgskulen i Sogn og Fjordane utvikla ein nettportal der kommunane, fylkeskommunen, høgskulen, Fylkesmannen og arbeidstakarorganisasjonane i Sogn og Fjordane samarbeider om kvalitetsutvikling i skule- og barnehagesektoren.

På nettstaden legg vi ut kommunane sine kvalitetssystem og årlege tilstandsrapportar for skule og barnehage. Vidare formidlar vi informasjon om større FoU-prosjekt, kurs, møte og konferansar for utdanningssektoren i fylket. Nettsida vert oppdatert jamleg av Fylkesmannen.

Informasjon om portalen vart publisert gnistweb.no 5. november d.å.

Elevundersøkinga 2010

Fylkesmannen gjennomgjekk resultatata frå alle kommunar og vidaregåande skuler i fylket i juni. Vi merka oss resultat som låg under landssnittet på alle indikatorane. Vi summerte opp tal "avvik" for kvar kommune og fann ut kva kommunen og vidaregåande skule som hadde størst tal rapporterte avvik frå landsnittet. Resultatet vart lagt fram for avdelinga og vidare analysert i samband med tilsyn.

Programstyret for entreprenørskap og nyskaping

Fylkesmannen er medlem av programstyret for entreprenørskap og nyskaping i Sogn og Fjordane.

Programstyret er eitt av fem program som er etablert for å følgje opp strategiane i Fylkesplan 2005-2008 "Vegen vidare for Sogn og Fjordane". Planperioden har blitt forlenga fleire gonger som resultat av mellom anna

forvaltningsreforma. Alle dei fem fylkesplanprogramma vart evaluerte våren 2010 og programstyret for entreprenørskap og nyskaping vart vidareført ut 2012.

Programstyret har vore samansett av aktørar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, høgskulen i Sogn og Fjordane, NHO, Innovasjon Norge, kommunar og næringsliv.

Programstyret starta med eit strategisk arbeid for heile programperioden 2006-09 og la eit fireårig løp som har vore godt forankra i fylkesplanen sin handlingsdel. Programstyret legg årleg fram ein handlingsplan med budsjett og årsrapport for hovudutvalet for plan og næring der hovudutvalet får høve til å gje utfyllande føringar for programstyret.

Forlenging av programperioden har bidrige til drøftingar rundt målområda for programmet og tidlegare prosjekt i regi av programmet. Programstyret har etablert portalen www.driftig.no, der ein kommuniserer ut arbeidet vårt på dei tre målområda - lære om, skape og drive med entreprenørskap i Sogn og Fjordane.

Medlem av redaksjonsgruppa til www.fmsf.no

Avdelingsredaktören på utdanningsavdelinga deltek i redaksjonsgruppa som har møte omlag ein gong i månaden. Gruppa skal vere eit forum for utvikling av internetsida, og medlemmane fungerer som pådrivarar og rådgjevarar i eiga avdeling.

Vi brukar heimesida aktivt for å informere om aktuelle saker.

Regional konferanse om regelverket i opplæringsloven kap. 4A

28. oktober til 29. oktober hadde Fylkesmannen i lag med Fylkesmannen i Møre og Romsdal regional samling for kommunane på kap. 4 A i opplæringslova. Det var 20 deltakarar på samlinga frå Sogn og Fjordane.

Regelverksamling

Fylkesmannen arrangerte 20. og 21. oktober ein konferanse om læringsmiljø, enkeltvedtak og spesialundervisning. Målgruppa for konferansen var skuleeigarar og skuleleiarar i grunnopplæringa, PPT og lærarar. Ca. 200 deltok på konferansen.

Den første dagen heldt professor Thomas Nordal innlegg om heilskapleg arbeid med læringsmiljø. Same dagen orienterte Sogn og Fjordane politidistrikt om beredskapsarbeid i grunnopplæringa - korleis førebyggje og handtere alvorlege episodar på skulane. Andre dagen var tema bruk av enkeltvedtak og Utdanningsdirektoratet sin nye rettleiar til opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

Konferanse om bruk av verktøy for skuleutvikling

Vi arrangerte 1. september i samarbeid med Utdanningsdirektoratet konferanse for skuleeigarar og skuleleiarar i grunn- og vidaregåande opplæring om bruk av verktøya i skuleporten.

Kommunekonferansar og kommunebesøk

Fylkesmannen har eit samarbeid med KS om tre samlingar i året der to er for rådmenn og ordførarar og ei er for rådmenn. Vi har nytta desse samlingane til å tematisere krav til skuleeigarrolla og gitt ein tilstandsanalyse av sektoren i tråd med sentrale mål i statsbudsjettet. Vi deltek elles på Fylkesmannen sine felles kommunebesøk og tar opp aktuelle tema innanfor utdanningsområdet.

31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Vi har tre saksbehandlarar på området, i tillegg nytta vi i noko grad innleid hjelp. Vi vurderer kompetansen som god i høve dei oppgåvane vi skal løyse, og gjennomføringa har gått etter planen. Totalt har vi nytta 39 vekeverk på området.

Prøveadministrasjonssystemet og prøvegjennomføringssystemet

Hovedstrategien er å følgje opp skuleeigarane, men vi har og ein god del direkte kontakt med skulane. Dette gjeld spesielt rettleiing, brukarstøtte og feilmeldingar. Dette bruker vi mykje tid på. Vi har ikkje hatt møte med skuleeigarane då vi opplever at kompetansen på området er god. Kompetansen hjå sensorane er varierande, men vi ser ei positiv utvikling der og.

Nasjonale prøvar

Vi opplever at nasjonale prøvar er godt mottekne. Resultata frå Sogn og Fjordane er gode, elevane i fylket ligg heilt i landstoppen på dei fleste prøvane. Trass i påminning er det ein del skular som ikkje har fått registrert alle resultata av leseprøven.

Sentral gitt eksamen i grunnskulen

Eksamens vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. 1576 elevar gjennomførte sentralt gitt eksamen her i fylket. Sogn og Fjordane hadde ansvaret for gjennomføringa av fellessensuren i matematikk for fylka Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal. Det gikk greitt å skaffe sensorar. Saman med Møre og Romsdal arrangererte vi felles sensorskulering i alle tre eksamensfaga 5.-6. mai i Loen. Omfanget av sensorskuleringa er stort. Det er positivt, men det er arbeidskrevjande. Vi meiner at sensorskulering burde vere obligatorisk.

Lokalt gitt eksamen i grunnskulen

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføring av lokalt gitt eksamen i fylket. Lokalt gitt eksamen vert organisert av dei ulike regionane.

Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Eksamens vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Fylkesmannen deltok på møte med dei eksamensansvarlege på alle dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Dette vart gjennomført i fylket på forsvarleg måte. Det er ein svært god og tett dialog mellom Fylkesmannen og dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

Gjennomføring av kartleggingsprøvar i vidaregåande opplæring

Dette har vore tema i møte med fylkeskommunen.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embedet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		Informasjonen vert nytta i risiko- og sårbarheitsanalysar

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver	Sogn og Fjordane sin gjennomsnittlege fritaksprosent ligg klart under landsgjennomsnittet. 5.trinn: lesing 2,9 - engelsk 2,0 - rekning 1,3 8.trinn: lesing 2,0 - engelsk 1,0 - rekning 0,8 9.trinn: lesing 2,0 - rekning 1,1	Det er liten variasjon mellom skuleeigarane i fylket.		Det er ikkje skuleeigarar med høg del fritak.

31.7 Tilskuddsforvaltning

Syner her til tertialrapport.

Kap 225 post 64 Tilskot til grunnskuleopplæring for born og unge asylsøkjarar i mottak

Det er kontrollert at elevar og antal månader stemmer med lister tilsendt frå UDI. Eventuelle manglar/avvik er

oppretta før utbetaling av tilskotet etter samtalar med kommunane. Fylket har fem kommunar som har mottak og dermed kan søkje om tilskotet.

Leirskuletilskotet vert forvalta etter gjeldande forskrift

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga på tilskotsområdet som god. Vi har handsama dette tilskotet etter gitte retningsliner og fristar. Før utbetaling av tilskotet, har kravet vore at alle søknader må innehalde kvittering for opphold på leirskule og elevlister. I tillegg har vi vurdert tal på grupper opp mot GSI-tal frå kommunen.

Resultatområde 32 Opgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

32.2 Kompetanseutvikling

I 2010 har fire personar hatt ansvaret for kompetanseutvikling. Avdelinga har god kompetanse og det er nytta 40 vekeverk på området.

Fylkesmannen har informert skuleeigarane om strategien "Kompetanse for kvalitet" ved diverse samlingar, gjennom brev og ved å legge informasjon på heimesida vår. Eit viktig forum for drøfting av strategien er "Forum for skule og barnehageutvikling", der medlemmar frå skuleregionane, KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Sogn og Fjordane deltek saman med Fylkesmannen.

Vidareutdanning

Berre ein lærar frå fylkeskommunen tok vidareutdanning i den statlege ordninga. Ingen frå dei private eller kommunale skuleeigarane deltok. Sjølv om ingen lærarar frå kommunane deltok i den statlege satsinga, vart det likevel gjennomført vidareutdanning i stort omfang i fylket. Høgskulen i Sogn og Fjordane rapporterer om rekordstor oppslutnad om sine vidareutdanningstilbod. Nærmore 500 studentar deltok, dei fleste lærarar tilsette i kommunane i fylket.

Etterutdanning

I Sogn og Fjordane vart alle midlane til etterutdanning tildelt skuleeigarane etter dei retningslinjene som vart gitt av direktoratet. Inkludert tilleggsloyvingane vart det etter søknad fordelt kr 2 771 000 til skuleeigarane retta mot dei prioriterte områda vurdering, leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving og fag- og yrkesopplæring. Hovedtyngda av midlane gjekk til tiltak innan vurdering og leseopplæring.

Vurdering for læring

Fylkesmannen assisterer direktoratet i gjennomføringa av Vurdering for læring. Åtte skuleeigarar i fylket vart etter søknad plukka ut til å vere med i første pulje i den statlege satsinga, det er Selje, Gloppen, Førde, Flora, Fjaler, Askvoll, Luster og Årdal. Alle kommunane var ved årsskiftet komne i gang med satsinga. Til pulje to som skal starte opp i 2011 vil fylkeskommunen og Sygna vidaregåande skule også delta i satsinga.

Fylkesmannen har også stimulert til regional satsing på vurdering ved å tildele kvar av dei fire skuleregionane 60 000 kroner. Desse midlane skal nyttast til vurderingstiltak på tvers av skuleeigargrenser der også fylkeskommunen deltek.

GNIST

Fylkesmannen deltek i den lokale GNIST-gruppa der Forum for skule- og barnehageutvikling er arbeidsutval, og utdanningsdirektøren er leiar. Det vart halde eitt møte for heile GNIST-partnerskapen i tillegg til dei tre møta i Forum. Lokal rekrutteringspolitikk og tiltak knytt til den, var tema for samlinga. Det vart laga ein felles tiltaksplan.

Informasjon om det regionale GNIST-arbeidet vert lagt ut på portalen kunnskapsdeling.no.

32.3 Skoleporten

Vurdering av eiga måloppnåing

Fylkesmannens vurderer å ha god måloppnåing, og arbeidet med Skoleporten som elektronisk verktøy er gjennomført slik som planlagt. Samla ressursbruk er 10 vekeverk.

Det har gjennom året vore enkelte spørsmål frå kommunane om teknisk brukarstøtte (passord). På oppvekst- og utdanningsmøtet (3.-4. mars) var Skoleporten eit av tema for skuleeigarar og rektorar. Som nytt aktuelt verktøy vart Tilstandsrapporten spesielt presentert på storskjerm, med oppmoding om bruk i rapporteringa til politisk nivå. På seinare oppvekst- og utdanningsmøte med kommunane (november) vart ulike erfaringar med tilstandsrapporteringa delt mellom kommunane som inspirasjon til vidare utvikling.

Embetet har tilfredsstillande kompetanse til å løyse oppgåvene på området.

Fylkesmannen arrangerte ei dagsamling om skuleutvikling (1. september) i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, med tema *Verktøy for skuleutvikling - "frå ord til handling"*. Målgruppa for samlinga var skuleeigarar og skuleleiarar og direktoratet var ansvarleg for det faglege innhaldet. Målet for samlinga var å formidle erfaringar frå skuleutviklingsprosjekta i "Kunnskapsløftet - frå ord til handling" slik at skuleeigar og skuleleiarar kjenner og nyttar Skoleporten sine verktøy for heilskapleg skuleutvikling og er i stand til å nå nasjonale og lokale mål med tanke på å sikre elevane eit auka læringsutbytte. Samlinga fokuserte på bruk av kvalitetsdata frå Skoleporten, bruk av ståstadsanalysen og bruk av organisasjonsanalysen.

For å legge til rette for erfaringsutveksling mellom kommunane i fylket vårt er det etablert ein eigen portal www.kunnskapsdeling.no som Utdanningsavdelinga administrerer. Fylkesmannen legg her ut kommunane sine tilstandsrapportar og kvalitetssystem.

1. Har embedet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?

Ja

Øvrige kommentarer

2. Benytter embedet Skoleporten i tilsynsarbeidet?

Ja

Beskriv hvordan

Utdanningsavdelinga nyttar Skoleporten i tilsynsarbeidet og då særleg tal frå Elevundersøkinga og nasjonale prøver. Etter at embedet oppretta nettportalen kunnskapsdeling.no har kommunane også publisert sine tilstandsrapportar der og dette gjev embedet god informasjon til bruk i tilsynsarbeid.

3. I hvilken grad brukes Skoleportens elementer i lokal kvalitetsvurdering?

Kommunane nyttar ståstadsanalysen, tilstandsrapporten og resultatanalysar i Skoleporten i sitt eige kvalitetsvurderingsarbeid. Det er særleg tilstandsrapporten som har vorte godt motteke av kommunane i fylket. Dei aller fleste har nytta denne.

4. Innspill fra embedet til forbedringer av Skoleporten:

Det har så langt ikkje vore innspel til forbetrinigar av Skoleporten.

32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

I 2010 har fire personar hatt ansvaret for resultatområdet erfarings- og kunnskapsinnhenting. Avdelinga har tilstrekkeleg kompetanse på området.

Vurdere tilstand og støttetiltak for aktuelle kommunar

To kommunar hadde dårlige resultat på dei nasjonale prøvane, jf 40K. Straks etter at vi fekk oppdraget frå Utdanningsdirektoratet (Udir), tok vi kontakt med dei to kommunane (juni 2010). I tillegg til eigen rapport som vart sendt til Udir den 1. september, har vi hatt jamleg kontakt med desse kommunane i haust. Begge kommunane deltok på Udir si samling på Gardermoen den 25. november 2010.

Forsøk med framandspråk

Straks etter at vi fekk oppdraget tok vi kontakt med alle kommunane i fylket. Tre kommunar (Sogndal, Balestrand, Gloppen) sa seg interesserte, men det enda med at Balestrand og Gloppen kommune sendte søknad. Frå Balestrand deltek Sagatun skule (spansk) og frå Gloppen deltek Breim skule (tysk).

Skulenedlegging

Vi sendte rapport om nedlegging av grunnskular for skuleåra 2007/2008 (2), 2008/2009 (4) og 2009/2010(5). For få elevar var hovudgrunnen til nedlegging, men for skuleåret 2009/2010 vart også kommunen sin økonomi vist til som årsak.

Rettleiarkorps

På vegne av Utdanningsdirektoratet inviterte Fylkesmannen skuleeigarar og skuleleiarar i fylket til å söke om å delta i Rettleiarkorpset 2010. Brevet vart sendt til fylkeskommunen og alle kommunane med beskjed om å vidaresende invitasjonen til alle grunn- og vidaregåande skular. Informasjonen vart òg publisert på heimesida. Interesserte vart oppmoda til å ta kontakt med embetet sin kontaktperson.

Til tre av dei fem informasjonsmøta som direktoratet arrangerte for å rekruttere rettleiarar, var det tilsaman ni interesserte som reiste frå Sogn og Fjordane. Frå Fylkesmannen deltok kontaktpersonen på eit av rekrutteringsmøta.

Dronning Sonjas skolepris

Fylkesmannen nominerte Kaupanger skule til Dronning Sonjas skolepris i 2010. Skulen vann prisen, som vart delt ut av Dronning Sonja på Kaupanger skule 2. desember d.å. Pristildelinga fekk god omtale i media lokalt. Sjå m.a. reportasje på [driftig.no](#).

Informasjon og kunnskapsinnhenting - røynsle med læreplanane

Fylkesmannen har ikkje hatt oppdrag på dette området i 2010.

Forsøk med arbeidslivsfag

Fire kommunar og seks grunnskular deltek i forsøket i Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen deltok på Utdanningsdirektoratet sine informasjonssamlingar om forsøket i april og mai. Vidare arrangerte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid ei nettverkssamling for nye forsøksskular skulåret 2010-2011.

[Les om samlinga her](#)

Kommunane Stryn og Eid har i samarbeid med høgskulen i Sogn og Fjordane sökt Utdanningsdirektoratet og fått midlar til eit forprosjekt. Kommunane ønskjer å utvikle eit fellesprosjekt retta mot entreprenørskap og forsøk med arbeidslivsfag på tre ungdomsskular. Dei skal også samarbeide med vidaregåande skule med vekt på karriererettleiing, utdanningsval og prosjekt til fordjuping (PTF). Målet er ei samordna satsing på overgang grunnskule og vidaregåande skule med hovudfokus på entreprenørskap, karriereval, utdanningsval, arbeidslivsfag og PTF.

Resultat på nasjonale prøver

Fylkesmannen har tatt initiativ til å skaffe kunnskap om kvifor fylket har så gode resultat på nasjonale prøver. I lag med Nord- Trøndelag har vi fått midlar av Utdanningsdirektoratet til å finansiere eit samarbeidsprosjekt som skal forklare dei store skilnadene i fylka våre.

32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning - kap. 230.01

Vi har hatt som hovudmål dette året å etablere eit tettare samarbeid mellom skuleeigarane, PPT, Statped vest og Fylkesmannen. Gjennom ulike tiltak har vi styrka samhandlinga og opplever at dette blir godt mottatt av alle partar.

Vi har tatt opp temaet klasseleiing i ulike møte og konferansar, og det har gitt høve til å belyse forholdet mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring.

Tilpassa opplæring og spesialundervisning har vore tema på møte med skulefagleg ansvarlege og rektorar i vidaregåande opplæring. Statped Vest deltok også. Statped Vest deltek fast på møta Fylkesmannen har med kommunane, og vi skal også delta i regionsamarbeid som Statped vest har initiert med to av regionane våre.

Fylkesmannen har delteke på fylkessamling for PPT- tilsette. Vi hadde under denne samlinga møte med leiarane for PPT-kontora, og såg på aktuelle samarbeidsområde i lag med Statped vest.

21. oktober vart det gjennomført konferanse for skuleeigarar, skuleleiarar, PPT og lærarar. Tema for samlinga var enkeltvedtak etter opplæringslova og gjennomgang av rettleiar til opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. 160 deltok på denne samlinga.

Fylkesmannen har delteke på møte med kommunane etter førespurnad. Temaet har også vorte tatt opp i nokre kommunebesøk.

Vi har gjennomført tilsyn med ein kommune i forhold til opplæringslova kap. 5.

Resultatområde 33 Tilsyns- og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

33.1 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga på tilskotsområdet som god. Vi har handsama dei statlege tilskota etter gitte retningsliner og frist frå KD. Alle søknader er formalia- og rimelegheitskontrollerte. Fylkesmannen gjennomfører stikkprøvekontroll i nokre kommunar på statlege tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage og statstilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder. Fylkesmannen har rapportert til KD på datoar i tråd med embetsoppdraget 2010 på KD sine skjema for tilskotskontroll. Ingen klagesaker.

33.2 Klagesaksbehandling

Fylkesmannen har hatt to klagesaker knytt til barnehagelova med forskrifter.

Den eine er returnert til kommunen for handsaming i første instans, og gjeld utmåling av kommunalt tilskot til privat barnehage. Den andre saka er klage på utmåling av kommunalt tilskot, og er under handsaming hos Fylkesmannen.

For 2009 var det registrert ein klage etter barnehagelova med forskrifter, dermed ein auke på ei sak til 2010.

Fylkesmannen vurderer å ha god måloppnåing innanfor resultatområdet. Sakene vert handsama utan ugrunna opphold.

Type Klage	Klager gis medhold/delvis medhold	Klager gis ikke medhold	Opphevet/returnert	Sum	innkommet 2009
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd § 6	1	2	0	3	3
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om midlertidig og varig					

dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
Merknad					

Ei sak er returnert og i den andre saka vart kommunen sitt vedtak stadfesta. Oppgang i tal klagesaker med 1 sak frå 2009.

33.3 Informasjon og veiledning

Fylkesmannen nyttar dei faste nettverka/ kommunenesamlingane for å informere om statlege satsingar og prioriteringar. I tillegg nyttar vi Fylkesmannen si nettside og den nye nettportalen vår www.kunnskapsdeling.no. Denne nettportalen er utvikla i samarbeid med høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, kommunane, fylkeskommunen og arbeidstakarorganisasjonane i fylket med tanke på samarbeid om kvalitetsutvikling i skule- og barnehagesektoren. På nettstaden blir kommunane sine kvalitetssystem og tilstandsrapportar for skule og evt. barnehage, lagt ut. Prosjekt, Fou-arbeid, kurs, konferansar og møte blir lagt ut her.

Fylkesmannen har arrangert barnehagekonferanse for alle barnehagetilsette (kommunale og ikkje-kommunale barnehagar) og barnehageadministrasjon, og leiarkonferanse for styrarar og pedagogiske leiarar (sjå 34.2).

I kommunenesamlingar med skule- og barnehagefagleg ansvarlege har vi særleg fokusert på informasjon om forskrift om likeverdig behandling og kommunane si endra rolle ved overgang til rammefinansiert barnehagesektor. Vi har rettleia kommunane i klagesakshandsaming og som barnehagemyndigheit etter barnehagelova med forskrifter.

Spørsmål rundt overgang til rammefinansiert sektor og "rett til barnehageplass" har vore aukande både frå kommunar og ikkje-kommunale barnehageeigarar.

Fylkesmannen vurderer i høve oppdraget å ha tilfredsstillande måloppnåing innanfor resultatområdet.

33.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2010 ført tilsyn med 4 kommunar. Vi har ikkje vurdert at det er kommunar som ut frå spesielle grunnar bør prioriterast for tilsyn, og har såleis vald ut kommunar både i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. Tema for tilsynet har vore kommunen som barnehagemynde : Kommunen sitt tilsyn med barnehagane § 16, kommunen som godkjenningsmynde §§ 10 og 11, kommunen si handtering av regelverket om styrar og ped. bemanning, ped.norm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen §§ 17 og 18 og politiattest § 19.

Alle tilsyna er utførte etter systemrevisjonsmetoden.

Eit avvik vart avdekkja i kvar av kommunane. Tilsynsrapportane er sende i kopi til KD og er lagt ut på Fylkesmannen si heimeside. Kommunane har mangelfulle rutinar for å sikre at barnehagane har godkjenning etter barnehagelova. Ingen av dei fire kommunane Fylkesmannen ført tilsyn med i 2010, oppfylte lovkrava gitt i barnehagelova når det gjeld godkjenning for alle barnehagane i kommunen. Kommunane har etter retting av avvik oppgitt at rutinane ved godkjenning av barnehagar vil bli endra. Dette for å sikre at sakshandsaminga er i tråd med regelverket. Nye godkjenningsvedtak er sendt Fylkesmannen i samband med lukking av avvik.

Avdelinga vår er lita, og det er jurist og rådgjevar for barnehage som har gjennomført tilsyna.

Fylkesmannen vurderer å ha god måloppnåing innanfor resultatområdet.

Tilsynsobjekt:	Høyanger kommune
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som barnehagemynde § 16, §§ 10 og 11, §§ 17 og 18 og § 19
Avvik/funn:	Høyanger kommune har ikkje fatta vedtak om godkjenning av barnehagane i kommunen slik barnehagelova krev.

Frist for lukking av avvik:	01.08.2010
Pålegg:	Ja
Merknad:	
Ressursbruk:	6dv.
Kommentar:	Fylkesmannen har motteke melding frå kommunen om at avviket er retta. Fylkesmannen lukka avviket 5. august 2010 i brev til kommunen
Tilsynsobjekt:	Balestrand kommune
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som barnehagemynde § 16, §§ 10 og 11, §§ 17 og 18 og § 19
Avvik/funn:	Balestrand kommune dokumenterer ikkje i tilstrekkeleg grad dei vurderingane som grunngjев vedtaka om godkjenning av barnehagane etter barnehagelova.
Frist for lukking av avvik:	01.04.2011
Pålegg:	Ja
Merknad:	
Ressursbruk:	6 dv.
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	Selje kommune
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som barnehagemynde § 16, §§ 10 og 11, §§ 17 og 18 og § 19
Avvik/funn:	Selje kommune har ikkje fatta vedtak om godkjenning av barnehagane i kommunen slik barnehagelova krev
Frist for lukking av avvik:	01.04.2011
Pålegg:	Ja
Merknad:	
Ressursbruk:	8 dv.
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	Eid kommune
Tema/myndighetskrav:	Kommunen som barnehagemynde § 16, §§ 10 og 11, §§ 17 og 18 og § 19
Avvik/funn:	Eid kommune dokumenterer ikkje i tilstrekkeleg grad godkjenning av barnehagane etter bestemmelsane i barnehagelova
Frist for lukking av avvik:	01.09.2010
Pålegg:	Ja
Merknad:	
Ressursbruk:	8 dv
Kommentar:	Fylkesmannen har motteke melding frå kommunen om at avviket er retta. Fylkesmannen lukka avviket 2. september 2010 i brev til kommunen.

Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

34.1 Tilgjengelig barnehagertilbud

I Sogn og Fjordane får alle barn med rett til barnehageplass tilbod om plass. Fylkesmannen har gjennom kommunesamlingar, e-post, telefon og informasjon på Fylkesmannen si heimeside orientert kommunane om korleis den lovfesta retten til barnehageplass er å forstå.

Fylkesmannen har i 2010 rapportert til KD om stoda i kommunane i høve barnehagedekning i samsvar med gitte retningsliner.

Fylkesmannen vurderer å ha tilfredsstillande måloppnåing innanfor resultatområdet.

34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Fylkesmannen ivaretok kompetanseutvikling og rekruttering i barnehagesektoren gjennom tiltak knytt til kompetansemidlar, språkstimuleringsmidlar, utviklingsmidlar, likestillingssmidlar, rekrutteringsmidlar og tiltak i kompetansestrategien. Fylkesmannen er i tett dialog med kommunane regionvis og enkeltvis om opplegg for kompetanseutvikling og prioriteringar. Tiltak som vert iverksette gjeld for både kommunale og private barnehagar i fylket.

Fylkesmannen mottok i 2010 600 000 kr i utviklingsmidlar, 843 000 kr i kompetansemidlar, 78 000 kr i likestillingssmidlar og 250 000 kr i språkstimuleringsmidlar. I Sogn og Fjordane har vi fire kompetanseregionar som etter søknad med framlagt kompetanseplan i tråd med nasjonale og eigne satsingar, vart tildelt heile beløpet for utviklingsmidlar. Vi fordeler midlane etter ein fordelingsnøkkel på tal barnehagar og tal barn i barnehagane i regionane. Den einskilte kommune eller barnehage søker ikkje på desse midlane. Søknader og seinare rapporteringar viser at nasjonale satsingar blir godt ivaretokne og alle barnehagar og heile personalet deltek.

Rekneskap for bruk av desse midlane blir rapportert til KD i tråd med gjeldande retningsliner.

Leiarkonferansen for styrarar og pedagogiske leiarar 2010 vart arrangert 19. -20. mai og fokuserte på styrarutfordringar, organisering og leiing av ein barnehagesektor i vekst og omdanning. Konferansen er årleg og er eit samarbeid mellom KS, høgskulen i Sogn og Fjordane, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen.

Barnehagekonferansen 2010 vart arrangert 26.-27. oktober med hovudtittel "mangfald", der hovudtema var språkstimulering, fleirkulturell pedagogikk og likestilling. Dette er ein konferanse som vi arrangerer årleg saman med høgskulen i Sogn og Fjordane, KS og Utdanningsforbundet. Konferansen hadde oml. 200 deltakarar.

Fylkesmannen, høgskulen i Sogn og Fjordane og NAFO har i fleire år samarbeidd om kompetanseutviklingsprosjektet "Språkleg og kulturelt mangfold i barnehagen". I 2010 har vi hatt fagdag for nettverksbarnehagar og for alle kommunane. Gjennom samarbeid har høgskulen, kommunane og Fylkesmannen utarbeidd eit forprosjekt for eit studietilbod i 2011 som vil bli tilbydd barnehagetilsette. Kursdeltakarar med studiekompetanse får 5 vekttal i studiet "Språkleg og kulturelt mangfold i barnehagen" medan personale utan studiekompetanse kan delta og få studiebevis.

"*Sats på barnehagen - snu Sogn*" er eit samarbeidsprosjekt som skal utvikle kommunane som barnehageeigarar, utvikle og etablere fagnettverk for fagområda i rammeplanen og leiarutdanning på 30 studiepoeng for styrarar og pedagogiske leiarar. Satsinga er retta mot St.meld. 2008-2009 Kvalitet i barnehagen. Fylkesmannen er medlem i programstyret. Prosjektet hadde oppstartsmøte i desember månad.

Handlingsplan for likestilling har vore tema i kommunesamlingar. Vi har tildelt midlar til Fou-prosjekt i Nordfjordregionen der alle kommunane deltek og tema er likestillingsarbeid i barnehagane. Fylkesmannen er medlem av rekrutteringsteamet for å rekruttere fleire menn til forskolelærarutdanninga. Fylkesmannen har gått inn med midlar til prosjekt på HSF der ein skal følgje opp dei mannlege forskolelærarstudentane spesielt. I tett dialog skal ein legge til rette for at studiet blir tilrettelagt for menn og følgje opp mannlege studentar. Ein vil også prøve å få meir informasjon om årsaka til at mannlege studentar sluttar på studiet, og sjå på kva ein kan gjøre for å endre på det.

Det er særlege utfordringar knytt til rekruttering av forskulelærarar til barnehagane i fylket. Førskulelærarstudiet ved HSF og den desentralisert forskulelærarutdanninga rettar noko på dette, men truleg er utdanningsveksten for låg til å dekke opp for alle ledige stillingar. Tema og drøfting av tiltak for rekruttering til forskulelærarutdanninga er jamleg oppe i Fylkesmannen sine samarbeidsfora der høgskulen og kommunane deltek.

Fylkesmannen vurderer ut frå sin ressurssituasjon å ha tilfredsstillende måloppnåing innafor resultatområdet.

34.3 Andre satsingsområder

Fylkesmannen stimulerer til utviklingsprosjekt og har i år tildelt FoU-midlar til barnehagar i Nordfjordregionen for prosjektet "likestillingsarbeid i Nordfjordregionen".

Fylkesmannen informerer om statlege satsingar og strategiar på nettsidene, i telefon og e-post og i kommunesamlingar.

Fylkesmannen og to styrarar frå kvar region deltok på nasjonal styrarkonferanse i Stavanger.

Fylkeskommunen, Fylkesmannen si helseavdeling og utdanningsavdeling har gjennomført samlingar for barnehagetilsette om *kosthold og ernæring i barnehagen*.

Manifest mot mobbing går inn som ein del av planarbeidet i barnehagane.

Fylkesmannen og høgskulen i Sogn og Fjordane hadde fem samrådingsmøte i 2010. I desse møta handsama vi både skule- og barnehagesaker som etterutdanning- og vidareutdanningstilbod til forskolelærarar og lærarar. Gjennom tett kontakt med kommunane tilrettelegg ein for prioriterte tiltak. Møta er også ein nyttig kanal for utveksling av informasjon og drøfting.

Målloppnåing vurderer vi som tilfredsstillande.

Ressursrapportering

I samband med ressursrapporteringa har vi funne ein feil i rekneskapsføringa vår. Mykje av overheadinntektene som kjem inn til embetet er ført feil. Det skulle vore ført på resultatområde 950 og ikkje på vedkomande departement sine resultatområde. Vi endrar rutinane våre for 2011 slik at årets resultatrapportering vert korrekt.

Korrekt forbruk på resultatområde 3 Kunnskapsdepartementet er kr 3.240.743,47.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 950 479,95	kr 142,04
31.4 Informasjon og veiledning	kr 575 011,28	kr 24,59
31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 28 432,75	kr 481 789,10
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 454 730,62	kr 0,00
32.2 Kompetanseutvikling	kr -103 001,69	kr 0,00
32.3 Skoleporten	kr 113 352,87	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 188 555,47	kr 0,00
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 224 608,66	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 45 698,73	kr 260 572,77
33.4 Tilsyn	kr 113 068,06	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 190 124,63	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 83 468,84	kr 5,94
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 3 519,44	kr 0,00
Sum:	kr 2 868 049,00	kr 742 534,00

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen har motteke 25 tilsynsklager i 2010. I tillegg var det 3 saker frå 2009 som ikkje var avslutta innan årsskiftet. 21 av desse sakene vart behandla i 2010, og 7 vart ikkje avslutta innan årsskifte.

I 11 av dei ferdigbehandla sakene, gav Fylkesmannen kritikk til kommunens sakshandsaming.

Sakene som vart behandla er i hovudsak på klager på barneverntenesta, og korleis barneverntenesta behandlar familien i undersøkingssaker. Fleire av sakene gjeld besteforeldra sitt ønske om samvær med barn i fosterheim. I tillegg har det vore fleire saker som omhandlar retten til innsyn i saksdokument.

41.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har i 2010 ført tilsyn med fire barneverninstitusjonar, som totalt utgjer åtte avdelingar/einingar. Tre institusjonar er statlege, og ein institusjon er eigmend og driven av private.

Det er i 2010 utført 26 individtilsyn. Dette utgjer 20 % meir enn dei lovpålagede tilsyna. Ti av tilsynsbesøka var umelde. Tilsynet har vurdert at det har vore behov for fleire tilsyn enn det som er lovpålagd.

Det har vore gjennomført systemrevisjon med alle institusjonane, der tema har vore tvangsprøtakollering og behandling av klager. Tilsynet er eit samarbeidsprosjekt med embeta i Hordaland og Rogaland.

Det har ikkje vore gjennomført systemrevisjon med kommunar, men Fylkesmannen har hatt tett oppfølging med tre kommunar. Oppfølginga har samanheng med brot på fristar og manglande tiltaksplanar.

Vi viser elles til utfyllande rapportering til Statens helsetilsyn i mars.

41.3 Klagesaker

Fylkesmannen har motteke tre klagesaker på communal barnevernteneste i 2010. I tillegg var det ei sak som ikkje var avslutta innan 2009. Tre av sakene var ferdigbehandla, og ei var ikkje avslutta innan utgangen av året. Av desse vart to av sakene oppheva og tilbakesendt, og ei vart avvist. Ei av dei ferdigbehandla sakene vart ikkje behandla innan tre månader.

Ei sak gjeld avlastingstilbod, der klagen vart avvist. I ei sak ba Fylkesmannen om at kommunen vurderte saka på ny, denne saka gjaldt mangel på tiltak. I den siste saka ønskte klagar tiltak frå anna innstans enn barnevernet, og Fylkesmannen bad også her kommunen om å sjå på saka på ny.

Fylkesmannen har i 2010 motteke ni saker frå bebuarar eller føresette, desse sakene gjeld bruk av tvang på institusjon. To av sakene vart ikkje behandla innan utgangen av året. Sakene omhandla i hovudsak avgrensingar i bruk av telefon og pc, og avgrensingar i retten til å beveg seg fritt, og bruk av piercing. Fleire av klagarane har teke opp fleire forhold. Det vart gitt kritikk til institusjonen i tre av sakene.

Det har også vore teke opp saker med Fylkesmannen direkte under tilsyn eller på telefon. Desse har vorte avklara direkte med institusjonen.

Fylkesmannen har motteke og behandla éi sak som omhandla andre brot på forskrifter.

Alle sakene er behandla innan tre månader.

41.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har hatt tett oppfølging med tre kommunar. Oppfølginga har samanheng med brot på fristar og manglande tiltaksplanar. Det er ikkje gjeve bot til nokon kommune i 2010.

Vi oppmodar kommunane om å senda inn kontrollskjema innan fristane.

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

Det er etablert NAV-kontor i alle kommunane, men kva kommunale oppgåver som er lagt inn i NAV utover minimum varierer.

Frå 2010 har Fylkesmannen fått heimel for å føre tilsyn med sosiale tenester i NAV. Fylkesmannen har gjennomført dei fire pålagde tilsyna med økonomisk stønad.

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi har ikkje motteke eller oppretta sak om tilsyn ut frå enkelthendingar.

74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen hadde krav om fire tilsyn og desse er gjennomført. Ein tilsynsrapport var ikkje ferdig ved utgangen av året.

Det var funne avvik i alle kommunane og i to kommunar vart det gitt to avvik. Alle fekk avvik på manglande individuell vurdering ved utmåling av økonomisk sosialhjelp, medan to fekk avvik på brot på teieplikta ved at utbetalingar skjer direkte til kreditor utan dokumentert samtykke eller at dette er stilt som vilkår.

74.9 Andre oppdrag

Saman med fylkeseining i NAV har Fylkesmannen gått gjennom NAV-kontora sin vedtak om kvalifiseringsstønad. Kvaliteten på vedtaka varierer og erfaringane som er gjort vil bli brukt til vidare kompetansebygging innan fagområdet og saksbehandlinga.

Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

Fylkesmannen har gjennomført dei åtte pålagde tilsyna, då slik at fire tilsyn vert talt som 50 %. Det er såleis 10 kommunar vi har retta tilsyn mot. Sju av desse er fellestilsyn med Helsetilsynet og er ein del av dei landsomfattande tilsyna kring tenestene til eldre, medan det eine tilsynet vart retta mot kommunen si handsaminga av saker etter lov om sosiale tenester kap. 4A.

Åtte av kommunane fekk avvik, ein kommune fekk éin merknad, medan éin kommune fekk korkje avvik eller merknad.

Fylkesmannen mottok totalt 64 klager etter dei to sosiallovene. Dette er det same som i 2009. Det vart teke avgjerd i 62 saker, noko som er éi færre enn året før. Sakshandsamingstida i fire saker gjekk over tre månader, mot ingen i 2009.

81.1 Hendelsesbasert tilsyn

På bakgrunn av avisoppslag og brev frå brukar, vart det oppretta tilsynssak om gjennomføring av avlastningstilbod i ein kommune. Fylkesmannen avslutta saka etter at kommunen hadde informert om at tilbodet var etablert i samsvar med vedtak.

81.2 Planlagt tilsyn

Kravet om åtte tilsyn etter lov om sosiale tenester er utført. Sju av tilsyna er utført som landsomfattande tilsyn på eldremrådet.

81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Fylkesmannen mottok 64 klager og gjorde vedtak i 62, av desse var 35 etter lov om sosiale tenester og 27 etter lov om sosiale tenester i NAV. I 48 klager vart kommunen sitt vedtak stadfesta, 11 klager vart endra til klagar sin gunst og 3 klager vart oppheva og sendt attende til kommunen til ny handsaming.

Dei fleste klagene, 49, vart handsama innan to månader, men i fire klager gjekk ein over 3-månaderfristen.

81.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen mottok 554 meldingar om tvang og makt etter sosialtenestelova kap. 4A for 32 personar. Vi overprøvde 31 kommunale vedtak der 26 av vedtaka vart godkjent, medan fem ikkje vart godkjende. Det er 17 personar med godkjent vedtak. I løpet av året har vi gjort ni tilsyn hjå personar med vedtak.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

Vi viser til eigen rapportering i Regrot.

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi syner til eiga rapportering til Statens helsetilsyn gjennom Regrot.

82.2 Planlagt tilsyn

Resultatkrav for planlagte tilsyn etter helselovgivinga i Sogn og Fjordane var 13. Vi har gjennomført 14 tilsyn.

To tilsyn blei gjennomført i spesialisthelsetenesta. Ved eitt av tilsyna var det avvik. Fem fastlegetilsyn blei gjennomført. Ved to av tilsyna var det avvik. I fellestilsyn med helse- og sosial var det funne avvik i fire av fem kommunar og stikkprøvekontroll i fire kommunar avdekte avvik i tre kommunar.

Vi har i 2010 brukt mykje ressursar på planlagde tilsyn. Mellom anna pga. opplæring til fleire nytilsette på fagområdet.

Vi viser elles til eigen rapportering til Statens helsetilsyn om gjennomførte tilsyn.

82.3 Klagesaker

Vi syner til eiga rapportering til Statens helsetilsyn gjennom Regrot.

82.9 Andre oppdrag

Vi har i 2010 motteke 62 meldingar etter lov om spesialisthelseteneste § 3-3. Svikt i samband med medikamenthandteringa utgjer framleis hovudtyngda av meldingane. Vi har starta tilsynssak med bakgrunn i desse meldingane (jf. rettleiar) og Helse Førde er i ferd med å revidere rutinane for medikamenthandtering. Dette

følgjer vi opp. § 3-3 - meldingane var omtalt i artikkel i Helse- og sosialmeldinga for 2009. § 3-3 - meldingane vert teke opp som eit av fleire tema på faste møte med Helse Førde.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 41 Tilsyn med barnevernområdet

Fylkesmannen har i 2010 ført tilsyn med fire barneverninstitusjonar, som totalt utgjer åtte avdelingar/einingar. Tre institusjonar er statlege, og ein institusjon er eigd og driven av private.

Det er i 2010 utførd 26 individtilsyn. Dette utgjer 20 % meir enn dei lovpålagte tilsyna. Ti av tilsynsbesøka var umelde. Tilsynet har vurdert at det har vore behov for fleire tilsyn enn det som er lovpålagt. I tillegg har det vore gjennomført systemrevisjon med alle institusjonane, der tema har vore tvangsprøtakollering og behandling av klager. Tilsynet er eit samarbeidsprosjekt med embata i Hordaland og Rogaland.

Det har ikkje vore gjennomført systemrevisjon med kommunar, men Fylkesmannen har hatt tett oppfølging med tre kommunar. Oppfølginga har samanheng med brot på fristar og manglande tiltaksplanar.

Det vert vidare vist til utfyllande rapportering til Statens helsetilsyn i mars.

Resultatområde 42 Familierett

42.1 Ekteskapsloven

I 2010 gav vi separasjonsløyve i 199 saker, noko som er sju færre enn i 2009.

Vi gav skilsmisseløyve i 196 saker, noko som er 19 fleire enn i 2009.

Vi gav løyve til fritak for å legitimere skifte i to saker.

42.2 Anerkjennelsesloven

I 2010 hadde vi 24 saker som gjaldt godkjenning av utanlandske skilsmisser, dette er 12 saker meir enn i 2009.

42.3 Barneloven

Det har ikkje vore saker på dette området.

42.4 Veiledning og informasjon

Fylkesmannen informerer brukarar som tek kontakt om familievernkontoret sine oppgåver, og sender ut informasjonsmateriell ved behov.

Resultatområde 43 Krisetiltak

Det har ikkje blitt gjort endringar i tilbodet om krisetiltak. KS Sogn og Fjordane har hatt ei arbeidsgruppe som

har arbeidd med framlegg til framtidig organisering av krisetiltak i fylket. Dette arbeidet er ikkje avslutta.

43.1 Tilsyn med kommunenes ansvar for et tilbud om krisesenter

Fylkesmannen har ikkje gjennomført tilsyn i 2010. Det har samanheng med at vi har venta på rettleiar frå departementet på korleis tilsynet skal gjennomførast.

43.2 Informasjon og veiledning

Fylkesmannen har gjennomført ei kartlegging i alle kommunar, for å få ei tilbakemelding på korleis det framtidige krisesentertilbodet vert handtert.

Det har vore orientert om lovendring og kommunane sitt ansvar, både på heimesida vår, og under prosjektet "Vald i nære relasjoner".

Resultatområde 44 Familievern

Det er ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontor i 2010. Tilsyn med familievernkontora skal gjennomførast mininimum kvart 3. år, eller etter ei risikovurdering. Fylkesmannen har ikkje vurdert det som naudsynt å gjennomføra tilsyn i 2010.

Resultatområde 45 Barn og unge

Sjølv om tal meldingar til barnevernet har vore stabilt i høve førre året, syner statistikken at barn med hjelpetiltak auka med ca 7 %.

Det har vore ein svak auke i tal tilsette i barnevernet og mange kommunar slit med å halde fristane på undersøkingar og oppfylle kravet om tiltaksplanar i alle saker.

Det er få som klagar på manglande hjelpetiltak, men det har vore ein vesentleg auke i saker der foreldre og andre pårørande er misnøgde med måten barnevernet har handsama saka.

Fylkesmannen har hatt fokus på ressurssituasjonen i barnevernet i kontakten med kommunane, m.a. som tema på KS-konferanse. Interkommunalt samarbeid i barnevernet har også vore tema her.

45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

Programmet "Vald i nære relasjoner" vart starta opp med ei samling i 2009, og det har vore gjennomført fire samlingar over to dagar i 2010. Det vil i tillegg kome ei oppsummeringssamling hausten 2011. Programmet har vore eit samarbeid mellom Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS), Kriminalomsorga, Høgskulen, Bufetat, kommunane og Fylkesmannen. Føremålet med prosjektet har vore todelt. Det eine føremålet har vore å auke kompetansen for tilsette i kommunar som arbeider med dette, og styrke det tverretatlege arbeidet mot vald og overgrep. Det andre målet har vore å stimulere kommunane til å lage kommunale handlingsplanar for å førebyggje vald i nære relasjoner.

Fylkesmannen har i samarbeid med Bufetat årlege fylkessamlingar for kommunalt og statleg tilsette som arbeider med barnevern. Hovudtemaet i 2010 var fosterheimsarbeid.

Fylkeskommunen inviterte Fylkesmannen til eit samarbeid med fokus på tannhelsetenesta si meldeplikt til barnevernenesta. Det har vorte utarbeidd retningsliner for melding og samarbeidsavtale mellom tenestene.

Fylkesmannen har saman med Fylkesmennene i Hordaland og Rogaland hatt tre møte med Bufetat region vest. I tillegg er det regelmessige samarbeidsmøte med Bufetat fagteam og kommunane i Sogn og Fjordane.

Råd og rettleiing til kommunane skjer i møte, dialog og telefonkontakt, og relevant informasjon på heimesida på barnevernområdet.

Fylkesmannen har hatt fokus på å informere og stimulere kommunane til interkommunalt samarbeid på

45.2 Fritak for taushetsplikt

Vi har handsama ni saker om samtykke til fritak frå teieplikt i 2010. Sakene vert til vanleg handsama innanfor to veker.

Dei fleste sakene gjeld teieplikt for barnevernstillsette eller tilsette i barnehage- og skulesektoren i sivile saker om barnefordeling. Fem av sakene gjeld tilsette i barnevernet.

Etter at vi gjekk gjennom rutinane våre på dette området i 2010, oppdaga vi at Fylkesmannen sitt heimelsgrunnlag for å kunne gje fritak frå teieplikt var noko uklart for enkelte typer personell. Dette skuldast at ikkje alle departement har delegeret mynde til Fylkesmannen etter ny twistelov § 23-2. Dette har ført til at vi har sendt eit par søknader om samtykke til fritak frå teieplikt til Kunnskapsdepartementet for handsaming. Vi har fått tilbakemelding frå Kunnskapsdepartementet at dei vil ordne med delegering av mynde til Fylkesmannen.

45.3 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

Handlingsplan mot kjønnslemlesting har vore ein del av tema gjennom programmet "Vald i nære relasjoner". Sjå punkt 45.1.

45.4 Biologisk opphav

Vi har hatt fire saker kor personar har bedt om opplysningar om sine biologiske foreldre.

Resultatområde 46 Universell utforming

Hausten 2010 vart det laga ein handlingsplan for universell utforming av Statens hus på Leikanger. Her vart det slått fast at Statens hus og embetet oppfyller dei fleste av kriteria for universell utforming i offentlege verksemder som er utarbeidd av Deltasenteret. Det vart likevel avdekkja nokre manglar som skal utbetraast i løpet av 2011. I planen vart det også slått fast at krava om universell utforming skal etterfølgjast ved inngåing av nye innkjøpsavtalar og ved utforminga av nye teknologiske løysingar. I tillegg skal det utarbeidast ein eigen handlingsplan for lokala til landbruksavdelinga i Førde etter at desse er ferdig renoverte.

Handlingsplanen har blitt gjort kjent på møte i leiargruppa, og på møter i AMU og med dei tillitsvalde. Den er også lagt ut på intranettet vårt.

Fylkesmannen har i 2010 sett til at universell utforming har vore omtala og teke med i rulleringa av kommuneplanane som vi har hatt til uttale. Fylkesmannen har nytta tildelte midlar til kompetansehevande tiltak for planleggjarar og andre faggrupper som arbeider med universell utforming i kommunane.

I fylkeskommunen er arbeidet med universell utforming lagt inn som ein del av folkehelsearbeidet, det har difor vorte ein del av samarbeidet mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen innafor partnarskapsarbeidet om folkehelse. Fylkesmannen har gjennom fleire år hatt eit tett samarbeid med fylkeskommunen om ulike tiltak og prosjekt innafor området Universell utforming.

Resultatområde 47 Innvandring og integrering

47.1 Statsborgerseremonier

Vi inviterte 78 nye statsborgarar til seremoni i Statens hus Sogn og Fjordane 24. april 2010. 13 av dei inviterte deltok på seremonien, noko som gir ein deltakingsprosent på 17.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMSF	1	17
Sum	1	

47.2 Bosetting av flyktninger

Det vart gjennomført møte i mai med leiarane i UDI Vest og IMDI, samt leiar i KS-styret og leiar i rådmannsutvalet i tillegg til fylkesmann, assisterande fylkesmann, utdanningsdirektør og to andre representantar for Fylkesmannen. Busetting av flyktningar var eit sentralt tema.

I tillegg har det gjennom heile året vore dialog med UDI-Vest og IMDI korleis ein kan støtte kommunane i sitt arbeid med busetting av flyktningar

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Fylkesmannen har gitt nødvendig rettleiing til kommunane ved anvendelse av lova

Det har ikkje vore klagesaker knytt til kommunale vedtak i forhold til introduksjonsloven for 2010.

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Tilskotsforvatning:

Fylkesmannen har gjennomført kurs i samarbeid med IMDI for lærar som gjennomfører norskopplæring for voksne innvandrere og asylsøkarar.

Fylkesmannen har ilag med vaksenopplæringssentra i fylket starta opp arbeidet med eit felles etter- og vidareutdanningstilbod for alle lærarane i fylket.

Fylkesmannen har i rapportert til IMDI vedkomande tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap fo voksne innvandrarar og norskopplæring for asylsøkjarar. Fylkesmannen betalar ut grunntilskot, resultattilskot, per capitatilskot og tilskot til norskopplæring for asylsøkjarar i mottak.

Resultatområde 48 Likestilling

Internt

Sjå punkt 98.2 og 98.4.

Vi oppmodar kvinner om å ta på seg leiaransvar.

I leiartreninga som vi gjennomførte i 2010 la vi vekt på å få ei jamn avdelings- og kjønnsfordeling. Av 15 deltarar var åtte kvinner.

I høve konferansar vi har ansvar for å arrangere, er vi medvitne på å få til ein balanse mellom mannlege og kvinnelege innleiarar.

Tilstandsrapport kjønn

2009

Kjønnsbalanse: menn 50,4 %, kvinner 49,6 %

Prosentvis uttak av årslønn: menn 53,6 %, kvinner 46,4 %

Toppleiing: menn 62,5 %, kvinner 37,5 %

Mellomleiing: menn 90,0 %, kvinner 10 %

Seniorrådgjevar/senioringeniørar: menn 66,6 %, kvinner 33,4 %

Rådgjevar, ingeniør, overingeniør, avdelingsleiing, fylkesagronom, fylkessjukepleiar, fylkesskogmeister, arkivleiar: menn 53,1 %, kvinner 46,9 %

Førstekonsulent, seniorkonsulent: menn 32 %, kvinner 68 %

Konsulent, reinhaldar og læring: menn 12,5 %, kvinner 87,5 %

Gjennomsnittleg månadslønn:

Toppleiing: menn kr 60 993, kvinner kr 54 256

Mellomleiing: menn kr 46 432, kvinner kr 35 308

Seniorrådgjevar/senioringeniørar: menn kr 38 282, kvinner kr 35 443

Rådgjevar, ingeniør, overingeniør, avdelingsleiing, fylkesagronom, fylkessjukepleiar, fylkesskogmeister, arkivleiar: menn kr 33 334, kvinner kr 34 362

Førstekonsulent, seniorkonsulent: menn kr 31 200, kvinner kr 29 102

Konsulent, reinhaldar og læring: menn kr 17 780, kvinner kr 24 178

Deltid: menn 2,4 %, kvinner 14,6 %

Mellombels tilsetjing: menn 3,3 %, kvinner 4,1 %

Foreldrepermisjon: menn 0,8 %, kvinner 0,8 %

Legemeldt sjukefråver: menn 0,9 %, kvinner 1,9 %

2010

Kjønnsbalanse: menn 46,6 %, kvinner: 53,4 %

Prosentvis uttak av årslønn menn: 49,7 %, kvinner 50,3 %

Toppleiing: menn 62,5 %, kvinner 37,5 %

Mellomleiing: menn 90,0 %, kvinner 10 %

Seniorrådgjevar/senioringeniørar: menn 66,6 %, kvinner 33,4 %

Rådgjevar, ingeniør, overingeniør, avdelingsleiing, fylkesagronom, fylkessjukepleiar, fylkesskogmeister, arkivleiar: menn 53,1 %, kvinner 46,9 %

Førstekonsulent, seniorkonsulent: menn 32 %, kvinner 68 %

Konsulent, reinhaldar og læring: menn 12,5 %, kvinner 87,5 %

Gjennomsnittleg månadslønn:

Toppleiing: menn kr 60 123, kvinner kr 58 342

Mellomleiing: menn kr 44 425, kvinner kr 46 889

Seniorrådgjevar, senioringeniør: menn kr 40 299, kvinner kr 37 430

Rådgjevar, ingeniør, overingeniør, avdelingsleiing, fylkesagronom, fylkessjukepleiar, fylkesskogmeister, arkivleiar: menn kr 36 450, kvinner kr 33 543

Førstekonsulent, seniorkonsulent: menn kr 32 675, kvinner kr 39 793

Konsulent, reinhaldar og læring: menn kr 15 843, kvinner kr 23 648

Deltid: menn 2,5 %, kvinner: 17,8 %

Mellombels tilsetjing: menn 4,2 %, kvinner 2,5 %

Foreldrepermisjon: menn 0,0 %, kvinner 1,7 %

Legemeldt sjukefråver: menn 0,1 %, kvinner 2,7 %

Eksternt

Om intern forankring av oppdraget

Likestillingsoppdraget til Fylkesmannen har vore handsama som sak i leiarmøte to gonger i 2010. Eit særleg koordinerande ansvar for likestillingsarbeidet er vedteke lagt til utdanningsavdelinga i embetet.

Det er laga eit samla oversyn over alle oppgåvene som er lagt til Fylkesmannen sine sektorområde – knytt til området likestilling.

I juli d.å. kontakta Fylkesmannen Barne- likestillings og inkluderingsdepartementet for ei nærmare avklaring av oppgåvene, slik dei er omtalt i embetsoppdraget for 2010. I slutten av oktober mottok Fylkesmannen svar frå departementet, der oppdraget i større grad var operasjonalisert.

På denne måten har Fylkesmannen sikra seg eit godt oversyn over oppgåvefeltet, kva oppgåvene bringer med seg internt og eksternt, samt sikra god ansvarspllassering og forankring på leiarnivå i organisasjonen.

Oppfølging og rettleiing av kommunane

For å bli meir målretta i høve det eksterne oppdraget, har Fylkesmannen gått igjennom årsmeldingane til kommunane i fylket og vurdert kva kommunar som treng ei særleg rettleiing i høve aktivitets- og rapporteringsplikta, jf. krav til kommunane som vert lagt til grunn i rapporten ”Tre år med kontroll av kommuners likestillingsredegjørelser” frå Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO). Vidare har Fylkesmannen hatt dialog med LDO om krava til kommunane si tiltaksrapportering i høve enisitet m.v. og nedsett funksjonsevne.

Fylkesmannen skal lage ein plan for informasjon til kommunane om aktivitets- og rapporteringsplikta innan 15. januar 2011.

Når det gjeld utfordringar på området viser vi til pkt 34.2 i årsrapporten, der det går fram at det er særlege utfordringar knytt til rekruttering av forskulelærarar til barnehagane i fylket.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 37 364,50	kr 0,00
42 Familierett	kr 165 736,52	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 4 465,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 979 182,11	kr 0,00
47 Integrering	kr 119 867,49	kr 41,45
Andre oppgaver under BLD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 1 306 615,00	kr 41,00

Justis- og politidepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

Tilsyn med overformynderi og opplæring for overformynderane har vore nedprioritert i 2010. Overformynderane og hjelpeverjene etterlyser kurs og rettleiing, men vi har også dette året hatt liten kapasitet til å etterkome slike ønske. Vi har prioritert desisjon, gjeve rettleiing til overformyndarar som har spørsmål, og vi har gjennomført tilsyn på bakgrunn av innspel om moglege uheldige tilhøve i enkelte kommunar.

51.2 Vergemålsloven

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMSF	6	1
Sum	6	1

51.3 Forliksrådene

Vi har ikkje handsama saker på dette området i 2010.

51.4 Tilsynsråd for fengslene

Vi hadde ikkje saker på dette området i 2010.

51.5 Tomfestelov

Vi hadde ikkje saker på dette området i 2010.

51.7 Kommunale politivedtekter

Vi har ikkje hatt slike saker i 2010.

51.8 Hundeloven

Vi har ikkje hatt saker på dette området i 2010.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Det vart handsama 790 saker på rettshjelpsområdet i 2010 (inkludert saker for Kontrollkommisjonen). Omlag 86 % av sakene vart handsama innan fire veker frå dei kom inn. Ved årsskiftet hadde embetet ein restanse på 18 saker. Totalt sett har det vore ein auke på 9 % i tal innkomne saker sidan førre år, medan tal handsama saker har gått opp med omlag 2 % i same periode. For meir detaljerte opplysningar om sakstypar og utbetalte beløp, viser vi til kvartalsvise rapportar sendt til Statens sivilrettsforvaltning i tråd med embetsoppdraget.

Vi har elles følgt opp innføringa av den elektroniske skjemaløysinga og har arbeidd aktivt for å få advokatar til å ta i bruk denne. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok med tre sakshandsamarar på den årlege rettshjelpssamlinga til Statens sivilrettsforvaltning i oktober.

52.3 Navneloven

Vi har i 2010 handsama ei sak som gjeld første gangs namneval og fire saker som gjeld endring av etternamn.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Første utgåva av fylkes-ROS var ferdig i 2007, og analysen har vore brukt aktivt i arbeidet med å skape medvit omkring risiko- og sårbarheitsutfordringane i fylket. Fleire kommunar brukar fylkes-ROS som rettleiar i arbeidet med sine eigne analysar.

Øvingsutvalet i fylket, som vert leia av politiet, brukar fylkes-ROS som eit grunnlag for vurderingar av kva tema som det bør øvast på. I revisjonen av embetet sitt beredskapsplanverk har funna i fylkes-ROS vore eit viktig grunnlag for vurderinga av kva type uønskte hendingar vi bør ha tiltakskort for. I 2011 skal vi revidere fylkes-ROS, og utvide den med nye tema, m.a. ulykker på sjøen og drikkevassforsyning.

Gjennom rettleiingsmøte og annan kontakt har vi aktivt prøvd å påverke kommunane til å utvikle heilskaplege og samordna beredskapsplanverk, basert på ROS-analysar. Vi har samarbeidd med Mattilsynet for å utvikle kommunane sine beredskapsplanar for trygg drikkevassforsyning.

Fylkesberedskapsrådet er ein viktig arena for å skaffe og dele kunnskap om risiko og sårbarheitsforhold. Det gir og viktig innsikt i kva samarbeidande aktørar kan bidra med i samfunnstryggleiksarbeidet. I samband med rådet sitt møte i januar samarbeidde vi med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og dei to embeta hadde m.a. ei felles atomberedskapsøving.

53.2 Samfunnsplanlegging

Ei arealforvaltning som bidreg til å sikre trygge og robuste lokalsamfunn er eit gjennomgåande tema i kontakten vi har med kommunane, t.d. i rettleiingsmøta.

Ved sidan av generell rettleiing og rådgiving, brukar vi motsegn aktivt for å påverke kommunane til å inkludere ROS-analysar i arealplanprosessane. Vi meiner å sjå at kommunane no legg større vekt enn før på tryggleik ved all utbygging.

ROS-vurderingane vert ofte synleggjort gjennom bruk av sjekklistar. Vi ser at det kan vere ei utfordring å få tilstrekkeleg dokumentert at det ligg vurderingar av god kvalitet bak konklusjonane.

53.5 Planlegging innen kraftforsyning, flom- og skredfare

Fylkesmannen har tett og god kontakt med NVE. Vi samarbeidde med NVE om eit seminar for kommunane i november, der NGU orienterte om status i fjellskredprosjektet.

Vi har regelmessig kontakt med NVE i arealplansaker, m.a. for gjensidig avklaring av synspunkt og bruk av motsegner.

Beredskapseininga gir innspel til Fylkesmannen sine høyringsuttalar i kraftutbyggingssaker. Forsyningstryggleik er hovudtema i desse innspela.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Vi har gjennomført rettleiingsmøte med sju kommunar. I forkant av møta har vi hatt dialog med Mattilsynet, DSB og politiet, og med andre avdelingar i embetet. Nokre av møta har vore felles med Mattilsynet sin revisjon av vassforsyninga. Vi samarbeider tett med Helsetilsynet om rettleiingsmøta, og vi gir kommunane munnleg tilbakemelding/råd om helse- og sosialberedskapsplanane. Med bakgrunn i våre observasjonar i rettleiingsmøta har Helsetilsynet i etterkant starta tilsynssak i to kommunar, og fleire vert vurdert på same måte.

Fylkesmannen sin beredskapsplan er oppdatert og det føreligg instruksar og planar for krypto-/sambandstenesta.

Oppdatert liste over skermingsverdige objekt er sendt til DSB.

54.2 Øvelser

Det er gjennomført øvingar med den kommunale kriseleiinga i ni kommunar. Scenarioet var smitte/drikkevatn, og øvingane vart gjennomført ved at fire og fem kommunar øvde parallelt.

Statens strålevern leia ei øving med atomscenario for fylkesberedskapsrådet, kriseleiinga og operasjonsstaben under møtet i fylkesberedskapsrådet i Loen den 20. januar.

Vi deltok i planlegging og gjennomføring av ei varslingsøving i Aurland kommune, der mellom anna kommunen, politiet, Helse Førde, sivilforsvaret, HV og Røde kors deltok. Øvinga vart gjennomført som skrivebordsøving. I tillegg til innspel av ulike hendingar, testa vi befolkningsvarsling og bruk av CIM.

Fylkesmannen deltok på DSB sin "øvelse Trim 2010".

54.6 Regional samordning

Det var eitt møte i fylkesberedskapsrådet i 2010. Hovudtemaet var klimaendringar og store fjellskred.

Dei frivillige organisasjonane er representerte i fylkesberedskapsrådet. Under rettleiingsmøte, og i annan kontakt med kommunane, oppmodar vi alltid om at dei frivillige organisasjonane vert invitert med i kommunale beredskapsråd.

Fritaksordninga for forsvaret er følgt opp.

54.8 Felles digitalt nødnett

Oppdraget gjeld ikkje Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

54.9 Atomberedskap og strålevern

Fylkesmannen sin atomberedskapsplan er oppdatert.

Vi gjennomførte fagsamling om atomberedskap og strålevern i samband med fylkesberedskapsrådsmøtet 20. januar.

Vi fekk ekstraordinære 702-midlar frå Statens strålevern til kompetanseheving for alle kommunane. Midlane vart brukt til eit seminar der tema mellom anna var kommunal atomberedskap og radon.

54.10 Beredskap innen kraftforsyning

I løpet av året har vi hatt to møte med den nyutnemnte KDS'en (kraftforsyningens distriktsjef) i fylket, der vi m.a. la føringar vidare samarbeid. I november deltok vi på eit møte KDS hadde med beredskapskontaktar i alle nettselskapene. Sårbarheit i nettet var eit sentralt tema i møtet.

KDS orienterte om kraftforsyningssituasjonen på møtet i fylkesberedskapsrådet. Orienteringa vart følgd opp gjennom eit vedtak om å starte ei kartlegging av sårbarheit for straumbrot i kommunal tenesteproduksjon. Resultatet av kartlegginga skal mellom anna nyttast i fylkes-ROS.

Vi har vidareformidla varsel om ekstremvêr og flaum når DNMI og NVE har sendt ut slike. Rapportering er gjennomført når det er funne nødvendig.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Organisering for krisehåndtering

Vi har oppdatert embetet sin kriseplan, og dei som inngår i kriseorganisasjonen har fått nødvendig opplæring. Alle har fått tilgang til nytt krisestøtteverktøy (CIM) og alle i operasjonsstaben har fått opplæring i loggføring.

Det føreligg instruksar og planar for krypto-/sambandstenesta.

55.2 Krisehåndtering

Vi brukar CIM aktivt i krisehandteringen. 22 av 26 kommunar har fått opplæring i CIM.

Vi har vore involvert i fleire hendingar i 2010, men ingen der kriseleiinga formelt vart etablert. Den mest omfattande saka var i samband med problema i lufttrafikken etter vulkanutbrotet på Island. Vi har tett dialog med kommunane og samarbeidande etatar ved uønskte hendingar og kriser. I samband med vulkanutbrotet var det særleg tett kontakt med Helse Førde.

55.3 Evaluering

Vi var noko involvert i evalueringa etter ei skredhending i Vik kommune i november, der m.a. innbyggjarane i eit bustadfelt vart evakuert. Vi har og hatt ei kort uformell evaluering saman med Gauldals kommune, etter at eit skred stengde vegen mellom Bygstad og Laukeland.

Ressursrapportering

I samband med ressursrapporteringa har vi funne ein feil i rekneskapsføringa vår. Mykje av overheadinntektene som kjem inn til embetet er ført feil. Det skulle vore ført på resultatområde 950 og ikkje på vedkomande departement sine resultatområde. Vi endrar rutinane våre for 2011 slik at årets resultatrapportering vert korrekt.

Korrekt forbruk på resultatområde 5 Justis- og politidepartementet er kr 2.639.871,31.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 56 888,79	kr 0,00
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 514 143,09	kr 30 123,01
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 0,00	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 872 144,50	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 477 157,22	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 396 303,88	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 263 233,83	kr 0,00
Sum:	kr 2 579 871,00	kr 30 123,00

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

61.1 Kommunerettet samordning

Det har vore eit mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. I 2010 vart det gjennomført åtte kommunebesøk, der vi møtte administrativ leiing og ordførar. I nokre av besøka var også formannskapet med. Kommunebesøka er viktige for dialogen mellom kommunen og Fylkesmannen.

Utviljing av kommunar for Fylkesmannen sine kommunebesøk vart gjort på grunnlag av når kommunen sist vart besøkt og ROS-analyse.

Fylkesmannen har to faste drøftingsmøte per år med KS i tillegg til den løpende kontakten.

Fylkesmannen sin årlege kommunekonferanse gjekk av stabelen i mai. Rolletilhøvet mellom ordførar og rådmann, effektueringskommune vis a vis innovasjonskommune og kommunen som skuleeigar var viktige tema på konferansen.

Fylkesmannen har faste møte på leiarnivå med NAV.

61.2 Omstiling og fornying i kommunene

I 2010 delte Fylkesmannen ut 5,3 mill. kroner av skjønnsmidlane til offentlege fornyingsprosjekt. I 2010 vart det til saman gjeve fornyingsmidlar til 22 prosjekt. Det er krav om 50 % eigenfinansiering ved tildeling. Den samla ramma utgjorde såleis 10,6 mill. kroner i 2010. Krav om samarbeid mellom kommunar er også viktig, og dette har gjort det mogeleg å få til større prosjekt. Tildelinga vart gjort i to tildelingar - januar og juni.

I 2010 har vi lagt vekt på å spreie informasjon om ulike prosjekt som har fått fornyingsmidlar. Prosjekt har blitt presentert på lokale og nasjonale konferansar og nettverk. I tillegg til dette har prosjekta presentert seg ved å skrive eigne artiklar som er å finne på våre heimesider: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=45410>

I samband med tildeling av fornyings- og RUP-midlar er det etablert eit tett samarbeid mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, KS og rådmannsutvalet.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannen har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representert. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane. Tilsynsgruppa har minimum eit møte per halvår.

I desember 2010 inviterte tilsynsgruppa Mattilsynet, Arbeidstilsynet og sekretariata for kontrollutvala til eit felles samordningsmøte. Samordning av tilsyn og tilsynsmetodikk var tema. I forkant av møtet vart førebels tilsynsplan for Fylkesmannen sjekka opp mot oversikt over planlagde forvaltningsrevisjonar og Arbeidstilsynet sine planlagde tilsyn mot kommunane. Fylkesmannen trekte eit planlagt tilsyn mot ein kommune fordi kommunen nyleg hadde gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor same fagområde. Vi har eit godt, bilateralt samarbeid med dei andre tilsynsetatane i det løpende arbeidet.

Vi legg ut tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar på nettsida vår. Ein gong per halvår sender vi brev til alle kommunar med kopi til Mattilsynet og Arbeidstilsynet. Brevet inneheld oversikt over Fylkesmannen sine tilsyn, forvaltningskontrollar og besøk komande halvår. Det har i 2010 ikkje vore aktuelle situasjonar som har kravd samordning når det gjeld pålegg.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven

- I 2010 godkjente Fylkesmannen årsbudsjett og økonomiplan for fire Robek-kommunar. For desse kommunane vart det i tillegg særskilt handsama ein lånesøknad.
- Fylkesmannen handsama fire lånesøknad er for IKS (interkommunalt samarbeid).
- Fylkesmannen handsama seks kommunale garantisøknader i 2010.
- Utanom Robek-kommunane har det vore gjennomgang av budsjett og økonomiplan for 22 kommunar.
- Vi har utført éin lovlegkontroll på finansforvaltning.
- Er utført kontroll på at kommunane har vedteke nye finansreglement etter ny forskrift.
- Vi har gjort ei godkjenning av vedtekter til kommunalt kraftfond.

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Ved utgangen av 2010 var 2 av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Hyllestad og Vågsøy vart i løpet av året meldt ut av registeret. Det er såleis att dei to "Terra-kommunane" Bremanger og Vik.

Fylkesmannen har i 2010 hatt møte med 10 kommunar der økonomi var det sentrale temaet. Dette kjem i tillegg til den løpende kontakten/rettleiinga Fylkesmannen har til alle kommunane i fylket. "Terra-kommunane" Bremanger og Vik kravde også i 2010 mykje tid frå Fylkesmannen i form av rettleiing, møte og godkjenning av budsjett/økonomiplan. Særleg gjaldt dette lovlegkontrollen av finansforvaltninga til Bremanger kommune.

I samband med KOSTRA-rapporteringa for 2010, følgde økonomistaben tett opp kommunane sin

status under rapporteringsperioden. Det var særleg oppfølging på rapportering frå eigedomsforvaltninga og kommunale føretak / IKS. Kommunar som hadde mangefull innrapporteringa vart purra - anten med e-post eller ved telefonkontakt. Dei ulike KOSTRA-skjema vart fordelt mellom avdelingar. Det var knytt kontaktpersonar til dei ulike skjema. Oversyn over kontaktane vart lagt ut på våre heimesider.

I Sogn og Fjordane har Fylkesmannen oppretta eit eige økonominettverk for kommunane. Nettverket består av økonomiansvarlege og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane. I tillegg er kommunerevisjonen godt representert. I 2010 hadde vi to samlingar, juni og november. Økonomireglement, finansforvaltning, sjølvkost og KS sin prognosemodell for inntektssystemet var nokre av tema i 2010. Tilbakemelding frå samlingane er gode. Økonominettverket har eit eige område på våre heimesider: <http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=33569>

Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

Vi har gjeve generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Særleg aktuelt har vore spørsmål om habilitet og spørsmål om lukka møte.

63.1 Kommunalrett

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMSF	2	2		2		2	0	0
Sum	2	2	0	2	0	2		

63.2 Valg

Vi har ikkje hatt aktivitet på dette området i 2010.

Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Vi har i 2010 handsama fire klagesaker etter offentleglova. Vi har ikkje hatt klagesaker etter forvaltningslova.

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

65.1 Kommuneinndeling

Vi har ikkje hatt saker på dette området i 2010.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Det er etablert fleire interkommunale samarbeid i fylket. Nye område for samarbeid i 2010 var ma. interkommunalt samarbeid om brann og redning i indre Sogn, politikarportalen for Nordfjord-kommunane og interkommunalt plansamarbeid for kommunane i Sunnfjord. Fylkesmannen har vore pådrivar for auka samarbeid om barnevern, og det er no sett i gong utgreiingsarbeid i Nordfjord og Sunnfjord. Samarbeidstiltaka er støtta av skjønsmidlar.

Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Vi har handsama 165 klagesaker i 2010. Dette er 100 saker mindre enn i 2009, noko som truleg skuldast at vi har hatt ei omfattande utskifting av personell. Gjennomsnitt sakshandsamingstid for 2010 er 106 dagar pr. sak.

Mengda setjesaker er framleis ei utfordring. Sjølv om vi i 2010 hadde ein periode på seks månader der FAD ikkje sende oss setjesaker, fekk vi 117 setjesaker i 2010.

Vi fekk inn 68 klagesaker frå kommunane i vårt eige fylke. Dette er færre saker frå eige fylke enn det vi fekk inn i 2009, men om lag som i 2008 og tidlegare år (i 2009 fekk vi inn 105 klagesaker frå eige fylke).

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk i 2010 kr 214 149,- til nedbygging av byggjesaksrestansen. Midlane vart nytta til overtid. Alle sakene var innanfor tremånadersfristen ved årsskiftet.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Vi har i 2010 handsama seks saker om oreigning og førehandsovertaking. To av desse sakene har vore søknad om samtykke til oreigning for etablering av skytebane. Vi har hatt ei sak der vi stadfesta oreigningsvedtak til gjennomføring av reguleringsplan, og vi har handsama ei sak der vi gav samtykke til oreigning til framføring av kraftline. Det er også søkt om og gitt rett til førehandsovertaking i fem saker.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	
Sum	0	0		

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	
Sum	0	0		

Ressursrapportering

Resultatområde Kapittel 1510 Fagdep.

62 Kommuneøkonomi	kr 922 548,86	kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 1 680 178,62	kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 518 654,47	kr 0,00
Sum:	kr 3 121 381,00	kr 0,00

Arbeidsdepartementet

Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

Oppgåvene på dette resultatområdet har stått sentralt i arbeidet vårt. Fokuset har vore retta mot kvalifiseringsprogrammet kor vi har delteke aktivt saman med NAV fylke i arbeide med å nå måltala i dei enkelte kommunane og med gjennomgang av vedtaka. Fylkesmannen har i tillegg til ca 100 % stillingsressurs frå personar tilsett i embetet også hatt med to kompetanserettleiarar frå kommunane.

Utanomrettsleg økonomisk rådgjeving, bustadsosialt arbeid og barnefattigdom har blitt følgt opp i kontakten med kommunane. Vi viser her til det som er rapportert på det enkelte resultatområde.

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Alle NAV-tilsette fekk tilbod om opplæring i lov om sosiale tenester i NAV i desember 2009, men det var ikkje alle som deltok. Utvalet som vart gjort av NAV-leiarane har nok vore ut frå kva som var relevant for kvar einskild, og kontoret som heilheit. I tillegg har vi hatt spesiell opplæring på KVP ute i kontora, og i den sammenhengen har sosiale tenester generelt og vore tema. Det same har skjedd på dei fleste fagsamlingar og nettverksmøte som er avvikla, der det alltid vert teke opp problemstillingar under dette regelverket.

I lag med NAV Sogn og Fjordane har vi gjennomført opplæring på NAV-lova § 14 a. Alle NAV-tilsette har delteke.

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen - formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Fylkesmannen og NAV Sogn og Fjordane har laga felles kompetanseplan og har samarbeidd om opplæringa for å sikre at alle satsingsområde skal vere presentert og kjende for dei tilsette ved NAV-kontora.

I tillegg har vi i fellesskap fått til faste fagdagar (ein pr mnd.) Ulike tema har vore: oppfølgingsarbeid i NAV, arbeidsevnevurdering og verkemiddel i NAV, skjønnsutøving, motiverande intervju, "Ser deg i morgen", gråsonekvalifiseringsprogram og arbeidsavklaringspengar, barn og unge i NAV.

Etter kvart har alle NAV-kontor delteker i ulike faglege nettverksgrupper med tema rusarbeid, psykiatri, gjeldsrådgjeving, kvalifiseringsprogrammet og sosiale tenester generelt. Enkelte av nettverka er sjølvdrivne, medan Fylkesmannen og NAV fylke er pådrivarar til andre nettverk.

Fylkesmannen og NAV Sogn og Fjordane har hatt eit godt og tett samarbeid og samordna kontakt ut mot NAV-kontora i 2010. Når det gjeld samarbeid med KS, skjer dette på øvste leiarnivå i organisasjonen.

Fylkesmannen ytte tilskot til deltakarar frå NAV som deltok på "Mulighetskonferansen".

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Alle NAV-kontor har hatt kontinuerleg tilbod om opplæring og rettleiing knytt til kvalifiseringsprogrammet.

NAV-fylke og Fylkesmannen har reist i lag ut til kontora og har elles hatt koordinerte fagdagar om temaet. Tilsette som har arbeidd med kvalifiseringsprogrammet, har hatt faste kontaktpersonar i KVP-prosjektet å søkje hjelp og råd hjå.

Vi har og hatt motivasjonsdag for både brukarar og NAV-tilsette.

Alle NAV-tilsette har hatt tilbod om å delta i faglege nettverk om temaet.

I små kommunar arbeider dei fleste med meir enn kvalifiseringsprogrammet, og alle fagdagar og alle andre nettverksmøter vert nytta til erfaringsutveksling og kompetanseheving på eit større område enn berre kvalifiseringsprogrammet.

Det er laga ein eigen rapport om kvalifiseringsprogrammet som er sendt AV-direktoratet og kommunane.

73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning

Fylkesmannen har arrangert todagars grunnkurs i økonomisk rådgjeving i samarbeid med vår regionkontakt på området. Vi hadde deltakarar frå 19 kommunar, flest deltakarar frå NAV-kontor, men også frå skatteoppkrevjarkontor og økonomiavdelingar i kommunen. Totalt deltagartal på kurset var 39.

Alle NAV-kontor har tilbod om å vere med i fagleg fora (nettverk) som gjeld økonomisk rådgjeving. Berre to kontor har takka nei til deltaking, men dei vil komme attende til det ved eit seinare høve. Det fungerer dermed tre nettverk i fylket, og dei har hatt noko ulik møtefrekvens, frå to til seks gonger i året. Det varierer kor mykje Fylkesmannen er engasjert i gjennomføring av samlingane. Det eine nettverket har innlemma samarbeid med namsmennene. Tal deltagarkommunar i nettverka: Indre Sogn: seks, Sunnfjord: 11, Nordfjord: sju. Det varierer om det møter ein eller to frå kvar NAV-kontor til samlingane.

Fylkesmannen har engasjert ekstern konsulent som NAV-kontora har kunna nytte seg av. Han har arbeidd i underkant av 100 timer fordelt på ulike NAV-kontor. Han har bidrige med rettleiing både pr. telefon og ved besøk hjå NAV-kontora. I nokre kontor har han bidrige med meir grunnleggjande opplæring. Han har også delteke i fagleg fora ved nokre høve.

73.5 Boligsosialt arbeid

I fylket sine små kommunar er ansvaret og arbeidet med bustadsituasjonen i kommunane svært ulikt organisering. I mange kommunar har NAV-kontora fått ansvaret for ein del bustader og i andre kommunar kan dette ansvaret vere lagt til andre kontor i kommunen.

Det har vore svært vanskeleg å få til noko nettverksjobbing på dette området. Vi har difor konsentrert oss om å bruke alle andre nettverksmøte og relevante samlingar der Fylkesmannen sine representantar har delteke, til å minne kommunane om tilskotsordningar og låne- og støtteordningar som er på dette området.

Det har vore følgjande møte:

Leiarsamling i NAV ein gong i kvar månad

Ulike kommunenettverk der målgruppa er NAV-tilsette, psykiatritenesta, og andre i kommunen som arbeider med rus/psykiatri. To samlingar for kvar kommune, men inndelt i regionar.

Ei samling samling med tilskotskommunar (også tilskot rus- og barnefattigdom) der desse presenterer sine prosjekt med tilbakemelding og støtte.

Spesiell oppfølging med Høyanger kommune som har fått ulike tilskotsmidlar.

Ei rådmannssamling der fylkeslegen presenterte satsingsområda.

Har delteke på møte med Husbanken om busetjing av mindreårige flyktningar. Elles telefon og e-postkontakt med Husbanken.

Generell råd og rettleiing i enkeltsaker på telefon eller direkte kontakt i samanheng med vår deltaking i ulike fora.

Kommunane har stort sett oversikt over innbyggjarane og deira behov, men dersom det skulle komme ei utskriving frå psykiatrien, fengsel e.l., er dette personar som kan vere vanskeleg å busetje i den ordinære bustadmassen, og kommunane har ikkje gode løysingar på slik problematikk.

73.6 Barnefattigdom

Fylkesmannen har gjort kjent på våre nettsider, minna på, og oppmoda kommunane om å søkje om tilskotsmidlar på området. Utfordringa er at sosialhjelpsstatistikken er så god her i fylket at våre kommunar ikkje vert prioritert.

Det er til no to tildelingar i Sogn og Fjordane på desse midlane. Fylkesmannen har besøkt den eine kommunen, Høyanger, for oppfølging og rettleiing, og det andre tiltaket har vi hatt telefonkontakt med.

Høyanger har fått tilskotsmidlar frå områda bustadsocial, rus, økonomisk gjeldsrådgjeving og barnefattigdom, og her er alt organisert som eit prosjekt. Fylkesmannen sit i referansegruppa for dette prosjektet.

Ressursrapportering

Tala er henta frå rekneskapen der ulike kostnadane er fordelt på I samband med ressursrapporteringa har vi funne ein feil i rekneskapsføringa vår. Mykje av overheadinntektene som kjem inn til embetet er ført feil. Det skulle vore ført på resultatområde 950 og ikkje på vedkomande departement sine resultatområde. Vi endrar rutinane våre for 2011 slik at årets resultatrapportering vert korrekt.

Korrekt forbruk på resultatområde 7 Arbeidsdepartementet er kr 383.802,94.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr -481 991,88	kr 7 963,20
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 220 209,85	kr 10 396,40
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 71 203,57	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 31 380,49	kr 0,00
Sum:	kr -159 197,00	kr 18 359,00

Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

Vi har hatt mykje fokus på rolla til koordinerande eining i samband med eit læringsnettverk om bruk av individuell plan. Alle kommunane var inviterte til å delta på eit læringsnettverket om individuell plan, 15 av 26 kommunar deltok.

Vi har hatt innleiingar om universell utforming på leiarnettverk for helse- og omsorgsarbeidarar, på ei samling for folkehelsearbeid vart temaet teke opp, og på eit ergoterapinettverk i Sogn, som er den eine regionen i vårt fylke. Utfordringar for synshemma var eit av fleire tema.

I tråd med brev frå Helsedirektoratet har vi ikkje gjennomført kartlegging av koordinerande eining i 2010. Helseføretaket har ei slik liste som er oppdatert, og ligg på deira nettside.

75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Fylkesmannen har ikkje hatt eigne tiltak som gjeld born utover det som er rapportert i andre avsnitt.

75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Det er ingen personar under 50 år med nedsett funksjonsevne som mot sin vilje har opphald i alders- og sjukeheim. Dette er rapportert i eige brev til Helsedirektoratet 20.05.10.

Fleire kommunar har feilrapportert i KOSTRA. Det som har vore gjort feil er at yngre funksjonshemma som mottekk heildøgnstester i eigen bustad er blitt rapportert som bustad med heildøgnspiele og omsorg.

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

76.1 Samarbeid mellom 1. og 2.linjetjenesten

Helse Førde og kommunane/KS i fylket har etablert ein formell struktur for samarbeidet mellom 1. og 2. linjetjenesta gjennom koordineringsrådet. Fylkesmannen har ei observatørrolle i dette organet.

Vi har fått tilsendt samhandlingsavtalar mellom kommunane og helseforetaket på området rus og psykiatri.

76.2 Individuell plan

Helse-, sosial- og justisavdelinga gjennomførde i 2010 eit avdelingsprosjekt (læringsnettverk) i samarbeid med spesialisthelsetenesta som omhandla forankring og implementering av koordinerande eining og individuell plan i kommunane. 15 av 26 kommunar i fylket deltok i kvalitetsutviklingsarbeidet. For meir utfyllande opplysningar, sjå artikkel i Helse- og sosialmeldinga 2010.

Vi har planlagt oppfølging av prosjektet i 2011.

76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Vi har ikkje hatt aktivitetar som tek opp kvalitetsstrategien som isolert tema, men omgrepssapparatet og tankegangen i strategien vert nytta i dei fleste utoverretta aktivitetane våre.

Til dømes er kvalitetsarbeid på ulike måtar tema på nettverksamlingane for leiarar i helse- og omsorgstenestene som vi held to gonger i året. Etiske spørsmål i pleie- og omsorgstenestene har vore tema på leiarnettverk for leiarar i helse- og omsorgstenestene. På haustsamlinga i november var internkontroll og styringssystem teke opp som eige tema. Vi erfarer mellom anna gjennom tilsynsarbeidet vårt at internkontrollen enno ikkje fungerer slik den er tenkt i alle kommunar. Vi har også gjennomført prosjektet -Læringsnettverk Individuell plan. Dei fleste av kommunane i fylket deltok i dette kvalitetsarbeidet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner strategien i dag er nærmast uvirksam, og få kjenner til han. Skal dette endrast, må strategien koplast til konkrete handlingsplanar. Dette kan t.d. skje gjennom den nye nasjonale helse- og omsorgsplanen. Den bør bli den nye kvalitetsstrategien.

76.5 Felles digitalt nødnett

Det har ikkje vore aktivitet på dette området i Sogn og Fjordane.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Det meste av arbeidet i 2009 innanfor helsemessig og sosial beredskap var knytt til pandemien. I 2010 har vi arbeidd med å evaluere handteringen av pandemien og Fylkesmannen si rolle.

Helse, sosial og beredskap samarbeider godt hjå oss. Dei utfører rettleiingsmøte med fleire kommunar årleg der dei også vurderer planane ved sosial og helsemessig beredskap. Det vart avdekt at fleire kommunar har mangelfulle planverk på dette området og Fylkesmannen har drive aktiv rettleiing til dei aktuelle kommunane.

Åtte kommunar i fylket har fått øving i krisehandtering der planverk innanfor helsemessig og sosial beredskap har vore viktige verktøy

Det har vore møte i fylkesberedskapsrådet i byrjinga av 2010 og i tilknytning til denne samlinga vart det utført ei øving i regi av Statens strålevern.

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	0

Sum	0	
------------	----------	--

77.3 Særfradrag

Vi har i 2010 hatt lengre sakshandsamingstid enn tidlegare år og fleire saker er påklagda. Ingen har hittil fått medhald i klagen. Vi har merka ei auke av telefonar frå skatteytarar som er misnøgde med regelverket. Dei ønskjer at Fylkesmannen skal gi tilbakemelding til sentrale styresmakter om dette. Dette går også igjen i klagene. Dei meiner at det er skilnad i sakshandsaminga i dei ulike fylka og at det er urimeleg at dei ikkje får særfrådrag for store sjukdomsutgifter når dei ikkje får god nok hjelp i det offentlege helsevesenet. Vi stiller oss spørjande til Skatteetaten sin kompetanse til å kunne vurdere om vilkåra etter skattelova § 6-83 første ledd er oppfylt.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	25	8
Sum	25	

77.4 Førerkortsaker

Alle sakene vert registrert i Trafikk-systemet og rapportert til Helsedirektoratet. Kvart kvartal kontrollerer vi dessutan saksbehandlingstida opp mot vår eiga serviceerklæring.

Det har vore ein auke i tal saker på 38 % sidan 2009.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	771	15
Sum	771	

77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMSF	0
Sum	0

77.6 Rett til trygderefusjon

Det var ingen saker i 2010.

77.7 Helse- og omsorgsmelding (tidligere Helse og sosialmelding)

Helse- og sosialmelding vart utarbeidd innan 01.03.2010.

77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasientrettighetsloven kap. 4A

Opplæringsbehovet blir kartlagt jamleg. Vi har dialog med fylkestannlegen om behovet, og vi har tilbydd oss å undervise om lov om pasientrettar kap 4A (pasl 4A) på samlingar for tannlegar/tannpleiarar. I 2010 har dei ikkje hatt ønske om undervisning. I samband med oppfølging av vedtak rettleiar vi på telefon. Vi etterspør då samtidig behovet for opplæring. Vi har vore i dialog med undervisningssjukeheimen i Førde for å få innspeil til opplaeringsbehovet. Tilsvارande har vore gjort i Helse Førde. Vi har med bakgrunn i behovet som er skissert vurdert å gjennomføre eit undervisningsopplegg i 2011.

Vi har gjennomført opplæring på følgjande arenaer i 2010: Temadag om demens for helsepersonell i kommunane, temadag for legar i fylket, to leiarnettverk for helse- og omsorgstenestene og demensnettverk. Vi har også lagt ut informasjon på heimesidene våre. Vi har delteke og vore medarrangørar på NAKU-konferanse i Bergen. Pasl 4A og psykisk utviklingshemma var tema. I tillegg til to frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (frå

helse- og sosialavd) møtte representantar frå ni kommunar i fylket.

Vi har samarbeidd med Helsetilsynet i Rogaland og Hordaland og har hatt eitt felles møte om pasl 4A

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

83.1 Folkehelsearbeid generelt

Fylkesmannen har hatt innlegg og informert om forventningane til kommunane som er signalisert i Stortingsmelding nr 47 (2008- 2009) om samhandlingsreforma, behandlinga av denne, og kva som er gitt av signal til Fylkesmannen frå sentrale styresmakter på ulike arenaer. Informasjon har vore gitt på leiarnettverk for helse- og omsorgspersonell, folkehelsegruppene i kommunane, på samlingar for folkehelsekoordinatorane, KS sine samlingar og ved andre høve.

Vi har vore pådrivarar og stimulert kommunane til å ta i bruk undervisningsprogram om FRI (tobakksførebyggande arbeid). Vi har informert og lagt ut informasjon om effekten av fysisk aktivitet og sunt kosthald både på Fylkesmannen sine nettsider og på ulike konferansar og møte med kommunane. Fylkesmannen delte i 2010 ut ein pris på kr. 5000,- til fire av skulane som har dokumentert god gjennomføring, og som har avtale med alle ungdomsskuleklassane ved skulen.

Fylkesmannen deltek i planforum saman med fylkeskommunen, der rullering av kommuneplanane vert gjennomgått, og Fylkesmannen si plangruppe har oversikt over status for kommunane si rullering av kommuneplanar. Helse- og sosialavdelinga får overordna planar og kommuneplanar til uttale. I gjennomgangen legg ein frå helse- og sosialavdelinga vekt på og ser til at det vert gjort helsekonsekvensvurderingar, og at folkehelseperspektivet er ivareteke. Det same gjeld og universell utforming i tråd med diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.

Fylkesmannen deltek i det regionale partnerskapet for folkehelse saman med fylkeskommunen og kommunane.

Folkehelsearbeid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF		
Sum	0	

83.2 Miljørettet helsevern

Fylkesmannen har ikkje ein fullstendig oversikt over godkjenningsstatus av barnehagar og skular etter "Forskrift om Miljørettet helsevern i barnehager og skoler". men alle barnehagane som har hatt tilsyn frå Fylkesmannen i 2010, er godkjende.

Fylkesmannen har ikkje laga oversikt over faglege utfordringar for kommunane innan miljøretta helsevern.

Vi har ikkje behandla klagesaker etter kommunehelsenestelova § 4a-12.

83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Fylkesmannen har gjennomført ei kartlegging i kommunane. Utifrå den ser det ut som at alle barne- og ungdomsskulane i fylket tilbyr gratis frukt og grønt til elevane kvar dag.

I Sogn og Fjordane syner den siste kartlegginga at 86 % av elevane deltek i FRI-programmet. Fylkesmannen har følgt opp skulane, og deler ut ein pris til fire av skulane som har alle klassane med på programmet, for 2010 har vi kartlagt korleis den enkelte skulen gjennomførte programmet. Fem kommunar melder likevel at det ikkje er alle ungdomsskuleklassane som deltek i FRI- programmet.

Delen av skular som har 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag, er nokså stabil, men mange kommunar rapporterer at

skulane i kommunen har minimum 30 minutt fysisk aktivitet. Nesten alle kommunane rapporterer at skulane følger dei nasjonale retningslinjene for måltid og har tilbod om frukt og grønt.

Delen vidaregåande skular som har lagt til rette for å følgje retningslinjer for mattilbod i kantinene aukar. Alle vidaregåande skular har installert vassdispenserar til elevane, for å gjere vatn lett tilgjengeleg som tørstedrikk. Både verdens vanndag, verdsdagen for fysisk aktivitet og verdens tobakksfrie dag er markert på alle vidaregåande skular, med tilbod om røykjesluttkurs, og vektlegging av vatn, frukt og grønt som sunne alternativ.

Folkehelsekoordinatorane, saman med folkehelsegruppene er pådrivarar for denne aktiviteten. Tannhelsetenesta har vore viktige pådrivarar i dette arbeidet.

Fylkestinget har ikkje gjort vedtak om tobakksfrie vidaregåande skular i Sogn og Fjordane. Ni av skulane har gjort vedtak som dei gjennomfører, medan fire skular ikkje har gjort slike vedtak.

Alle vidaregåande skular har skulehelseteneste, men kapasiteten er ujamn, og ikkje alle har like godt tilgjenge til tverrfagleg kompetanse. Legeressursen er på mange skular veldig sparsam.

Fylkesmannen har gjennomført kurs om bra mat for god helse og endringsfokusert rådgiving for helse- og miljøpersonell i kommunane og for andre interesserte. Dei var i underkant av 30 deltakrar. I tillegg har vi tilbydd kosthaldskurs for lærarar i mat og helsefaget på grunnskulane. Fleire kommunar har også i 2010 hatt kurs om fiskeprell for tilsette i barnehagane.

Fylkesmannen har delt ut midlar etter søknad innan førebygging av uønskte svangerskap og abort til alle kommunane som søkte, i 2010 var det 200 000 kroner. Helsekilden i Østfold har utvikla eit kompetansesenter for helseopplysning, i november orienterte dei spesielt om sitt arbeid retta mot gutter, på ei samling for tilsette på helsestasjon og skulehelsetenesta i fylket.

83.6 Smittevern

Smittevern har vore tema på to samlingar for leiarar i helse- og omsorgstenestene. Vi hadde planar om å gjennomføre ein smittevernkonferanse, men valde å utsetje denne fordi Helse Førde inviterte til ein tilsvarande konferanse for same målgruppe på om lag same tid.

Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fylkesmannen gjorde ei kartlegging av rekrutteringa og stabiliteten av fastlegar i fylket i februar 2010. Det er framleis rekrutteringsvanskar i fleire kommunar. Det er også problem med å få legar til å bli verande i fylket. Det kom fram av kartlegginga at kun 65 % av fastlegane har vore tilsett i meir enn to år i kommunen dei no arbeider i.

Ny kartlegging er gjort i 2011 og vil verte publisert i helse- og sosialmeldinga.

Det er blitt etablert to større interkommunale legevakter i fylket, noko som har bidrige positivt til betre rekruttering av fastlegar i småkommunar som tidlegare har hatt stor vaktbelastning. Ved begge legevaktsordningane deltek fastlegane mindre enn ønskjeleg i legevaksarbeid.

Det vart arrangert eit møte for allmennlegar. Beredskap, legevakt, LAR og rekrutteringsvanskar i allmennpraksis var nokre av emna som vart diskutert.

Det er ikkje innvilga midlertidig dispensasjon frå ordninga,jf. Fastlegeforskriften § 17

84.2 Turnustjeneste

Fylkesmannen har arrangert to kurs i offentleg helsearbeid for turnuslegar, fysioterapeutar og kiropraktorar. Kursa har deltakrar frå Sogn og Fjordane og Hordaland. Vi har fått gode evalueringar frå deltakarane.

Fylkesmannen har arrangert to kurs i akuttmedisin for turnuslegar i Sogn og Fjordane.

Vi har eit opplegg med grupperettleiing i kommunehelsetenesta. Det vert arrangert to todagars samlingar for kvart turnuslegekull. Vi har tidlegare delteke i eit pilotprosjekt der vi også har arrangert grupperettleiing for turnuslegar i spesialisthelsetenesta. Helseføretaket har kutta dette tilbodet etter at den økonomiske støtta frå Fylkesmannen tok slutt.

Vi har gjennomført kurs for rettleiarane for fysioterapeutane. Vi har planar om å gjennomføre eit tilsvarande kurs for rettleiarane for turnuslegane i 2011.

Dei fleste turnuslegane rapporterer at dei ernøgde med den praktiske tenesta i sjukeheim, men det kjem fram at det vert organisert ulikt i kommunane.

84.3 Klagesaksbehandling etter lov om helsetjenesten i kommunene, pasientrettighetsloven og lov om sosiale tjenester

Lov om helsetjenesten i kommunane og lov om pasientrettar: På dette området rapporterer vi også via RegRot til Statens helsetilsyn. Vi har handsama 27 saker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid er 43 dagar.

Lov om sosiale tenester: Vi mottok 36 klager og ferdigbehandla 35. Av desse vart kommunen sitt vedtak stadfesta i 27 klager, seks var omgjort og to oppheva og sendt attende til ny handsaming. 28 av klagene var ferdighandsama innan to månader, fem mellom to og tre månader, medan vi i to saker gjekk over tre månader.

Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	27	43
Sum	27	

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Vi har hatt møte med leiinga i Vik fengsel, kommunen, fengselssjukepleiar og fengselslege. Tema var dei punkta som går fram av embetsoppdraget. Fengselet har avtale med DPS og Førde sentralsjukehus. Ikkje alle som kan ha behov for individuell plan har fått tilbod om dette. Vi har invitert helsetjenesta til å delta på opplæringa om individuell plan som Fylkesmannen gjennomførte hausten 2010. Tannbehandling er skissert som ei utfordring i fengselet. Dette har vi følgd opp ved å ha dialog med fylkestannlegen. Helsetjenesta har vore følgt opp i samband med hendingsbaserte tilsyn.

84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjenforente og direktebosatte overføringsflyktninger

Fylkesmannen har gjennom ulike nettverk og konferansar for helsepersonell i fylket hatt føredrag og innlegg på dette fagfeltet. Temaet har vore sett på dagsorden på samling for helsesøstrer og jordmødre med fleire under ulike overskrifter, som t.d.

- Helsetenester til asylsøkjarar og innvandrarar, kommunikasjon og leiing i eit fleirkulturelt perspektiv.
- Korleis kan ein jobbe med innvandrarhelse i kommunen? Erfaringar frå arbeidet i Stavanger. lokale utfordringar sett frå nokre av kommunane sitt arbeid i Sogn og Fjordane.
- Korleis kan vi jobbe med tvangsekteskap og overgrepssproblematikk blant innvandrarar? Sjå og artikkel i helse- og sosialmeldinga.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Fylkesmannen har ikkje hatt eigen kartlegging eller etterspurt korleis kommunane har planlagt helsetenester spesielt for denne målgruppa. Det har vore tema på fleire samlingar og konferansar. Vi syner til rapportering under 84.5 og 84.7

84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner

Fylkesmannen har gjennomført eit læringsnettverk/kursrekke for kommunane i fylket om arbeidet med vald og overgrep i nære relasjonar. Eit av føremåla med kursrekka var å stimulere kommunane til å kome i gang med å lage handlingsplanar mot vald og overgrep i nære relasjonar. 15 av 26 kommunar deltok i nettverket. På slutten av året var fleire av kommunane i gang med å lage slike planar, og alle dei som deltok i nettverket har fått opplæring og kompetanse på korleis ein kan kome i gang med arbeidet.

Kommunane i Sogn og Fjordane har ikkje hatt ei ordning med eige overgrepsmottak fram til no. Sentralsjukehuset har eit valdtekstmottak, som kommunane bruker for den gruppa. Barnehuset i Bergen er regionansvarleg for å følgje opp Sogn og Fjordane når det gjeld overgrepssaker mot barn. Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt har starta planlegginga for å etablere eit interkommunalt overgrepsmottak, som skal ha kapasitet og kompetanse til å ta i mot valdsoffer frå alle kommunane i fylket. Ei interkommunal og tverrfagleg gruppe er sett ned for å jobbe vidare med ei slik etablering. Sjå eigen artikkel i helse- og sosialmeldinga.

84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Fylkesmannen har informert om nye faglege retningslinjer på heimesida til Fylkesmannen. Vidare har det vore informert på leiarnettverk for helsepersonell, både ved å legge ut informasjonsmateriell, og det har vore teke med i munnleg presentasjon frå fylkeslegen. Temaet har også vore presentert i møte med helsesøstrer og andre grupper i hjelpeapparatet.

Fylkesmannen har gjennomført ei kartlegging av kapasiteten i helsestasjon og skulehelsetenesta i desember 2010. Mange av kommunane rapporterer om stram bemanningssituasjon, men dei fleste har eit tverrfaglig tilbod, og dei har eit skulehelsetilbod ved skulane i kommunane, både for grunnskulen og vidaregående skule. Vi skal oppsummere resultatet av kartlegginga, og denne vert vidaresendt i første halvdel av mars.

84.9 Svangerskapsomsorgen

I den siste oversikten vi har, ser det ut til å vere to av kommunane som ikkje har faste timer med jordmor på helsestasjonen kvar veke.

84.10 Kjønnslemlestelse

Fylkesmannen har gjennomført kurs og konferansar for aktuelle målgrupper der førebygging av kjønnslemlesting har vore tema. Vi synert til rapportering under 84.5, 84.7. Eigen artikkel i helse- og sosialmeldinga.

84.11 Tannhelse

Fylkesmannen har i fleire år hatt eit tett samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta på fleire område for å fremje samarbeidet mellom kommunane og tannhelsetenesta.

Sjå eigen artikkel i Helse- og sosialmeldinga.

Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

85.1 Abortloven

Abortnemndene er ajourført.

85.2 Sterilisering

Vi har hatt ei sak i steriliseringsnemnda i 2010. Saka er rapportert til steriliseringsrådet v/Helsedirektoratet.

85.3 Lov om transplantasjon

Fylkesmannen har ikke hatt nokon saker til behandling i 2010.

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	68	7
Sum	68	

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	0
Sum	0	

85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Fylkesmannen har ikke godkjent nokon private sjukehus, medisinsk labratori- eller røntgenverksemd i 2010.

85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Fylkesmannen har ikke hatt nokon oppgåver innanfor dette resultatområdet i 2010.

Resultatområde 86 Omsorgstjenester

86.1 Omsorgsplan 2015

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppretta og delteke på ulike arenaer i arbeidet med oppfølging av kommunane si gjennomføring av strategiar og satsingar i Omsorgsplan 2015. Ei eiga arbeidsgruppe har ansvar for gjennomføring av Fylkesmannen sine oppdrag knytt til Omsorgsplan 2015. Gruppa er samansett av tre tilsette med helsefagleg og sosialfagleg kompetanse. Gruppa har avtale med rådgjevar ved utdanningsavdelinga og økonomirådgjevar om å verte innkalla til møte i arbeidsgruppa ved behov. I tillegg til dette, samarbeider gruppa med andre tilsette ved helse, sosial og justisavdelinga om fleire av tiltaka under Omsorgsplan 2015. Vi har også andre samarbeidspartar.

Det er oppretta ei koordineringsgruppe for Kompetanseløftet 2015. Føremålet med gruppa er formidling av statlege signal og føringar, informasjon og erfaringsutveksling, samhandling og gjennomføring av tiltak i Kompetanseløftet 2015. Til no har denne gruppa vore innkalla til eitt møte i året. Vi kallar inn ulike aktørar som har ansvar for og arbeider med rekruttering, opplæring og kompetanseheving av helse og sosialpersonell i kommunane i fylket til desse møta.

Vi møter i styringsrådet for Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester i fylket. Fylkesmannen deltek også i styringsgruppa for Aksjon helsefagarbeidar. Vi samarbeider med Husbanken, Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Rogaland om investeringstilskotet, og har regelmessige møter to gonger i året.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane arrangerer nettverksamling for leiarar og tilsette i kommunane si pleie- og omsorgsteneste to gonger i året, ei samling i mai månad og ei i november. Arbeidsgruppa med ansvar for

Omsorgsplan 2015 har medansvar for programmet til desse nettverksamlingane. Vi fokuserer mellom anna på Omsorgsplan 2015, og dette er vår viktigaste arena i arbeidet med å setje fokus på dei ulike satsingane og tiltaka i Omsorgsplan 2015. I tillegg brukar vi Fylkesmannen.no som ein viktig arena for å informere kommunane og andre om Omsorgsplan 2015.

På leiarnettverksamlingane vert det i stor grad lagt vekt på erfaringsutveksling og erfaringsoverføring mellom kommunane, utviklingssenteret, høgskulen, Helse Førde, Fylkesmannen og andre aktuelle samarbeidspartar.

Både på vår- og haustsamlinga har koordinator for utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester halde innlegg og orientert om deira arbeid og satsingsområde, samt om kva dei kan bidra med av hjelp til kommunane. Senter for omsorgsforskning Vest har også halde innlegg og orientert om deira rolle og om kva senteret kan bidra med når det gjeld forsking og fagutvikling i kommunane.

"Aktiv omsorg" og "Partnerskap med familie og lokalsamfunn" har vore tema på nettverksamlingane våre også dette året. Mellom anna har Kari Haukerud frå Vestre Toten kommune halde innlegg om korleis dei arbeider med dette. Ein tilsett frå Årdal kommune orienterte om "Timesenteret", eit dagtilbod som dei har oppretta i Årdal kommune. Andre tema som vi har teke opp er ernæring og helse, og Astrid Bergland frå Høgskulen i Oslo held eit engasjerande foredrag om fysisk aktivitet og fallførebyggjande arbeid blant eldre.

Demensomsorg har også vore tema. Mellom anna har Arnfinn Eek frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse halde innlegg om tilbodet til personar med demenssjukdom. Han har også orientert om Demensomsorgens ABC. Stadig fleire av våre kommunar tek dette verktøyet i bruk i si internopplæring.

På haustsamlinga vår dette året var Husbanken til stades og snakka mellom anna om universell utforming samt planprosessar og val av løysingar ved bygging av sjukeheimar og omsorgsbustader.

86.2 Demensplan 2015

Demensplan 2015 sine hovudsatsingsområde har vore tema på Fylkesmannen sine nettverksamlingar for leiarar i pleie- og omsorgstenesta. I all vår informasjon til kommunane om investeringstilskot og bygging av nye institusjonsplassar og bustader vert det rettleia om at einingane skal vere tilpassa og tilrettelagt for demente og personar med kognitiv svikt.

Det er vårt inntrykk at kommunane har fokus på Demensplan 2015. Prosjekt med dagtilbod og aktivitetstilbod for demente er på gang i fleire kommunar. Likeeins opplæring av pårørande/pårørandeskular. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner det er viktig at kommunane får presentere små og større prosjekt og tiltak for dei andre kommunane i fylket, og vi brukar våre leiarnettverksamlingar som arena til dette føremålet. Kommunane sine tilbakemeldingar syner at gode døme alltid vert godt mottekte.

Rettleiar for utgreiing og diagnostisering av demens har vore trekt fram på ulike arenaer, mellom anna på nettverksamlingane for leiarar i pleie- og omsorgstenestene. Informasjon om denne har også vore lagt ut på Fylkesmannen sine nettsider. Kunnskap om og bruk av denne har også vore etterspurd i samband med tilsyn i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Våre erfaringar så langt er at rettleiaren ikkje er teken i bruk i alle kommunar og det er ikkje oppretta demensteam i alle kommunar.

Fleire av kommunane våre har utfordringar når det gjeld fagutvikling og kvalitetsforbetring av tenestetilbodet. Kommunane er små og med få tilsette med nødvendig fagkompetanse. Det kan ofte vere ei stor utfordring å skrive ein søknad om tilskot. For desse vil det gjerne vere vanskeleg å setje i gang med eigne prosjekt. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve tilskot frå Kompetanseløftet 2015 til kommunane som søker om støtte til opplæring i Demensomsorgens ABC. Det er difor positivt at stadig fleire kommunar søker om støtte til slik opplæring og at det også er ein del kommunar som samarbeider om denne opplæringa.

13 av 26 kommunar i fylket har også vore med i nettverk for miljøbehandling for personar med demens som Olaviken har etablert. Prosjektpersonen er ute, og etter ønskje frå kommunane vil nettverket halde fram og Utviklingssenteret vil overta administreringa. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vore ein støttespelar i dette arbeidet.

Vi har også teke del i den nasjonale kartlegginga av tenester til personar med demens i kommunane. Vi har sendt

ut og motteke kartleggingsskjema fra kommunane. Kommunane etterspør elektroniske løysingar.

Alle kommunane i Sogn og Fjordane har informasjon om tenestene sine på sine nettsider. Kvalitet på og tilgjenge til informasjonen varierer. Få om ingen har spesiell informasjon om tilbod til demente.

86.3 Kompetanseløftet 2015

I følge personellstatistikken (KOSTRA 2009) har vi framleis ei positiv utvikling når det gjeld talet på årsverk i omsorgstenestene i dette fylket. Veksten er likevel mindre enn året før. Talet på årsverk i brukarretta teneste aukar, og del årsverk i brukarretta teneste med fagutdanning har auka dei siste åra i fylket vårt. Det er også vekst i talet på årsverk for høgskuleutdanna.

Talet årsverk for personell med vidaregåande opplæring har flata ut. Det vil vere innan denne personellgruppa kommunane i fylket vil oppleve dei største rekrutteringsutfordringane i åra som kjem. Kommunane har alt vanskar med å rekruttere helsefagarbeidarar og lærlingar til dei nyopprettet læreplassane. Det vil også verte ei utfordring framover å rekruttere ungdom som er egna til å ta utdanning innan helsearbeidarfaget og til arbeid i omsorgsyrka.

Det er god rekruttering til både heiltids- og deltidstudiet i sjukepleie og vernepleie i Sogn og Fjordane. Det er også god rekruttering til vidareutdanningane sjølv om søkjartala varierer noko.

Kommunane i fylket rapporterer framleis om utfordringar knytt til deltid. Arbeidstidsordningar og økonomiske rammer må endrast dersom kommunane skal lukkast med å opprette heile stillingar og slik lettare kunne rekruttere personell. Vi får også tilbakemeldingar fra kommunane om at dei har vanskar med å rekruttere tilsette til å utføre tradisjonelle heimehjelpsoppgåver. Mange tilsette som tidlegare var utan helse- og sosialfagleg utdanning og som utførte desse oppgåvene, har no teke fagbrev og ønskjer andre oppgåver.

23 av 26 kommunar i fylket fekk tildelt tilskotsmidlar frå Kompetanseløftet 2015 dette året. Fylkesmannen får gode tilbakemeldingar på denne ordninga. Sjølv om ordninga ikkje er omfattande, opplever kommunane dette som eit positivt bidrag til rekruttering og kompetansebygging.

Kvalitet på kommunane sitt arbeid med kompetansekartlegging og planlegging varierer. Alle kommunar rapporterer om resultat og plantal til Fylkesmannen, men det er ikkje alle som rapporterer innan fristen.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane samarbeider om investeringstilskotet med Rogaland, Hordaland og Husbanken region Vest. Det er lagt opp til to møte i året der vi drøftar saker knytt til tilskotsordninga. To representantar frå omsorgsgruppa vår har delteke på desse møta. Kommunane sine søknader har vorte fortløpende handsama i embetet si omsorgsgruppe og det er deretter gitt tilbakemelding til Husbanken.

Kommunane i Sogn og Fjordane har meldt om behov for omlag 700 nye eininger i perioden 2008 - 2015. Det er framleis liten søknad på tilskotsordninga i dette fylket. Ordninga er teken opp med kommunane på ulike arenaer der vi møter kommunaleiinga. Vi har til no ikkje fått nytta den ramma som har vore avsett til vårt fylke. Fylkesmannen er kjend med at fleire kommunar har større prosjekt under planlegging med byggestart 2011/2012. Med endra rammevilkår vil det verte lettare å få desse prosjekta realisert samstundes. Vi ser at kommunane har utfordringar og brukar tid til planlegging. Nokre kommunar har også utfordringar knytt til tomtespørsmål.

Husbanken har i 2010 ytt tilskot til bygging av 32 omsorgsbustader i to kommunar.

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Sogn og Fjordane er eit av fylka med lågas tal på legetimar i sjukeheimar per pasient per veke. Ikkje alle kommunar i vårt fylke har gjennomført normeringsprosessen slik som tilrådd. Prosessen og avgjerdene vart heller ikkje forankra på rett nivå i alle kommunar. Få kommunar hadde saka til politisk behandling slik som tilrådd.

Kommunane si normering for legetenester i sjukeheimar har vore teke opp som tema på ulike arenaer og i ulike samanhengar. Saka og resultatet av den siste rapporteringa frå juni 2010 om faktisk normering i kommunane har vorte lagt fram på samling for rådmenn og ordførarar i fylket hausten 2010.

Bruk av kvalitetsindikatorar/IPLOS har vore teke opp på leiarnettverk. Alle kommunar har hatt tilbod om opplæring/ kurs. Mest alle kommunar har delteke på slik opplæring. Inntrykket er at kommunane kartlegg og rapporterer, men framleis er det få kommunar som brukar IPLOS-data i kommunal planlegging. Kvalitet på data varierer. Fylkesmannen og Helsetilsynet i fylket etterspør også IPLOS-kartleggingar i vår sakhandsaming.

Fylkeslegen i Sogn og Fjordane har løfta fram prosjekt "Etisk kompetanseheving i kommunane" i fylkeslegen sin time på leiarnettverksamling våren 2010. På same måte er "Nasjonale faglege retningslinjer for førebygging og behandling av underernæring" vorte gjort kjent. Ernæring og helse har også vore teke opp som eige tema på nettverksamling for leiarar i pleie- og omsorgstenestene. Retningslinjene og informasjon om etikkprosjektet er lagt ut på nettsida til Fylkesmannen.

86.6 Undervisningssykehjem/ Undervisningshjemmetjenester/Lindrende behandling

Fylkesmannen møter i styringsrådet til Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i fylket. Fylkeslegen eller fylkessjukepleiar møter. Koordinator for utviklingssenteret har avsett tid på kvar nettverksamling for leiarar i pleie- og omsorgstenestene til å orientere om eller ta opp aktuelle saker. Erfaringar og kunnskap frå utviklingssenteret sine prosjekt er aktuelle tema som vert teke opp.

Vi har også delte i møte med representantar frå utviklingssenteret i Hordaland, Sogn og Fjordane og regionalt senter for omsorgsforskning. Vi har også gjeve vurderingar og tilrådingar til våre kommunar sine søknader om prosjektmidlar - lindrande behandling/omsorg ved livets slutt.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ikkje hatt opplæring i sakhandsaming for sakshandsamarar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene dette året. Vi har gjennomført temadag med IPLOS-opplæring i samarbeid med Helsedirektoratet. Sjå 86.10. Vi etterspør også kommunane sine IPLOS-kartleggingar i samband med vår sakhandsaming av rettigheitsklager etter kommunehelsetenestelova og lov om sosiale tenester.

Fylkesmannen har omgjort ein klage på kor person med psykisk utviklingshemming skulle motta sine tenester. Vedtaket vart gjort etter at statsråden hadde gitt svar i Stortinget omkring dette spørsmålet. Resultatet vart at klagar ikkje måtte flytte.

86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn

"Aktiv omsorg" og "Partnerskap med familie og lokalsamfunn" har vore i fokus og teke opp som tema på nettverksamlingane våre også dette året. Vi brukar våre eigne kommunar der det er sett i verk ulike tiltak som gode døme for andre. Sogndal kommune til dømes, driv med fysisk aktivitet for eldre. Dei har også lagt til rette ei eiga "turløype" for eldre som både er sosialt og fysisk aktiviserande. Kommunen har presentert tiltaket på leiarnettverk.

Vi brukar også andre kommunar som gode døme. Kari Haukerud frå Vestre Toten kommune har halde innlegg om korleis dei arbeider med aktiv omsorg og partnerskap med familie og lokalsamfunn. Ein tilsett frå Årdal kommune orienterte om "Timesenteret", eit dagtilbod som dei har oppretta i Årdal kommune.

Rundskriv I-6/2009 om rett til eiga tru- og livssynsutøving er gjort kjent på nettsida vår.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming

Kommunane har ikkje fått tilbod om opplæring i regelverket i kapittel 4A i 2010.

Kommunane får rettleiing per telefon ved behov. Etter at individtilsyna er over, tilbyr vi som regel at kommunen kan ta opp saker til diskusjon, eller vi tek opp problemstillingar Fylkesmannen vil diskutere med kommunen.

Vi har hatt to planlagde møte med vaksenhabiliteringa kor behovet kommunane har for opplæring og rettleiing er eitt av tema.

Vi har hatt fire saker som har gått over tre månaders sakshandsamingstid.

86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

IPLOS har vore tema på to leiarnettverk for leiarar i helse- og omsorgstenestene. Vi har gjennomført IPLOS-temadag for kommunane. Det var stor deltaking på konferansen. Utfordringane har vore i forhold til det tekniske i samband med innrapportering. Dette har direktoratet vore orientert om.

Resultatområde 87 Psykisk helse

87.1 Tvungen undersøkelse

Ingen saker i 2010.

87.2 Behandling uten eget samtykke

Fylkesmannen handsama 29 saker i 2010. Det er ein auke frå tidlegare år. Alle sakene vart handsama innan to virkedagar.

87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet

Ingen saker i 2010.

87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsever

Ingen saker i 2010.

87.5 Vedtak om overføring

Ingen saker i 2010.

87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern

Ingen saker i 2010.

87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Fylkesmannen følgjer med på utviklinga av det psykiske helsearbeidet etter opptrapningsplanen. Fleire kommunar rapporterer om reduksjon av tenesta frå 2010, fordi presset på kommunane sin økonomi er stor.

Faglege kompetansenettverk

Vi har i 2010 hatt møte med NAV fylke og helseføretaket i samband med faglege kompetansenettverk. Vi bidreg i dette utviklingsarbeidet i dei tre regionane i fylket. Vårt kompetansenettverk Rusfagleg forum som er eit godt

etablert nettverk, har elles tilsette i psykisk helsearbeid og psykisk helsevern som målgruppe. Tilbakemeldingar frå nokre kommunar og spesialisthelseteneste er elles at kompetansebygging er viktig, men at denne type nettverk må fungere godt for å forsvare tidsbruk og ressursar. Dei fleste kommunar har rettleiing frå spesialisthelsetenesta. Brukarorganisasjonane i fylket er aktive og er ein god samarbeidspart.

Samarbeidet med NAPHA hadde ein god start, men etter utskifting av tilsette der, har dette samarbeidet ikkje fungert tilfredsstillande i 2010. NAPHA har elles hatt god kontakt med kompetansenettverket med utspring frå Nordfjord psykiatrisenter som vert brukt som godt eksempel for læring andre stader i landet.

Samarbeid internt og eksternt

Fylkesmannen møter i rådet for RBUP Vest.

Vi har samarbeid med dei andre fylkesmannsembeta Hordaland og Rogaland. Vi har felles møte kvart halvår på områda rus og psykisk helse. I tillegg har vi internt samarbeid mellom folkehelse, omsorgsplan, rus og psykisk helse i forhold til kvalitetsutviklingsarbeid.

Vi har samarbeid med NAV fylke om strategiplan for arbeid og psykisk helse og var i 2010 med på å arrangere fagdag for NAV-tilsette.

Rapportering

Vi har rapportert, jf. rundskriv IS-24/2009, og vi har rapportert på bruk av midlar til tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid og psykososialt arbeid med barn og unge. Vi ser at tilskot til utdanningane framleis fører til betre rekruttering og stabilitet innan tenesteområdet.

Kvalitetsutviklingsarbeid

I 2010 valde helse-, sosial- og justisavdelinga å ha eit avdelingsprosjekt som omhandla bruk av individuell plan i kommunane. Vi hadde god oppslutnad om prosjektet, jf. artikkel i helse- og sosalmeldinga.

Andre utviklingstrekk

Fylkesmannen registrerer at nokre kommunar legg ut tiltak for psykisk sjuke på anbod til private aktørar.

87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Fylkesmannen handsama i 2010 ei sak som omhandla dispensasjon frå forskrift om fagleg ansvarleg for vedtak etter psykisk helsevernlova.

87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Ingen slike saker i 2010.

87.10 Gjenomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Ingen slike saker i 2010.

Resultatområde 88 Rusområdet

88.1 Alkoholloven

Fylkesmannen har teke avgjerd i tre klagesaker etter alkohollova. Alle sakene vart handsama innan tre månader.

Det er gitt statleg skjenkeløyve til rutegåande skip i fylke. Det har ikkje blitt gjort kontroll, men på bakgrunn av opplysningar i media om episode med rus på eit av skipa, bad Fylkesmannen om ei orientering frå ruteselskapet.

Opplysningane vi mottok gav ikkje grunn til reaksjon på utøvinga av skjenkeløyve.

Vi har ikkje hatt eigen opplæring til kommunane på alkohollova, men har formidla tilbod frå Helsedirektoratet til utvalde kommunar. Vi blir jamleg kontakta av kommunane både på e-post og telefon med spørsmål om utøving av lova.

88.2 Rusmiddelarbeid

Fylkesmannen har for 2010 forvalta øyremerkte midlar til kommunalt rusarbeid, koordinerande tillitsperson og vidare-/etter utdanning etter gjeldande regelverk for ordningane, og i samarbeid med Helsedirektoratet.

Rusfagleg forum er eit veletablert forum som har to samlingar over to dagar, vår og haust. Rusfagleg forum er eit forum for alle som arbeidar på rusfeltet i fylket. Spesialisthelsetenesta er og med i planlegginga av rusfagleg forum. Invitasjon går ut til ei brei målgruppe i kommunane, samt brukarorganisasjonar, NAV og politi. Tema våren 2010 var: Om ungdom, nye rustrendar og risiko. Her var det ca 150 deltagarar i to dagar i Sogndal. Hausten 2010 var tema: Mentaliseringsbasert tilnærming i rusbehandling. Her var det ca 120 deltagarar over to dagar i Loen.

Fylkesmannen har hatt eit møte med KS der vi fikk informasjon om leiingsprosjektet "Flink med folk i første rekke", og om andre relevante tiltak. KS deltok ved rusfagleg forum våren 2010.

Helse-, sosial- og justisavdelinga gjennomførde i 2010 eit avdelingsprosjekt (læringsnettverk) i samarbeid med spesialisthelsetenesta som omhandla forankring og implementering av koordinerande eining og individuell plan i kommunane. 15 av 26 kommunar i fylket deltok i kvalitetsutviklingsarbeidet. For meir utfyllande opplysningar, sjå artikkel i helse- og sosialmeldinga 2010.

Vi har planlagt oppfølging av prosjektet i 2011.

Fylkesmannen har i samarbeid med Kompetansesenter rus, region vest implementert nasjonale faglege rettleiarar og retningslinjer overfor rusfeltet i kommunane, bl.a "frå bekymring til handling".

Fylkesmannen har to gonger i året eit samarbeidsforsamling som vi kallar Ressursgruppe rus. Her deltek Helse Førde med to representantar, Fylkesmannen, kommunerepresentant, KoRus, Høgskulen i Sogn og Fjordane og rusettervernet. Her er det informasjonsutveksling, samt planlegging av rusfagleg forum.

I 2009/2010 har det vore gjennomført Prosessgruppe LAR over tre dagssamlingar i Førde i samarbeid med KoRus. Her var det ca 30 deltagarar. Hausten 2010 har det vore ei oppfølgingssamling med informasjon frå Helse Førde om dei nye retningslinjene for LAR.

Vi har hatt regional samling med rusrådgjevarane i Hordaland og Rogaland og KTP-prosjekta i desse fylka. Det er to slike møter i året, som er nyttig i forhold til nettverksbygging, og vegen vidare i prosjekta.

Fylkesmannen og KoRus har tett samarbeid i forhold til kompetanseutvikling for kommunane og spesialisthelsetenesta i fylket.

Ressursrapportering

I samband med ressursrapporteringa har vi funne ein feil i rekneskapsføringa vår. Mykje av overheadinntektene som kjem inn til embetet er ført feil. Det skulle ført på resultatområde 950 og ikkje på vedkomande departement sine resultatområde. Vi endrar rutinane våre for 2011 slik at årets resultatrapportering vert korrekt.

Korrekt forbruk på resultatområde 8 Helse- og omsorgsdepartementet er kr 4.861.862,94.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
81 Tilsyn og klagesaksbeh. etter sosialtj. loven	kr 459 719,97	kr 0,00
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 2 207 908,02	kr 0,00
83 Folkehelsearbeid	kr 163 930,77	kr 6 414,80
84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 712 435,28	kr 394 075,05
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr 350 669,64	kr 0,00

87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr -160 421,16	kr 1 236 111,16
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 608 640,51	kr 0,00
Andre oppgaver under HOD	kr 31 179,91	kr 8 405,60
Sum:	kr 4 374 062,00	kr 1 645 006,00

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Vi har i 2010 handsama to klagesaker på dette området.

91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner

Oppdraget er utført.

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for utenriksdepartementet

92.1 Apostiller

Apostille-saker vert handsama fortløpende. Publikum kan få løyst slike saker både på Statens hus i Leikanger og ved Fylkesmannen si avdeling i Førde. I 2009 vart det utskrive 324 apostiller.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Vi har ikke hatt slike saker til handsaming. Fylkesmannen i Hordaland handsamar saker som gjeld både Hordaland og Sogn og Fjordane.

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn for 2010 vart fastsett til totalt 294 483 kroner, mot 297

123 kroner for 2009. Samla utbetaling i 2010 var på 387 750 kroner. Ei restutbetaling på 93 267 kroner, som gjeld 2009, er inkludert i dette beløpet.

Vi har ikkje motteke klager på fastsett statstilskot. Vi har heller ikkje motteke klager over kommunale vedtak.

I 2010 mottok vi ein søknad om godkjenning av nytt trussamfunn. Søknaden vart avsleghen.

Vi har fått melding om at ein forstandar har slutta. Ein av styremedlemene utfører inntil vidare dei lovpålagde oppgåvane.

To trussamfunn har sagt frå seg vigselretten.

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

Resultatområde 93 Konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og sameting

Resultatområde 96 Gravferdsloven

I 2010 handsama vi 11 søknader om oskespreiing, mot 29 i 2009, og 12 i 2008. Alle søknadene vart innvilga.

Resultatområde 97 Lov om Helligdager

I 2010 innvilga vi ti søknader om søndagsopne butikkar, mot ni søknader i 2009. Ein søknad om søndagsopen butikk vart avsleghen. Vi mottok ein søknad om status som typisk turiststad. Søknaden er under handsaming.

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

Sjå rapportering på kvart enkelt område.

98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

Vi signerte ny avtale om inkluderande arbeidsliv i desember 2010, og har ikkje utarbeidd ein lokal avtale enno. Denne skal vere ferdig i løpet av første kvartal 2011.

Ved rekruttering av ledige stillingar nyttar vi standardteksten frå staten om mangfald. Vi har likevel få søkjavar med innvandrarbakgrunn, og få eller ingen søkerar som opplyser om nedsett funksjonsevne. Vi kallar inn alle kvalifiserte søkerar med innvandrarbakgrunn til intervju. I 2010 har vi likevel ikkje tilsett nokon. I rekrutteringsnettverket for Indre Sogn som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane driv, har rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn vore tema på eit møte. Tema var kvasom finst av forsking, kva har andre gjort for å lukkast og korleis bør ein tenkje for å auke tal søkerar.

I juni 2010 tok vi inn IKT-læring. Læretida er 1 1/2 år.

Vi er knytt til Framtidsfylket som eit ledd i rekrutteringa vår. Vi prøvde ut traineeordning i perioden august 2009 - juli 2010 og var godt nøgde med traneien og oppfølginga som Framtidsfylket la opp til.

Vi har opna opp for å ta inn personar som er utanfor arbeidslivet til arbeidspraksis hos oss. Hausten 2010 fekk vi i samarbeid med Telenor Open Mind / NAV inn ein person som skal vere her i 18 månadar.

Vi tilrettelegger for livsfasepolitikk ved å ha fleksibilitet for alle tilsette, noko som og kjem seniorane våre til

gode. Vi har difor valt å ikkje avtale ekstra fridagar for seniorane våre.

Vi viser elles til utfyllande informasjon om tilrettelegging under punkt 98.4.

Sjukefråværet ved embetet var på omlag 5,8 % i 2010. Dette er ein auke frå tidlegare år. Vi har difor utarbeidd nye rutinar for oppfølging av sjukemelde, der vi legg vekt på tidlegare og oftare kontakt mellom den sjukemelde og arbeidsgjevar. Vi har avtale om bedriftshelseteneste og brukar denne aktivt.

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2010	% 2010	Antall 2011	% 2011
FMSF	3	2,54	3	2,5
Sum	3	0	3	0

98.2 Kompetanseutvikling

I tillegg til dei individuelle kompetansetiltaka i avdelingane, hadde vi i 2010 følgjande fellestiltak:

- norskurs
- rekruttere og behalde medarbeidarar
- prosjektleiing
- leiarutvikling i embetet

Rapportering på fordeling av kompetansemidlar:

I rapporteringa vår i høve fordeling av kompetansemidlar har vi rapportert ut frå kven som deltek på felles kompetansetiltak i embetet. Per i dag klarar vi ikkje å dokumentere korleis andre kompetansemidlar i embetet vert nytta i høve kjønn og alder.

Individuell kompetanseutvikling er tema i medarbeidarsamtalane. Embetet gjev permisjon og økonomisk støtte til relevant vidareutdanning.

I 2010 hadde vi tre embetsprosjekt, der to av prosjektleiarane var menn. Eit av prosjekta var leiatretning for mellomleiarar og tilsette som var interessert i leiarrolla. 8 av 15 deltakarar var kvinner.

* Rapportering på tal leiarar er avdelingsdirektørar og embetsleiing.

Fordeling menn/kvinner i ledarstillingar

Embete	Kunngjorte lederstillingar	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMSF	2	50	50	3	4

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMSF	56	44	83	17

98.3 Medvirkning

I 2010 vart det utarbeidd ein ny strategisk kommunikasjonsplan for embetet, med eigne mål for medverknad og intern kommunikasjon. Sjå utkliipp frå planen under:

Intern kommunikasjon

Demokrati, openheit og medverknad er grunnleggjande verdiar også i den interne kommunikasjonen. God intern kommunikasjon kan bidra til samhald, innsyn og deltaking, og minkar risikoene for konflikt og uthyggjelek. Alle tilsette skal ha tilgang til den informasjonen dei treng for å fungere godt i arbeidsmiljøet, utføre oppgåvene sine og vere gode ambassadørar for Fylkesmannen. God intern kommunikasjon er såleis viktig omdømmearbeid, og kan medverke til at Fylkesmannen blir rekna for å vere ein attraktiv arbeidsgjevar.

Mål for intern kommunikasjon:

- Gje innsikt i og kunnskap om embetet si verksemd, mål, strategiar, oppgåver og resultat

- Bidra til å byggje ein felles embetskultur og identitet
- Sikre tilfredsstillande kommunikasjonsplanlegging i saksbehandling, planarbeid og prosjektarbeid

Møteplassar for medverknad

Vi har kvartalsvise møte med tillitsvalde i samsvar med hovudavtalen.

Det er open dialog mellom partane, og dei tillitsvalde får tidleg informasjon om saker for å sikre reell medverknad. Møta ver evaluert årleg. I lokal personalpolitikk står det slik:

Alle medarbeidarane skal ha innverknad på eigen kvar dag. Samarbeidet mellom leiing, medarbeidarar og tillitsvalde skal vere prega av godt samspel. Det er viktig at diskusjonar om organisering og disponering av ressursar vert gjort tidleg for å få reell moglegheit for medverknad.

I 2010 var administrasjonssjef og hovedtillitsvald deltagarar på konferanse om samarbeid og medbestemmelse i regi av FAD, og heldt innlegg om samarbeid mellom leiing og tillitsvalde.

98.4 Likestilling og likeverd

Per 31.12.2010 var det 114 tilsette i embetet, 62 kvinner og 54 menn. I leiande stillingar var det sju tilsette, tre kvinner og fire menn.

Hausten 2010 vart det laga ein handlingsplan for universell utforming av Statens hus Sogn og Fjordane. Her vart det slått fast at Statens hus og embetet oppfyller dei fleste av punkta i sjekklista for universell utforming. Det vart likevel avdekt nokre manglar som skal utbetrast i løpet av 2011.

I 2010 fekk vi ny lokal personalpolitikk. Der står det:

Fylkesmannsembetet er ei kompetanseverksemnd med verdifulle medarbeidarar som vi må nytte på beste måte for å nå måla i dei ulike embetsoppdragene. Vi meiner vi løyser oppgåvene våre betre ved å ha ein balansert samansetnad av tilsette når det gjeld kjønn, alder og etnisitet.

På bakgrunn av dette skal vi utarbeide handlingsplan for å fremje likestilling og hindre diskriminering, tilsvarende handlingsplanen for universell utforming.

Bedriftshelsenesta vurderer tilrettelegging av arbeidsplassen for alle nyttilsette, og andre som ønskjer det.

Vi har ein livsfasepolitikk som opnar for fleksibilitet i høve tilrettelegging av arbeidsoppgåver og mengde.

98.5 Føringer på IKT-området

Tal lisensar er rapportert i skjema.

GIS

I sakshandsaming vert webkartløysinga www.fylkesatlas.no nytta av embete. Dette er ei innsynsløysing som er basert på Mapserver med Adaptive som er basert på open kjeldekode. Denne løysinga er eit resultat av eit samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Mange kommunar i fylket nytter også vår regionale løysing i sakshandsaming. Internt og til meir krevjande geodata/GIS oppgåver nytta vi ArcGIS programvare som vi har tilgang til gjennom felles lisensserver.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2010 vore leiar for FAD sitt fagutval for kart/GIS og delteke i referansegruppa i Norge digitalt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utviklar Lakseregisteret for DN som skal innehalde ulike modular. I 2010 vart kategoriseringsmodulen og administrasjonsmodul av brukarar ferdigstilt. Ein ny modul for evaluering av nasjonale laksefjordar og lakseelver er under planlegging. Sjøfangstregisteret vert drifta av embete for DN som mellom anna inneholder eiga kartløysing. Vi har vidare drift og utvikling for denne løysinga i 2011.

Fylkesmannen har også delteke i plan- og temadataprosjektet gjennom Norge digitalt for Sogn og Fjordane saman med Statens kartverk. Det er gjennomført seks kommunebesøk i 2010 og på Fylkesmannen og fylkeskommunen si arealplansamling for kommunane heldt prosjektet workshop saman med kommunane der dei jobba med kvaliteten på eigne arealplanar.

98.7 Trippelnett

Ut frå rapporteringskrav sender Trippelnett eigen rapport til FAD med status per 1. mars og 1. september. Vi viser til desse rapportane.

98.8 Sentral drift av Fri rettshjelp-ordningen

Det er rapportert til FAD/Justisdepartementet i samsvar med rapporteringskravet per 30.09.2010. Vi viser til denne for utfyllande informasjon om prosjektstatus og særlege utfordringar.

I 2010 mottok vi 17.446 salørkrav via det elektroniske systemet. Dette utgjer 55 % av salørkrava. Per 31.12.2010 er det registrert 1064 unike brukarar av løysinga. 78 av desse er tilknytt fylkesmannsembata.

Fylkesmannen har lopande brukarservice på fast supporttelefon (57655100) og e-post. Sjå elles www.rettsrad.no for sjølve skjemaløysinga.

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Utbetalinga av partistøtte 2010 er gjort tilgjengeleg på nett samtidig med utbetalingane. Så eigen nettstad: <http://partistotte.fylkesmannen.no/PartistotteWeb/>

Andre

Ressursrapportering

I samband med ressursrapporteringa har vi funne ein feil i rekneskapsføringa vår. Mykje av overheadinntektene som kjem inn til embetet er ført feil. Det skulle vore ført på resultatområde 950 og ikkje på vedkomande departement sine resultatområde. Vi endrar rutinane våre for 2011 slik at årets resultatrapportering vert korrekt.

Korrekt forbruk på resultatområde 9 Andre er kr 35.498.008,93.

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.
-----------------------	------------------------------

Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 4 306 448,26	kr 0,00
---	-----------------	---------

Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr -156 883,20	kr 0,00
--	----------------	---------

Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 27 787 957,34	kr 0,00
--	------------------	---------

Sum:	kr 31 937 522,00	kr 0,00
------	------------------	---------